



Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar

Dette dokumentet er oppfølging av vedtak i kommunestyret i sak 151/24 den 16. desember 2024:

«Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskule, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnadar både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.»

Utkast frå kommunedirektøren mars 2025

Innhald

1.	Formålet med dokumentet	5
2.	Rammer for arbeidet	5
2.1	Kommunedelplan eller områderegulering	5
2.2	Stadanalyse.....	6
2.3	Knutepunkt	6
2.4	Utviklingskapasitet – Distriktssenteret.....	7
2.5	Utviklingskultur for å skape ein attraktiv region	8
2.5.1	Samhandling mellom by og bygd i Kinn kommune.....	10
2.5.2	«"10-minuttsbyen"»	11
2.5.3	Skule, attraktivitet og folketalsutvikling.....	11
2.5.4	Bu- og flyttemotiv	12
2.6	Klimaverknader av samfunnsplanlegging.....	12
2.7	Trafikktryggingssplanen og sikring av trygg skuleveg,.....	13
3.	Kva gjer eit område attraktivt?	14
3.1	Infrastruktur og tilkopling.....	14
3.2	Arbeidsmoglegheiter	14
3.3	Bustadmarknaden.....	14
3.4	Utdanning og helsevesen	14
3.5	Tryggleik og låg kriminalitet.....	14
3.6	Natur- og fritidstilbod	14
3.7	Kulturelt og sosialt mangfald	14
3.8	Levekostnader	15
3.9	Samfunn og fellesskap.....	15
3.10	Stabilitet og utvikling	15
3.11	Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt	15
4.	Måløy-delen og Florø-delen	16
4.1	Måløy-delen	16
4.1.1	Bustader, dagens situasjon og planlagt i ny arealdel til kommuneplanen	16
4.1.2	Arbeidsplassar og planlagde næringsareal og akvakultur i ny arealdel til kommuneplanen	18
4.1.3	Kollektivtransport.....	18
4.1.4	Viktige tilbod og reiseavstandar	20
4.2	Florø-delen	21
4.2.1	Bustader, dagens situasjon og planlagt i ny arealdel til kommuneplanen	21
4.2.2	Arbeidsplassar og planlagde næringsareal og akvakultur i ny arealdel til kommuneplanen	23

4.2.3	Kollektivtransport	24
4.2.4	Viktige tilbud og reiseavstandar	25
5.	Vurdering av samfunnsmessige verknader for områda med og utan skule	26
5.1	Raudeberg	28
5.1.1	Befolkningsutvikling	28
5.1.2	Planlagt areal for bustader og næring	30
5.1.3	Bustadbygging	30
5.1.4	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	31
5.2	Måløy	35
5.2.1	Befolkningsutvikling	36
5.2.2	Planlagt areal for bustader og næring	37
5.2.3	Bustadbygging	37
5.2.4	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	38
5.3	Skavøypoll	39
5.3.1	Befolkningsutvikling	39
5.3.2	Planlagt areal for bustader og næring	41
5.3.3	Bustadbygging	41
5.3.4	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	42
5.4	Florø sentrum	46
5.4.1	Befolkningsutvikling og bustadbygging, øyane i sør	46
5.4.2	Befolkningsutvikling i Florø	48
5.4.3	Bustadbygging i Florø	48
5.4.4	Planlagt areal for bustader og næring	51
5.4.5	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	51
5.5	Brandsøy	53
5.5.1	Befolkningsutvikling	53
5.5.2	Planlagt areal for bustader og næring	54
5.5.3	Bustadbygging	54
5.5.4	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	55
5.6	Krokane og Torvmyrane	59
5.6.1	Befolkningsutvikling	59
5.6.2	Bustadbygging på Krokane og Torvmyrane	60
5.6.3	Planlagt areal for bustader og næring	61
5.7	Krokane	61
5.7.1	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	61
5.8	Torvmyrane	64
5.8.1	Vurdering av skulekretsen med og utan skule	64
6.	Bruk av skulane utover skuledrift og SFO	68
7.	Kommunen som produsent av grunnskuletenester til barn og unge	70

7.1	Barnet sitt beste.....	72
7.2	Rekruttering og sterke profesjonsfellesskap i skulane.....	77
7.3	Kvalitet og storleik på skular og klassar.....	78
7.3.1	Skulesamanslåing og læringsresultat	79
7.4	Ressursbruk og kvalitet.....	80
7.5	Ressursbruk mot andre kommunar	81
7.5.1	Omstillingsprogram	82
7.6	Ambisjonsnivå for dei ulike skulane.....	83
7.6.1	Kva kjenneteiknar gode skular.....	83
7.6.2	Areal- og funksjonsprogram for skulebygg	84
7.6.3	Detaljering av areal og funksjonsprogram	84
7.6.4	Vurdering av areal- og funksjonar ved skulane	86
7.6.5	Vurdering av kvar skule.....	87
7.6.6	Ambisjonsnivå	88
7.6.7	Behov for tiltak knytt til ambisjonsnivå.....	89
7.7	Alternativvurderingar	90
7.7.1	Generelt om strukturalternativ	90
7.7.2	Føresetnader	92
7.7.3	Etterbruk av skuleområde.....	93
7.7.4	Investeringsbehov for skulebygga og driftseffektar.....	94
7.7.5	Føresetnader for økonomiske vurdering av drift, investering og kapasitet for områder med/utan skule	96
7.8	Områdevurdering i Florø – med og utan skule - strukturalternativ	100
7.8.1	Oversikt	100
7.8.2	Avstandar og trygg skuleveg	100
7.8.3	Konsekvensar av kapasitet – med og utan skule	101
7.8.4	Konsekvensar knytt til uteområde	102
7.9	Områdevurdering i Måløy – med og utan skule - strukturalternativ	104
7.9.1	Oversikt	104
7.9.2	Avstandar og trygg skuleveg	104
7.9.3	Konsekvensar av kapasitet – med og utan skule	105
7.9.4	Konsekvensar knytt til uteområde	106
7.10	Oppsummering av verknader av alternativ	107
8.	Prosess.....	110
9.	Vedlegg Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår.	110

1. Formålet med dokumentet

Oppfylle politisk vedtak og vurdere områdemessige konsekvensar av endringar i skulestruktur som supplement til allereie utgreidde tema.

KOST 151/24: Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

2. Rammer for arbeidet

2.1 Kommunedelplan eller områderegulering

Det vert i vedtak vist til at ein skal utarbeide eit grunnlag for områdeplanar. Dette vert ikkje tolka som kommunedelplan eller områderegulering. Som ein ser av tabellen under er det klare krav og verknader av å sette i gang slike planprosessar.

	Plan- og bygningslov §11-1 Kommunedelplan	Plan- og bygningslov §12-2 Områderegulering
Primære formål	Avklare overordna arealpolitikk og hovudtrekka for arealdisponering for ein del av kommunen.	Områdevisse avklaringar av bruk, vern og utforming av areala og fysiske omgjevnader. Gir gjennomføringsgrunnlag.
Plass i plansystemet	Det er vanlegvis krav om reguleringsplan for heile eller delar av området. Kan for nokon bygge- og anleggstiltak avklare arealbruk direkte for behandling av byggesøknad utan reguleringsplan, jf. § 121.	Kan sette krav om detaljregulering for heile eller delar av planområdet, eller leggst til grunn for utbygging direkte.
Arealformål, omsynssoner og føresegner	Hovudformål og omsynssoner er like som for områderegulering. Færre underformål. Hovudformål kan ikkje kombinerast. Ein kan gje generelle føresegner og føresegner til arealformål, og føresegner og retningslinjer til omsynssoner.	Hovudformål og omsynssoner er like som for kommune(del)plan. Fleire underformål. Hovudformål kan kombinerast. Underformål under eit hovudformål kan kombinerast innbyrdes og med underformål under anna hovudtema dersom ikkje motstrid. Langt større moglegheiter til detaljerte føresegner, m.a. for å ivareta omsyn i omsynssoner i kommunedelplan.
Planprosessen og dei som skal involverast	Varsel om oppstart i avis og elektronisk. Ikkje krav om direkte varslings til eigarar og interessentar innanfor området.	Varsel om oppstart i avis og elektronisk. Dei som er eigarar og interessentar innanfor planområdet skal varslast særskilt.

Planprogram og konsekvensutredning	Krav om planprogram i samsvar med § 41. Krav om konsekvensutredning der det følger av KU-forskrifta.	Krav om planprogram og/eller konsekvensutgreiing der det følgjer av KU-forskrifta.
Kulturminneundersøking	Ikkje undersøkingsplikt etter kulturminneloven § 9 dersom det er krav om etterfølgjande reguleringsplan.	Undersøkingsplikt etter kulturminneloven § 9 .
Saksbehandlingsfrist	Nei.	Ja, sjå sakshandsamingsfristar i pbl. §§ 12-10 og 12-12.
Gjennomføring	Kan gje grunnlag for søknad om tiltak som ikkje har krav om reguleringsplan etter § 12-1. Gir ikkje grunnlag for ekspropriasjon. Gir grunnlag for krav om innløyising (angitt formål) etter fire år.	Gir grunnlag for søknad om tiltak/godkjenning/ løyve om det ikkje er krav om detaljregulering. Gir grunnlag for ekspropriasjon. Gir grunnlag for krav om innløyising (angitt formål og vilkår). Gir moglegheiter for langt betre styring av utforming og kvalitet.
Klagerett	Nei (ikkje enkeltvedtak).	Ja (enkeltvedtak).

Denne utgreiinga er ikkje eit grunnlag for korkje ein kommunedelplan eller ei områderegulering.

2.2 Stadanalyse

Ein stadanalyse er systematisering av kunnskap for å forstå staden sin historie, situasjon og framtidsmoglegheiter.

Byggforsk definerer stadanalyse slik: «Stedsanalyse er en dokumentert utvelgelse, bearbeiding og presentasjon av steds kunnskap som kan etterprøves og diskuteres. Analysen bygger på kunnskap om stedets historiske utvikling. Den gir grunnlag for å forstå stedets forutsetninger og muligheter. Hensikten med en stedsanalyse er å peke på hva som kan bedre stedets kvalitet og gi grunnlag for å diskutere tiltak, og fatte beslutninger.»

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling, definerer stadutvikling slik: «Stadutvikling er sett saman av prosessar og tiltak som påverkar attraktiviteten og veksten til ein stad. Det dreier seg om sentrumsopprusting, etablering av møteplassar, fysisk utforming av offentlege rom, oppmerkinga av turstiar, festivalar og kulturelle hendingar, og tilrettelegging for næringsetablering.»

Denne utgreiinga er ikkje ein fullverdig stadanalyse, men vil seie noko om situasjonen i dag og noko om mogleg utvikling.

2.3 Knutepunkt

[Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet](#) gir føringar for kommunal planlegging:

«**3.1 Samordnet areal- og transportplanlegging:** Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå løsninger som er arealeffektive, begrenser transportbehovet og legger til rette for kollektivtransport, sykkel og gange og fortetting rundt **knutepunkter**. Hovedtyngden av boliger og fritidsboliger, handel, tjenester og arbeidsplass- og besøksintensive virksomheter lokaliseres i tråd med dette.

Nye utbyggingsområder skal lokaliseres med tanke på å minimere transportbehovet, legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange og for å utnytte og ta vare på eksisterende bygninger og infrastruktur der dette finnes.»

Kinn kommune er ikkje ein region med større byar, og kap. 4 i retningslina med mellom anna krav til planlegging rundt kollektivknutepunkt er ikkje gjeldande for Kinn. Kap. 5 gir mellom anna føringar for at kommunen skal legge handel og andre publikumsretta tenestetilbod slik at dei styrkar sentrumsområde, som for oss gjeld Florø og Måløy.

«5. Retningslinjer for regioner med mindre tettsteder og spredtbygde strøk (gjelder kommuner i kategori 2 i vedlegget)

5.1 Stedsutvikling og boligbygging: I mindre tettsteder og spredtbygde områder skal det legges til rette for å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn med tilgang til boliger og tjenester. Planleggingen bør bidra til effektiv arealbruk, å styrke og utvikle sentrumsområder og fellesarenaer. Det må vurderes hvordan bebyggelsesstruktur, enkeltbygninger, gater, kulturmiljø, grøntområder og møteplasser kan ha betydning for stedets identitet og bidra til attraktivitet og et levedyktig lokalsamfunn. Muligheten for å løse flere funksjoner og formål på samme areal eller i samme bygg bør vurderes.

Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud lokaliseres slik at de styrker sentrumsområder og sikrer innbyggerne god tilgjengelighet til lokalt handels- og tjenestetilbud.

I spredtbygde strøk utenfor tettsteder kan det i kommuneplanens arealdel, innenfor rammene av kapittel 3, legges til rette for spredt boligbygging i områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR).»

I Kinn er det ikkje knutepunkt utover Florø og Måløy sentrum. Det er i desse sentrumsområda det er knutepunkt og tettheit med publikumsretta private og offentlege tenestetilbod. Samfunnsdelen støttar opp om desse to knutepunkta.

Lenkjer til relevante nettstadar:

[Veileder for fortettingsanalyser i knutepunktsområder](#)

[GIS-analyser | Mer Bærekraftig Planlegging | Norkart](#)

[Kollektivknutepunkt](#)

I Kinn er det ikkje knutepunkt utover Florø og Måløy sentrum. Det er i desse sentrumsområda det er knutepunkt og tettheit med publikumsretta private og offentlege tenestetilbod. Samfunnsdelen støttar opp om desse to knutepunkta.

2.4 Utviklingskapasitet – Distriktssenteret

Skal ein utvikle lokalsamfunnet, må ein ta i bruk kapasiteten i heile samfunnet.

Distriktssenteret har utarbeidd eit læringshefte om utviklingskapasitet, bygd på kunnskap om lokal samfunnsutvikling frå praktisk arbeid i kommunar og studiar og forskingsrapportar. Dei presenterer utviklingskapasitet som summen av fem element:

- Utviklingsleining
- Utviklingskompetanse
- Utviklingskultur
- Utviklingsøkonomi
- Tidsressursar

Dette er komponentar ein finn både i kommuneorganisasjonen, i næringslivet og blant folk flest. For å få meir ut av ressursane er det viktig å sette saman gode team. Eit godt team kan styrke alle dei fem elementa. Utviklingskapasitet- og kompetanse handlar også om å bruke riktig verktøy til riktig oppgåve.

I distriktskommunar som dei siste åra har hatt god befolknings- og arbeidsplassutvikling, vert mykje av suksessen forklart med eigenskapane til enkeltpersonar og god samhandling på tvers av kommunal, privat og frivillig sektor. Eldsjeler med forandringskraft får tillit og handlingsrom.

[Studiar](#) viser at kulturen i distriktskommunar som lukkast med samfunnsutviklinga vert kjenneteikna av ein kommuneorganisasjon med mykje samarbeid, ekstern merksemd og entreprenørskap. Folk tør å ta sjansar, og leiarane blir sett på som innovatørar med vilje til å ta risiko. Det er tydelege spor av ein offensiv utviklingskultur, og aktørane legg meir vekt på tilpassing og fleksibilitet enn på reglar og kontroll.


Les meir om dette på Distriktssenteret sine heimesider: [Utviklingskapasitet – Distriktssenteret](#).

Distriktssenteret koplar ikkje skule inn som eit element i utviklingskapasiteten til eit lokalsamfunn.

Det er fem element som er viktige:

- Utviklingsleiing
- Utviklingskompetanse
- Utviklingskultur
- Utviklingsøkonomi
- Tidsressursar

2.5 Utviklingskultur for å skape ein attraktiv region



Vestland

«Fylket har en storby med Bergen, med diverse subregionsentra rundt, men har ellers 14 mindre byer (inkl.bygdebyer) som er regionsentre i hver sine BA-regioner.

Foruten ett regionsenter som mellomstor by, dvs. Leirvik i Stord BA, har fylket fem regionsentra som er småbyer, dvs. Odda, Voss, Sogndal, Førde og Florø, og åtte regionsentra som er bygdebyer/småsentra, dvs. Norheimsund, Viksøyri, Storebø, Sunde/Valen, Øvre Årdal, Dale, Sandane og Stryn.»

Til venstre er utsnitt frå Figur 5.1: Mindre byer og byregioner (BA) og hovedkommunikasjoner i Vestland.

Fotnote til figuren: «BA-regionen Kinn er et resultat av ny kommuneinndeling, men med opprinnelig kommuneinndeling er det her tre regionsentre, Florø, Måløy og Nordfjordeid.»

Rapporten [Mindre byer og regionsentre – roller og funksjoner i regioner og regional utvikling](#) er utarbeidd av by- og forskingsinstituttet NIBR på oppdrag for Kommunal- og moderniseringsdepartementet i juni 2021. Utgreiinga rettar søkelyset på mindre byar og regionsenter si rolle og funksjonar i regionar, og for regional utvikling og balanse i Norge. Under følgjer opplysningar og funn frå rapporten.

Dei mindre byregionane sine senterkommunar har gjerne vore "vekstsenter" målt i folketal, sysselsette og arbeidsplassar, medan omlandskommunane har hatt nedgang eller langt svakare utvikling. Sentra har elles hatt viktige regionale funksjonar gjennom å tilby eit

meir variert service-, teneste- og arbeidstilbod innan ein times reisetid for personar og bedrifter i sin BA-region. Senter og omland komplementerer kvarandre demografisk, økonomisk og i tenester samt i stadskvalitetar. Dette påverkar samla sett dei mindre byregionane sin karakter, attraktivitet og utvikling.

Gjennom å sjå nærare på eit utval kommunar finn rapporten eit fellestrekk i strategiar og tiltak for å styrke sentrumsområda gjennom å utvikle møteplassar og sosialt liv, fremje mjuke trafikantar og berekraftig mobilitet, fortetting framfor opne areal m.m.

Småbyregionane har ein viktig funksjon for eit større omland, mellom anna innan handel, tenester og oppleving. Generelt er utfordringane å sikre meir stabil befolkningsutvikling og tilgang på unge vaksne, utvikle fleire attraktive jobbar og kompetansearbeidsplassar, gode bumiljø og levekår for eldre og yngre. I tillegg regionsenterets kompaktheit og urbane kvalite tar samt tilretteleggande rolle for framtidsretta næringsutvikling som tek miljø- og klimaomsyn og samfunnsansvar.

Rapporten peikar på fellestrekk som gir dei mindre byregionane visse fortrinn:

- Småskalafordelar - mindre kø- og trengselkostnader, enklare kvardagsliv, oversiktlege lokalsamfunn, sosial nærheit, mindre opphoping av levekårsproblem, arbeid i mindre verksemder, moglegheit for verdiskaping og nyskaping forankra til lokale ressursar.
- Rurbane bustadskvalitetar – rurale og urbane kvalitetar på same stad.
- Verdiskapingsmiljø med høg kompetanse forankra til lokale/regionane ressursar og fortrinn, men samtidig internasjonalt retta. Innovative miljø.
- Unikheit - særpreg knytt til kulturarv, natur og landskap, historisk næringsutvikling, bebygd miljø m.m.

Slike tilhøve har betydning for utviklingsevna for mindre byregionar framover, og nokre av disse momenta vil kunne styrke attraktiviteten som bu-, arbeids- og besøksstader relativt til storbyregionane. Trendar og drivkrefter knytt til "grønare bølge" og moglegheiter som digitalisering og nye arbeidsmodellar for å frikople kompetansesarbeidsplassar frå storbyregionane, kan forsterke dette.

Regionsentera si rolle for omlandet. For å styrke regionsentera si utviklingsevne, rolle og funksjon, blir følgjande moment lista opp:

- Utvikle kompakte regionsenter med urbane kvalitetar med eit mangfald av service- og tenestetilbod, arbeidsplassar og bustader. Å styrke senterets kvalitet og attraktivitet som bu- og levestad for unge og eldre utan å fortrenge arbeidsplassar og service.
- Skape ei attraktiv fysisk sentrumsutvikling som er menneskevenleg og godt tilpassa stadens historie, kulturarv og natur/miljø.
- Utvikle kompetanse- og innovasjonssenter i regionsenteret. T.d. lågterskel felles kontorlokale for "heime/hyttekontor", eller klynger med fellestenester.
- Samlokalisere statlege og private kompetanseintensive verksemdar.
- Styrke utdannings- og kompetansetilbodet.
- Utvikle kunst- og kultursenter, kulturtilbod og arenaer for fleire grupper.

Samhandling mellom senter og omland. Senter og omland er gjensidig avhengige av kvarandre, og sit på komplementære ressursar og aktiva. Gjennom godt samarbeid mellom senter og omland og aktørar kan fortrinn og moglegheiter i regionen utnyttast betre til nyskaping og auka attraktivitet for ulike grupper busette og besøkande. Utvikling av sterkare regionsenter må vere basert på eit nært samarbeid med omlandet. Sistnemnde må trekkast med i senterutvikling og utforming slik at senteret vert attraktivt også for folk og bedrifter i omlandet – ikkje berre for byens befolkning og næringsliv eller turistar utanfrå. Regionsenteret er avhengige av omlandet, og omlandet av sitt regionsenter.

2.5.1 Samhandling mellom by og bygd i Kinn kommune

Dersom ein ser på funna i NIBR-rapporten i lokalt perspektiv, ser ein også viktigheita av samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd. Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to byane i Kinn og bygdene rundt er, som rapporten seier, avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei m.a. kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Kinn kommune har ein serviceavtale med fem nærbutikkar på øyane i Florøbassenget som er del av Merkursystemet. Målet er å sikre innbyggjarane tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet og mange tilleggstenester, ved at butikkane utfører ei rekkje serviceoppgåver på vegner av kommunen. Kinn kommune har etablert faste møtepunkt, etter modell frå gamle Flora kommune. Då møtest grendelaga og kommunen til dialogmøte med ulike aktuelle tema.

Byane Måløy og Florø og bygdene i Kinn er, som rapporten seier, avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

2.5.2 «"10-minuttsbyen"»

I Kinn er det ikkje knutepunkt utover Florø og Måløy sentrum. Det er i desse sentrumsområda det er knutepunkt og tettheit med publikumsretta private og offentlege tenestetilbod. Samfunnsdelen støttar opp om desse to knutepunkta. Det er her det i hovudsak bør leggest nye tiltak og tenester.

"10-minuttsbyen" er eit omgrep som betyr nærheit mellom bustader, arbeidsplassar og daglege gjeremål. Vi planlegg for utvikling av dette sentrum i 10 minutt gang- og sykkelavstand. Vi må ha færre bygg å drifte og betre vilkår for effektiv tenesteproduksjon og arbeidsplassar i ein 10 minutt reiseavstand i bil frå sentruma våre. Dette er også ein viktig del av arealstrategien. For å unngå å ta nye areal, skal vi konsentrere arealbruken gjennom samlokalisering av funksjonar og tenester.

Skyss/Vestland fylkeskommune brukar omgrepet *mobilitetspunkt* som eit definert geografisk punkt der ein kan ta i bruk ulike transportmidlar eller mobilitetstenester. I Florø har dei peika på Kulturhuset som aktuelt mobilitetspunkt. Dette er grunngitt med at lokalisering ved kulturhuset ligg tett på eit av dei mest brukte haldeplassane i Florø og det ordinære rutetilbodet. Her vil ein også kunne sjå føre seg at ein kan nytte mobilitetstenester vidare inn i sentrumsområdet eller utover Florelandet. (Kjelde: Utkast til mobilitetsplan for Sunnfjordregionen, januar 2024) Det er pr.d.d. ikkje definert mobilitetspunkt i Måløy.

"10-minuttsbyen" må ikkje sjåast på som eit krav om at alle innbyggjarane *skal* bu innan ti minutt frå sentruma. Men omgrepet peikar på fordelene ved å planlegge utbygging av tilbod innan ti minutt frå sentrum både for å forenkle kvardagen til brukarane ved å gje kort veg til daglege gjeremål, og som eit klimatiltak ved at transportbehovet vert mindre. Dette inneber også ei forenkling for dei som må reise inn til sentrum for å nå tenester, at aktuelle tenester ligg innanfor kort avstand.

2.5.3 Skule, attraktivitet og folketalsutvikling

I forskinga kring nedlegging av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø, samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Lag og foreiningar har møte i skulen sine lokale, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17. mai vert arrangert. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman. (Sjå meir i Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen).

Ved ei skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering/tilflytting av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014).

Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling: «*Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli m.fl. 2012). Grunnskole og videregående skole er derimot ikkje blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skulenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.*»

Motstanden mot nedlegging av skular er sterk og vert forklart med eit opplevd trygt og godt læringsmiljø og skulen si rolle i lokalmiljøet. Forskinga viser at skulenedlegging er ein konsekvens av uttynning av lokalsamfunnet og ikkje omvendt.

2.5.4 Bu- og flyttemotiv

Flyttet til Flyttemotiv vektet	Distrikts- regioner	Regionale senter- regioner	By- regioner	Storby- regioner	Oslo- regionen	Landet
Familieforhold	30 %	33 %	35 %	34 %	24 %	31 %
Arbeid	29 %	22 %	23 %	31 %	33 %	27 %
Sted og miljø	17 %	23 %	23 %	13 %	13 %	18 %
Bolig	16 %	18 %	13 %	11 %	19 %	15 %
Utdanning	1 %	1 %	4 %	8 %	9 %	4 %
Helse	7 %	3 %	3 %	2 %	2 %	3 %
Sum	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
N, vektet	97	169	212	134	190	803

Figur 1. Rapport 2014:8 Regionale sentras rolle - bo- og flyttemønster og bo- og flyttemotiv

Lokal tilknytning og arbeid er dei viktigaste grunnane til flytting til distriktsregionar. Sitat frå temaheftet til distriktssenteret «[Drømmen om å bli fleire](#)»: Lokalt tilflyttingsarbeid kan bidra til å rekruttere nye innbyggere, men antallet per soner som blir rekruttert på denne måten er likevel beskjedent sammenlignet med det store antallet flyttinger til et sted.»

Distriktssenteret meiner det er fem suksessfaktorar for å få til eit godt, stabilt og koordinert tilflyttingsarbeid:

1. Analyse av behov
2. Avklar utfordringar
3. Vel konkret målgruppe
4. Behova til tilflyttarane
5. Ver ærleg og målretta

60 prosent av all årleg flytting er vidareflytting. Det kan vere ein del å hente på å få dei som kjem flyttande til å bli buande litt lenger. Kanskje burde tilflyttingsarbeid vore innretta etter budskapet «bli her» i staden for «flytt hit»?

2.6 Klimaverknader av samfunnsplanlegging

Klimaverknader er mellom anna direkte og indirekte klimagassutslepp, energibruk, klimatilpassing og naturleg karbonlagring. Eit fullstendig klimabudsjett er avhengig av fleire faktorar som kan regulerast i ein samfunnsplan. Det kan mellom anna vere krav til klimaambisiøse anskaffingar, sirkulærøkonomi, forbruk av materielle tiltak for å redusere utslepp frå kommunen sine bygg, kjeldesortering, utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar, elektriske bussar, planlagt arealbruk, planlegging av infrastruktur m.m. Gjennom arbeidet med nytt handlingsprogram og økonomiplan kan ein vedta å iverksette og skaffe økonomisk handlingsrom for klimatiltak.

Klimaverknadane av arealbruken er i stor grad påverka når vi tek nye ubygde areal i bruk. Ein områdeplan utan skule vil gje ein positiv effekt ved at allereie utbygd areal kan takast i bruk til andre formål og slik gje ein positiv klimaeffekt ved at vi minskar presset på ubygde område. Endra bruk av bygget kan gje både positive og negative verknader alt etter kva som vert etterbruken. Riving av bygg gir og negative verknader for klimabudsjettet.

Nedlegging av skular vil auke transportbehovet. Auka transportbehov vil ikkje automatisk gje større klimagassutslepp. Elektriske bussar vil t.d. gje positive klimaverknader sjølv om transportlengda vert auka. Ein del elevar vert i dag transportert til skulen med personbilar. Det kan vere ein positiv verknad i klimagassrekneskapen at fleire av desse vil nytte kollektivtransport inn mot den nye skulen og det kan verte ein negativ verknad ved at fleire nyttar personbiltransport. Eit auka samferdsletilbod inn mot Måløy som følgje av ei ev. nedlegging av Raudeberg skule kan gje positive effektar ved at personbiltrafikken kan

Samla sett kan klimagassrekneskapen ved nedlegging av ein skule innebere både positive og negative effektar, og det vil avhenge av korleis bygget og heile samfunnet tilpassar seg endringane. Med bakgrunn i dette vert difor ikkje verknader og kostnader knytt til reduksjon av klimagassutslepp nedskalert til områdenivå.

verte redusert fordi det vert betre offentleg kommunikasjon mellom Nord-Vågsøy og Måløy, men dette er ein høgst usikker faktor som avheng av verdigrunnlaget til den einskilde og korleis vi tilpassar oss nye moglegheiter.

Nedlegging av ein skule medfører eit lågare tal kvadratmeter skulebygg som skal driftast og vedlikehaldast. Dette vil gje ein positiv gevinst i klimagassrekneskapen.

2.7 Trafikktryggingsplanen og sikring av trygg skuleveg,

Eit av satsingsområda til Temaplan: Trafikktrygging, Kinn kommune 2021-2030 er *Trygge skuleveggar og område framfor skulen*

Tiltaka i planen er basert på innspel frå innbyggjarar, Kinn kommune og andre. Det er gjort ei overordna vurdering av alle innspela og deretter laga ei prioritert liste. Tiltaka er fordelt på kommunal-, fylkes- og riksveg og gruppert etter strakstiltak og langsiktige tiltak. Administrasjonen og kommunestyret har eit kontinuerleg arbeid med å prioritere og gjennomføre denne planen. Denne utgreiinga vil difor ikkje utgreie infrastruktur rundt skulane, tilkomst til og frå skulane og tryggleik for barn og unge fordi det er trafikktryggingsplanen som handterer dette temaet. Trafikktryggleiken og infrastrukturen kring ein skule vert ikkje større eller mindre om ein skule vert nedlagt. Betring av infrastruktur og trygg skuleveg er eit kontinuerleg arbeid som er avhengig av politisk prioritering av midlar og samarbeid med fylke og stat. Ved revisjon av Trafikktryggingsplanen kan det settast særleg fokus på skulane, infrastruktur kring dei og trygg skuleveg.

Elevar har rett til skyss både ved lang og farleg skuleveg. Kap. 3.3. i rapporten [«Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår»](#) omtalar temaet både generelt og knytt til Kinn kommune og ev. endring i skulestruktur. Kapittelet inneheld oversikt over auke i skyss som følgje av ev. lokalisering/endring/nedlegging av skular. I kapitlet som evaluerer og vurderer alternative skulestrukturløysingar er «Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn» eit av vurderingspunkta som er utgreidd. (Sjå rapportane [«Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår»](#) og [«VEDLEGG Tilleggsanalysar»](#) utarbeidd av Norconsult.

3. Kva gjer eit område attraktivt?

Kombinasjonen av fleire av faktorar kan gjere eit område attraktivt. Kva som er viktigast, varierer sjølvsagt frå person til person, men områda som lykkast med ein god balanse mellom desse elementa, har ofte høg tiltrekking.

3.1 Infrastruktur og tilkopling

Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.

3.2 Arbeidsmoglegheiter

Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar, vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.

3.3 Bustadmarknaden

Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ei barriere for tilflytting.

3.4 Utdanning og helsevesen

God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.

3.5 Tryggleik og låg kriminalitet

Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.

3.6 Natur- og fritidstilbod

Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønneheit kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.

3.7 Kulturelt og sosialt mangfald

Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ei berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.

3.8 Levekostnader

Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.

3.9 Samfunn og fellesskap

Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.

3.10 Stabilitet og utvikling

Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.


3.11 Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt

Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.

4. Måløy-delen og Florø-delen

4.1 Måløy-delen

4.1.1 Bustader, dagens situasjon og planlagt i ny arealdel til kommuneplanen




Bustader ein viktig faktor for attraktivitet, tilflytting og utvikling. Det er difor viktig å prioritere innsats på dette området for å nå målet i samfunnsdelen: *Vi har ein velfungerande lokal bustadmarknad, med nok bustader som har ulik utforming, storleik og eigarform.*

Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur.

Boligmengde og boligbygging



Gjennomsnitt 25 of 69 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Figuren viser gjennomsnittleg bustadbygging og bustadmengde frå 2019 til 2023 for dei ulike grunnkretsane i Måløy.

Kilde:SSB/Kompas

4.1.2 Arbeidsplassar og planlagde næringsareal og akvakultur i ny arealdel til kommuneplanen



Måløy

- 1 522,23 daa eksisterande næringsareal
- 192,61 daa nytt næringsareal i kommuneplanen

Arbeidsplassar ein viktig faktor for attraktivitet, tilflytting og utvikling. Det er difor viktig å prioritere innsats på dette området for å nå målet i samfunnsdelen: *Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserer og sikrar lokal verdiskaping og utvikling.* Nedlegging av skule har liten innverknad på utvikling i tal arbeidsplassar.

4.1.3 Kollektivtransport

Busstilbodet i Nord-Vågsøy er prega av skuleruter mellom bygdene i Måløy/Deknepollen. Når det er skuleferie, er nokre av skulerutene innstilte, men det går likevel nokre ruter på føremiddag. Etter skuletid på ettermiddagane er busstilbodet fråverande. Frå Måløy og innover Nordfjord er det eit relativt godt rutetilbod for buss med åtte avgangar dagleg. Frå Måløy og til Oppedal går det skuleruter. I

skuleferiane er tilbodet to ruter dagleg på føremiddag. Mellom Måløy og Osmundsvåg går det berre skulerute og dermed ingen bussar i skuleferiane.

Ei endring i skulestrukturen vil sannsynlegvis føre til fleire bussruter mellom bygdene i Nord-Vågsøy og Måløy, utanom i skuleferiane.

Vy/Nordfjordekspressen har ruter mellom Måløy og Oslo to gongar dagleg. Desse rutene kan også nyttast som lokalruter.

Skyss/Vestland fylkeskommune har dei siste åra hatt fokus på at fleksibel bestillingstransport kan bli meir nytta i framtida. Då vil ein i staden for faste ruter kunne bestille transport anten i faste linjer, frå og til faste definerte haldeplassar eller frå dør til dør. Bestillingstransport kan vere aktuelt i område med spreidd geografisk utbygging eller der det er så få busette at det ikkje er grunnlag for fast linjetrafikk. Fordelen vil vere at ein tilpassar seg dei relativt få kundane i staden for å køyre større tomme bussar til faste tider som kanskje ikkje passar kundane. Både Florø og Måløy har i dag ei form for bestillingstransport i servicerutene. I Måløy går den mellom sentrum og Kulatoppen fire dagar i veka. Tilbodet er tilpassa aktivitetar for eldre, og må bestillast på førehand. Det føreligg ikkje konkrete planar for utvida tilbod for bestillingstransport i Måløy frå fylkeskommunen si side, men det er peika på at området kan eigne seg godt for det i framtida. Det er særleg etterlyst betre kommunikasjonar mellom Måløy sentrum og Deknepollen, for alle aldersgrupper.

Når det gjeld båtruter, finst det frå Måløy ei rekkje ruter. Ekspressbåten mellom Selje og Bergen har stopp i Måløy og to avgangar dagleg kvardagar og ein dagleg avgang laurdag og søndag. Kystvegekspressen mellom Selje/Måløy, Smørhamn og Florø har to avgangar dagleg kvardagar og ein dagleg avgang laurdag og søndag. Sildaruta mellom Måløy og Silda har fire avgangar dagleg kvardagar, to laurdag og ein søndag. Kvardagane går også ruta til Vingelven, Hennøystanda, Risøy, Gangsøy og Grindøy. Ferja mellom Måløy, Husevågøy og Oldeide har 13 daglege avgangar kvardagar. 8 av desse går til Husevågøy. I helgane går det noko færre ruter, 10-11 med 5-6 til Husevågøy. Nokre av avgangane til/frå Husevågøy må bestillast på kaia.

I Måløy er det for mange bygder ikkje kollektivtransport utover skuleruter. Det er få avgangar til øyane.

Kollektivtransporten mot Florø er knytt til båtruter.

Kollektivtransport og rutetilbod mot flyplassar er dårleg.

Måløy har bestillingstransport i servicerutene. Den går mellom sentrum og Kulatoppen fire dagar i veka. Tilbodet er tilpassa aktivitetar for eldre, og må bestillast på førehand.

Det er dagleg berre to bussruter mellom Måløy og Oslo.

4.1.4 Viktige tilbud og reiseavstandar




Matvarebutikk	
Legesenter	
Apotek	
Kulturhus	
Idrettshall	
Kulturskule	
HDO	
Andre butikkar	
enn matvare	
Vidaregåande	
Skule	
Ungdomsskule	
Barneskule	
Barnehage	

Mange av dei offentlege og private tenestene får ein i dag berre i Måløy.

4.2 Florø-delen

4.2.1 Bustader, dagens situasjon og planlagt i ny arealdel til kommuneplanen




Bustader ein viktig faktor for attraktivitet, tilflytting og utvikling. Det er difor viktig å prioritere innsats på dette området for å nå målet i samfunnsdelen: *Vi har ein velfungerande lokal bustadmarknad, med nok bustader som har ulik utforming, storleik og eigarform.*

Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur.

Boligmengde og boligbygging


Gjennomsnitt 43 of 69 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Figuren viser gjennomsnittleg bustadbygging og bustadmengde frå 2019 til 2023 for dei ulike grunnkretsane i Florø.

Kilde:SSB/Kompas

4.2.2 Arbeidsplassar og planlagde næringsareal og akvakultur i ny arealdel til kommuneplanen



Konsentrasjonen av arbeidsplassar er størst i Florø sentrum og bynære område.

Ny arealdel: 5197.32 daa eksisterande og 1369.57 daa nytt næringsareal.

Arbeidsplassar ein viktig faktor for attraktivitet, tilflytting og utvikling. Det er difor viktig å prioritere innsats på dette området for å nå målet i samfunnsdelen: *Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserer og sikrar lokal verdiskaping og utvikling.* Nedlegging av skule har liten innverknad på utvikling i tal arbeidsplassar.

4.2.3 Kollektivtransport

I Florø består busstilbudet av både skuleruter og bybuss, pluss regionale bussruter.

Bybussen i Florø går rundturar kvar time frå kl. 07.00 til 22.00 kvardagar. I helgane er tilbudet redusert, særleg søndag.

Mellom Florø og Førde er det eit godt busstilbod som er særleg tilpassa pendlarar mellom byane, med 15 daglege avgangar. Nokre av rutene er skuleruter og går ikkje i skuleferiane. Regulariteten er betre Førde-Florø enn Florø-Førde.


I Florø-regionen finst det serviceskyss i tre ruter: Høydal - Steinhovden - Eikefjord, Steindal - Eikefjord og Sundalen - Norddal - Florø ein dag i veka. Rutene er tilpassa tilbod for eldre og må bestillast på førehand.

I Florø kan det også verte aktuelt med meir fleksibel bestillingstransport i framtida, men det føreligg ikkje konkrete planar frå fylkeskommunen si side.

I Florøbassenget går det båtruter i tre ruteområde: sør, nord og vest. Båtane er bilførande og har fem avgangar dagleg kvardagane. Rutene fungerer også som skuleskyss for elevar på øyane.


I tillegg har ekspressbåten mellom Selje og Bergen stopp i Florø, med to avgangar dagleg kvardagar og ein dagleg avgang laurdag og søndag. Kystvegekspressen mellom Selje/Måløy, Smørhamn og Florø har to avgangar dagleg kvardagar og ein dagleg avgang laurdag og søndag.

Florø lufthamn har fleire ruter som knyter kommunen til Oslo og Bergen.



I Florø er det bybuss med rundturar kvar time på kvardagane (07-22). Det er og serviceskyss frå mellom Florø og fleire bygder. Mellom Florø og Førde er det 15 daglege avgangar. Øyane kring Florø har fem daglege avgangar. Florø lufthamn har fleire daglege avgangar til Bergen og Oslo.

4.2.4 Viktige tilbud og reiseavstandar



Mange av dei offentlege og private tenestene får ein i dag berre i Florø sentrum eller i bynære område «innanfor 10-minutt byen».

5. Vurdering av samfunnsmessige verknader for områda med og utan skule

Det vert gjort ei vurdering av tema knytt til vedtaket i sak KOST 151/24 og andre faktorar knytt til attraktivitet og omstilling. Rangeringa er tufta på ein fargeskala eller +/- metoden med ein skala frå høg grad av positiv verknad til negativ verknad for utvikling av områda. Resultatet vert samanstilt i ein oversiktstabell knytt til kvar skulekrets.

- 2+ Høg grad av positiv verknad
- 1+ Nokså høg grad av positiv verknad
- 0 Om lag ingen verknad
- 1 Liten negativ verknad
- 2 Ein negativ verknad

Vurderingstema er ikkje vekta etter grad av viktighet – og det er til dømes ikkje vektlagt om ei høg grad av verknad på eit tema skal vekte meir enn høg grad av verknad på eit anna vurderingstema. Dette vil i mange tilfelle handle om den einskilde sin ståstad og fokus. Vurderingstema er gitt i kapittel 3.

Dei ulike områda er vurdert med og utan skule og kva verknader det kan ha for samfunnsutviklinga. Nedlegging av ein skule har i mindre grad innverknad på samfunnsutviklinga. For nokre område vil skulen ha ei større rolle som arena for kultur, idrett og bygging av samhald og stadidentitet. Her er det spesielt Brandsøy skule som peikar seg ut fordi grendelaget har avtale med kommunen og nyttar delar av skulen og grendelagdelen aktivt. For både Torvmyrane og Brandsøy er det sambruk mellom skule og barnehage og delar av bygga er nytta til barnehageformål. Desse funksjonsblandingane peikar mot at etterbruken til ev. bustadformål ikkje kan gjennomførast før ein har utgreidd barnehagestrukturen. Uavhengig av kva ein konkluderer med vil dei samfunnsmessige verknadane verte heller små for alle områda.

6. I kapittel 7 Bruk av skulane utover skuledrift og SFO

	Bruk av skulen etter skule- og SFO tid
Skram skole	Det er ikkje er faste aktivitetar på modulskulen. Den vert lånt ut nokre helgar i året til t.d. fotballaget og SIL-turn om dei skal ha treningshelger.
Raudeberg skule	Ingen utover det foreldre arrangerer av elevkveldar og bursdagsfeiring for elevar.
Skavøypoll skule	Skavøypoll skulemusikk, Quilteklubben, allidrett, drill, bursdagsselskap for elevar i skulen og barnehagen, Knøttetrim, FAU, styret i skulemusikken og 17. maikomiteen har aktivitetar i gymsalen. Skavøypoll barnehage brukar skulen og gymsalen i feriar, samt dei har faste tider i gymsalen i løpet av veka.
Florø barneskole	▪ Skulemusikken, øving i den gamle symjehallen ▪ Skyttarlaget, skyting i tilfluktsrom ▪ Noko idrettsaktivitet på kveldstid i skulen sin gymsal ▪ Tilsette kan låne lokale i skulen til bursdagar, konfirmasjonar o.l., men ikkje utleige til andre ▪ Aktivitetar i regi av klassar/klassekontaktar på kveldstid


Krokane skule	▪ Fotballtrening for vaksne kvar veke ▪ Dametrim x3 i veka for vaksne i regi av Krokane Sanitet ▪ Tamilskule på kveldstid x 3 i veka for barn og unge ▪ Tamilske festar, der dei nyttar skulekjøkken og gymsal, dette er for barn og unge ▪ Møter i Hundeklubben for vaksne medlemmer ▪ Aktivitetar på kveldstid for elevar på skulen i regi av FAU, dette er nyoppstarta og er tenkt kvar veke ▪ Opent verkstad på sløyden ein gong i veka for elevar ▪ Barnetrim for born under skulepliktig alder ein gong i veka ▪ Trimgruppe frå asylmottaket kvar veke for vaksne ▪ Klassefestar i regi av foreldre/klassekontaktar ▪ Lefsebaking på kjøkkenet til jul for vaksne ▪ Skulen vert leigd ut til konfirmasjonsfeiringar ▪ Personalet har høve til å arrangere barnebursdag i skulen sine lokale ▪ Skulen arrangerer også kvinnenettverk på skulen om lag 2 gonger i halvåret ▪ Foreldra i 7.klasse og 6.klasse arrangerer Karneval og juletreffest for bydelen årleg
Torvmyrane skule og barnehage	Trimgrupper i nabolaget, barnefotball, barnehandball, 4H samt ulike klassearrangement arrangert av foreldra. Konfirmasjon, dåp, åremålsdagar, bryllaup, korps og seminar.
Brandsøy skule og barnehage	Brandsøykoret, Brandsøy Sanitet, Brandsøy Skyttarlag, Brandsøy Velforening og FAU har jamn aktivitet i lokala i høve det dei engasjerer seg i, i tillegg til årlege tilstellingar som 17. mai-feiring, arrangement med julegrantenning, korfest m.m. Pr. 01.01.2025 er 8 lag/organisasjonar tilslutta Brandsøy Grendahus med A-partar. I tillegg til Brandsøy Grendahus SA sin eigen møteaktivitet. brukar alle desse laga lokala jamt til styre- og årsmøte. Faste aktivitetar kvar veke: - Brandsøykoret har øving fast ein gong i veka. - Brandsøy Skyttarlag har god aktivitet i tilfluktsrommet - Florø Pistolklubb har ofte trening på skytebane etter avtale - FSK Handball trening for born ein kveld i veka. - Ei gruppe godt vaksne har hatt to kveldar i veka til trim. - Florø Skules Musikkorps har musikkøving for dei yngste ein kveld i veka. - Ei gruppe foreldre/føresette har teke initiativ til ein time for veka med "leik og moro" for førskulebarn.
Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skulemusikk, foreldremøte, FAU-møte, bursdagsfeiringar, konfirmasjonsselskap, dåpsselskap, 17. mai-arrangement, Eikefjorddagane, sosiale samankomstar på kveldstid. Planlagt for fasilitering for lag og foreiningar som ønskjer å bruke skulen sine lokale.
Vågsøy ungdomsskule	Kulturskule. Måløy idrettslag har aktivitetar i fleirbrukshallen. Måløy songlag. Den er og i bruk av Måløykollektivet og vaksenopplæringa. Barneselskap arrangert av foreldra
Florø ungdomsskule	M.a. korøving, bursdagsfeiring, konfirmasjonar og liknande arrangement.

Kommunen som produsent av grunnskuletenester til barn og unge Kommunen som produsent av grunnskuletenester til barn og unge er det to delkapittel som viser verknader for grunnskuletenester for ulike strukturalternativ:

- Kap. 7.9 Områdevurdering i Florø – med og utan skule - strukturalternativ
- Kap. 7.10 Områdevurdering i Måløy – med og utan skule - strukturalternativ.

6.1 Raudeberg

Dei samfunnsmessige verknadane med eller utan skule er små.



var Vågsøy og Selje
ett herad som heitte Selje.
Dette heradet vart delt i tre;
Selje, Sør-Vågsøy og Nord-
Vågsøy. I 1964 vart Sør-Vågsøy
og Nord-Vågsøy slått saman til
ein kommune, Vågsøy. I 2020
vart Vågsøy og Flora slått
saman til ein kommune, Kinn. I
folketeljinga frå 1910 var det
1119 personar i Nord-Vågsøy,
noko som er om lag det same
folketalet som i dag.

6.1.1 Befolkningsutvikling

31.12	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Nord - Vågsøy	1 208	1 207	1 217	1 208	1 185	1 159	1 132	1 104	1 102	1 101	1092	-116
- Silda	15	15	15	13	13	16	16	15	15	18	15	0
- Vedvik	160	152	151	147	146	138	140	133	136	131	132	-28
- Halsør	130	129	132	133	136	139	138	143	147	141	143	13
- Røysa	189	194	194	190	185	184	177	169	167	167	167	-22

- Raudeberg	316	315	327	333	312	297	288	281	277	283	274	-42
- Kapellneset	127	133	135	133	124	125	120	115	112	107	111	-16
- Refvik	117	114	114	109	111	111	102	96	96	100	99	-18
- Kvalheim	154	155	149	150	158	149	151	152	152	154	151	-3

Som det går fram av tabellen er den samla reduksjonen på Raudeberg heile 80 personar, noko som er om lag 70 % av heile reduksjonen på Nord-Vågsøy. Nord-Vågsøy har ei sterkt aldrande befolkning.



Figur 2. Kjelde Kompas folketal 31.12.24 og 31.12.2014

Talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-5 år er nær halvert dei siste 10 åra, noko som vil få betydning for talet på elevar i barneskule. Elevgrunnlaget frå Nord-Vågsøy vil verte sterkt redusert. Som det går fram av grunnkretstala er det fleire elevar frå kretsane kring Raudeberg enn det er elevar frå grunnkretsane på Raudeberg. I aldersgruppa 0-5 år er det nokon fleire frå bygdene kring enn det er på Raudeberg. Sjå prognosar fram i tid i rapportane frå Norconsult.

Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024

- Det er 42 færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som kan påverke talet på barn i grunnskulen
- Det er 18 færre barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 100 færre i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 53 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er like mange i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2024: 41
6-12 år i 2024: 83

6.1.2 Planlagt areal for bustader og næring

Ny arealdel, som enno ikkje er vedteken, opnar for bustadbygging både på Raudeberg og bygdene på Nord-Vågsøy. Det er og areal for næringsutvikling.


6.1.3 Bustadbygging

Summer av Bustadmengde per type, utvikling 31.12	Kolonnetikettar									
Radetikettar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Andre bygg enn bustadbygg	6	6	4	2	2	3	2	2	3	3
Blokk	3	3	3	3	3	3	3	3	3	3
Frittliggende einebustad eller våningshus + fritidsbygg	505	505	507	500	501	505	512	517	519	518
Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasje	65	65	65	65	63	59	57	44	44	44
Hus i kjede	30	30	30	30	30	30	30	31	31	31
Totalt	609	609	609	600	599	600	604	597	600	599

Den første grafen under viser den gjennomsnittlege utbygginga av bustadar frå 2019-2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsen samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. Det har vore ei svak utbygging av bustader. Utbygginga er knytt til frittliggende einebustadar eller våningshus.

Boligmengde og boligbygging


Gjennomsnitt 8 of 69 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Kilde:SSB/Kompas

Boligbygging

8 of 69



Kilde:SSB/Kompas

6.1.4 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Skulen ligg fint til på Raudeberg, med utsikt over Ulvesundet og Raudeberg sentrum. Tomta ligg også fint til i kanten av naturområde.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av uteanlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet. Uteanlegget har eit stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for Raudeberg.

Skulebygget med parkeringsområde og tilkomstområde på framsida, vil egne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomta og seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggjast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad.

Skulebygget vert ikkje nytta til aktivitetar utover skuledrift, med unntak av det foreldre arrangerer av elevkveldar og bursdagsfeiring for elevar.


Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule på Raudeberg er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med skule på Raudeberg		Utan barneskule på Raudeberg	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Med eller utan skule manglar Nord-Vågsøy eit godt kollektivtilbod inn mot Måløy der dei fleste private og offentlege tenestetilbod er lokalisert. Raudeberg er med det også dårlegare knytt til infrastruktur og kollektivtransport inn mot ein større arbeidsregion og fritidstilbod.	0	Ved flytting til Skram skole vil alle elevane ha rett til skyss. Det er positive samfunnsverknader ved at Nord-Vågsøy får betre kollektivtransport inn mot Måløy i skuletida.	0 (+ 1)
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar vil tiltrekke seg folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Raudeberg har i dag om lag 14 årsverk knytt til undervisning og skulefritidsordning.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Måløy ligg i kort avstand frå Raudeberg og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning av tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting.	0
Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.	Kretsane har ei svak utvikling i talet på bueiningar og det er mange hus til sals på Raudeberg men elles lite i dei andre grunnkretsane.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur. Skulen kan seljast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til.	0
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser	0	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular	-1

(skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	at mindre skular kan ha noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)		kan ha noko betre kvalitet og trivsel. (Sjå kap. 7.3) Samstundes kan ein skule i nærmiljøet vektast høgare.	
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.	Nord-Vågsøy har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønnheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Måløy-Skavøypollområdet.	0	Det er i dag ingen kultur- og fritidsaktivitetar etter skuletid i skulebygget. Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad. Lokal utvikling av friområdet kan bidra til kulturelt og sosialt mangfald.	0
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0

generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.				
Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.	Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap skjer på andre arenaer som m.a. i Parken kulturhus på Raudeberg og i forsamlingslokala i bygdene. Endring i skulestruktur påverkar ikkje dette.	0	Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap skjer på andre arenaer som m.a. i Parken kulturhus på Raudeberg og i forsamlingslokala i bygdene. Endring i skulestruktur påverkar ikkje dette.	0
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei. Sjå elles i rapporten	0
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad utover at det i skuletida vert betre kollektivtransport inn til det lokale knutepunktet Måløy.	+ 1

6.2 Måløy



Bilde frå 1949


Bilde frå i dag

Bilda viser utviklinga Måløy har hatt med betydeleg endring i infrastruktur med bru, vegar og hamneutbygging. Måløy har utvikla seg til ein by med eit aktivt næringsliv og gater med handel og tenester som m.a. kommunal administrasjon, legesenter, apotek, skular og barnehage.

Sjølv om Måløy ikkje er omfatta av vedtaket om å vurdere området med eller utan skule er det valt å vise dagens situasjon og utviklinga dei siste 10 åra både med omsyn til befolkningsutvikling og bustadbygging.

6.2.1 Befolkningsutvikling

31.12	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Sør - Vågsøy	2 780	2 793	2 789	2 803	2 803	2 773	2 778	2 785	2 751	2 807	2859	79
- Våge - Oppedal	250	249	248	248	247	246	250	251	246	250	252	2
- Holvik	394	380	375	362	350	340	343	353	356	369	359	-35
- Sæternes	158	154	161	164	168	167	166	157	143	151	156	-2
- Ellingskaret	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
- Skram Øvre	233	229	220	221	212	200	213	213	216	229	249	16
- Skram Nedre	356	360	351	343	339	335	333	337	323	308	338	-18
- Midtgård Søndre	365	375	351	382	392	384	380	394	385	396	406	41
- Midtgård Nordre	458	466	488	471	488	482	482	480	477	480	468	10
- Gotteberg	516	531	549	572	568	582	578	563	569	591	601	85
- Øyane i Sør	50	49	46	40	39	37	33	37	36	33	30	-20



Som det går fram av tabellen er den samla folkeveksten på 79 personar.

Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024

- Det er 51 færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som kan påvirke talet på barn i grunnskulen
- Det er ingen endring i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 8 færre i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 106 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er 9 færre i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2023: 144


6-12 år i 2024: 243

6.2.2 Planlagt areal for bustader og næring

Ny arealdel, som enno ikkje er vedteken, opnar for bustadbygging. Det er og areal for næringsutvikling.

6.2.3 Bustadbygging

Summer av Bustadmengde per type, utvikling	Kolonnetikettar									
Radetikettar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Andre bygg enn bustadbygg	93	93	97	99	99	99	99	106	106	109
Blokk	46	46	47	73	73	73	74	79	79	81
Frittliggende einebustad eller våningshus + fritidsbygg	836	839	840	841	840	838	852	849	849	853
Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasje	137	137	136	135	135	135	137	136	138	133
Hus i kjede	83	85	78	77	78	78	77	79	78	78
Totalt	1 195	1 200	1 198	1 225	1 225	1 223	1 239	1 249	1 250	1 254




Den første grafen viser den gjennomsnittlige utbygginga av bustadar frå 2019–2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsene samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. Det har vore ei høgare utbygging av

bustader dei siste 5 åra samanlikna med 5 år før 2019. Utbygginga er i stor grad knytt til fleirmannbustader og ein mindre andel er frittliggande bustader eller våningshus.

6.2.4 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Vedtaket omfattar ikkje Måløy og det er difor ikkje gjort vurderingar av skulekretsen med og utan skule.

6.3 Skavøypoll




Bilda viser at det har skjedd ei stor endring i området sidan 1949. Området er endra frå å ha karakter av gardar med våningshus til eit område med stor næringsaktivitet, handelsverksemd og bustadfelt. Området har og fleire offentlege tenester som institusjon, omsorgsbustader, barneskule, kulturhus, idrettshall og vidaregåande skule. Barneskulen vart bygd i 1958 og har seinare vore bygd ut fleire gonger.

6.3.1 Befolkningsutvikling

Kretsar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Samla	1 519	1 479	1 475	1 446	1 449	1 448	1 435	1 457	1 478	1 503	1492	-27
- Ulvesund	143	144	135	130	129	128	122	120	127	129	135	-8
- Degnepoll	267	270	264	252	248	243	259	262	270	273	281	14
- Kulen	294	283	280	288	277	276	265	265	265	260	258	-36
- Blålid	245	231	225	215	234	245	238	258	265	269	259	14
- Skavøypoll	411	404	417	416	420	415	411	405	411	424	424	13
- Sørpoll	12	12	12	12	12	9	9	9	9	9	7	-5
- Almenning	147	135	142	133	129	132	131	138	131	139	128	-19

Folketalet i grunnkretsane som høyrer inn under Skavøypoll skulekrets har lagt om lag på 1500 i heile den siste 10-årsperioden. Nokre grunnkretsar har hatt vekst medan nokre har ein nedgang.



Figur 3. Kjelde Kompas folketal 31.12.24 og 31.12.2024

Talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-5 år har sidan 2015 minka med 35 barn. Det har vert ein jamn nedgang, med unntak av dei to siste åra der det har vore ei lita auke. Det er stor skilnad mellom dei ulike grunnkretsane. Nokre kretsar har hatt ein mindre tilbakegang medan Skavøypoll krets har nær halvert talet på barn i denne aldersgruppa.

Fødselstala varierer men ligg på eit lågare nivå i slutten av 10-årsperioden noko som kan påverke talet på barn i skulekretsen.

Sjå prognosar fram i tid i rapportane frå Norconsult.

Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024

- Det er 35 færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som kan påverke talet på barn i grunnskulen
- Det er 24 færre barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 5 fleire i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 11 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er 3 fleire i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2023: 85

6-12 år i 2023: 130

6.3.2 Planlagt areal for bustader og næring


Ny arealdel, som enno ikkje er vedteken, opnar for bustadbygging. Det er og areal for næringsutvikling.

6.3.3 Bustadbygging

Summer av Bustadmengde per type, utvikling Radetikettar	Kolonnetikettar									
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Andre bygg enn bustadbygg	30	30	30	31	31	31	31	32	33	8
Blokk	12	12	12	12	12	12	12	12	23	29
Frittliggende einebustad eller våningshus + fritidsbygg	523	536	536	521	525	527	531	528	530	532
Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasje	33	33	33	32	32	30	30	34	29	28
Hus i kjede	56	56	56	62	64	65	66	68	68	67
Totalt	654	667	667	658	664	665	670	674	683	664

Boligmengde og boligbygging


Gjennomsnitt 7 of 69 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Kilde:SSB/Kompas

Boligbygging

7 of 69



Kilde:SSB/Kompas

Den første grafen viser den gjennomsnittlege utbygginga av bustadar frå 2019-2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsene samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. Det har vore ei høgare utbygging av

bustader dei siste 5 åra samanlikna med 5 år før 2019. Utbygginga er i stor grad knytt til fleirmannbustader og ein mindre andel er frittliggande bustader eller våningshus.

6.3.4 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Skulen ligg fint og sentralt til i Skavøypoll. Tomta har ein flott naturleikeplass og kort avstand til Deknepollvatnet og fjæra i Skavøypoll.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av uteanlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet. Uteanlegget har eit stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for Skavøypoll. Det er imidlertid kort avstand til kultur- og idrettsområdet på Tennebø.

Skulebygget kan eigne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomta og seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggjast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad.

Skulebygget vert til ei viss grad nytta til aktivitetar utover skuledrift, men avstanden til kultur- og idrettsflater på Tennebø er kort.

Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule i Skavøypoll er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med barneskule i Skavøypoll		Utan barneskule i Skavøypoll	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Området har relativt god infrastruktur med veg og kollektivtransport. Som for resten av den lokale bu- og arbeidsmarknadssona rundt Måløy er det reiseavstandar til større byar og flyplassar og relativt få kollektivavgangar som knyter området til resten av Noreg og omverda.	0	Skram skole har ikkje kapasitet til å ta imot elevane frå Skavøypoll skule, men ved auka utbygging kan elevane flyttast til Skram. Dersom Skavøypoll skule vert nedlagt har Raudeberg skule kapasitet til å ta imot elevane. Då vil alle elevane måtte skyssast i buss forbi Skram skole. Alternativet kan gje betre kollektivtilbod.	0
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Skavøypoll skule har om lag 22 årsverk knytt til undervisning og skulefritidsordning.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Måløy ligg i kort avstand frå Skavøypoll og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning av tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Størstedelen av innbyggjarane i skulekretsen har kort avstand til Måløy og Raudeberg og er ein del av eit lokalt felles bu- og arbeidsområde med ein variasjon av arbeidsmoglegheiter.	0

Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.	Grunnkretsane har ei svak utvikling i talet på bueiningar og det er mange hus til sals på Kulen men elles lite i dei andre grunnkretsane.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur. Skulen kan selvast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til.	0
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at mindre skular kan ha noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)	0	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular kan ha noko betre kvalitet og trivsel. (Sjå kap. 7.3) Samstundes kan ein skule i nærmiljøet vektast høgare. Området har vidaregåande skule og fagskule,, noko som er positivt i høve god tilgang på utdanningsinstitusjonar, og det er viktig å utvikle og behalde dette tilbodet. Jf. Opplæringslova § 2-6 Kva grunnskule eleven skal gå på, seier at elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skuleplass skal kommunen leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule. I forarbeida til den nye opplæringslova frå 01.08.2024 vert det framheva at det i ordet nærmiljø ikkje berre ligg avstand men òg tilknytning. Regelen inneber at barn som bur i det same området, skal få gå saman på skulen, og at denne skulen skal vere ein skule i det som er det naturlege nærmiljøet. Det er Skram skole som ligg nærast, og eit alternativ er å utvide Skram skole.	-1
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg	Området har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0

kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.				
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønneheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Måløy-Skavøypollområdet.	0	Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter eventuell skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	I dag er det nokre aktivitetar etter skuletid, men dei kunne like gjerne vore lagt til Nordfjordhallen og gitt like positivt kulturelt og sosialt mangfald.	0	Liten innverknad. Lokal utvikling av uteareala kan bidra til kulturelt og sosialt mangfald.	0
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0


Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.	Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap skjer i stor grad i Samfunnshallen og Nordfjordhallen og i forsamlingslokala i bygdene.	0	Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap skjer i stor grad i Samfunnshallen og Nordfjordhallen og i forsamlingslokala i bygdene. Nokre lag og organisasjonar nyttar gymsalen (skulemusikk, Quilteklubben, allidrett, drill, Knøttetrim). Skavøypoll barnehage brukar skulen og gymsalen i feriar, samt dei har faste tider i gymsalen i løpet av veka. Nedlegging av skulen kan føre til at fellesskapskjensla vert svekka. Auka reisetid kan føre til mindre tid til leik og fritidsaktivitetar.	-1
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei.	0
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad utover at det i skuletida vert betre kollektivtransport inn til det lokale knutepunktet Måløy.	+1

6.4 Florø sentrum

6.4.1 Befolkningsutvikling og bustadbygging, øyane i sør

31.des	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Kinn	472	461	450	443	422	415	401	396	393	400	399	-73
- Stavøy	44	42	44	44	44	43	48	48	48	49	47	3
- Svanøy	67	72	67	68	60	62	53	57	55	55	58	-9
- Askrova	92	85	84	82	83	88	83	85	89	95	94	2
- Kinn - Reksta	106	105	99	95	93	82	81	81	79	75	75	-31
- Ånnøy - Nekkøy - Skorpa	36	34	34	35	29	32	37	34	34	36	34	-2
- Batalden	83	78	75	73	69	65	60	57	59	61	58	-25
- Hovden - Barekstad	35	33	35	34	35	34	30	25	20	20	25	-10
- Nærøyane	9	12	12	12	9	9	9	9	9	9	8	-1

Summar av Bustadmengde per type, utvikling (31.12)											
Radetikettar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	
Andre bygg enn bustadbygg	3	3	2	2	5	4	4	4	2	2	
Frittliggende einebustad eller våningshus + fritidsbygg	298	299	301	300	304	304	321	315	320	324	
Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasje	10	10	11	11	11	11	11	11	11	11	
Hus i kjede	9	9	9	9	9	9	12	12	12	12	
Totalt	320	321	323	322	329	328	348	342	345	349	



Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024

- Det er 4 færre barn i aldersgruppa 0-5 år
- Det er 3 fleire barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 110 færre i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 51 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er 3 fleire i aldersgruppa 80 år og eldre

6.4.2 Befolkningsutvikling i Florø

31.des	2 014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Del av Florø skulekrets	5 771	5 831	5 841	5 815	5 767	5 738	5 742	5 794	5 857	5 855	5 915	144
- Sentrum	543	552	586	611	605	570	565	571	592	604	594	51
- Hesteneset	262	268	276	295	275	289	290	306	336	324	329	67
- Tua Vest	271	273	263	263	266	298	293	297	301	296	298	27
- Tua	277	282	272	255	263	256	261	253	258	273	278	1
- Stranda	267	269	273	265	264	273	267	269	288	284	294	27
- Havreneset Nord	952	965	959	961	946	923	909	931	937	929	959	7
- Havreneset Sør	726	711	702	688	659	653	637	636	639	637	656	-70
- Gunhildvågen	113	118	103	103	104	106	104	102	94	94	89	-24
- Vågavegen	438	452	443	458	471	476	473	480	476	479	465	27
- Storåsen Vest	231	242	252	250	238	241	240	280	278	268	269	38
- Storåsen Øst	335	328	330	321	331	324	343	337	328	354	365	30
- Soldalen - Sørstrand	773	782	806	803	806	810	834	803	801	788	787	14
- Nyland - Kleiva	583	589	576	542	539	519	526	529	529	525	532	-51

6.4.3 Bustadbygging i Florø

Summar av Bustadmengde per type, utvikling (31.12)											
Radetikettar	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2023
Andre bygg enn bustadbygg	152	154	155	155	157	212	225	220	215	218	
Blokk	268	268	291	311	317	330	327	393	399	399	
Frittliggande einebustad eller våningshus + fritidsbygg	1211	1219	1221	1230	1231	1229	1233	1227	1229	1229	
Horisontaldelt tomannsbustad eller annet bustadbygg med mindre enn 3 etasje	222	235	238	240	241	249	250	252	252	256	
Hus i kjede	431	431	434	436	436	435	430	435	436	438	
Totalt	2284	2307	2339	2372	2382	2455	2465	2527	2531	2540	

Boligmengde og boligbygging


Gjennomsnitt 13 of 69 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Kilde:SSB/Kompas

Boligbygging

13 of 69



Kilde:SSB/Kompas

Den første grafen viser den gjennomsnittlige utbygginga av bustadar frå 2019-2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsen samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. 3 av desse åra har hatt ei høg grad av utbygging av blokk. Utbygginga er i mindre grad knytt til frittliggande bustader eller våningshus.


- Det er 83 færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som vil påvirke talet på barn i grunnskulen
- Det er 109 færre barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 95 fleire i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 173 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er 11 fleire i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2024: 324

6-12 år i 2024: 442

0-5 år (2014) 31.12

6-12 år (2014) 31.12



6.4.4 Planlagt areal for bustader og næring

Kommunedelplan Florelandet Brandsøy opnar for bustadbygging og det er areal for næringsutvikling i Florø.

6.4.5 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Florø barneskule ligg sentralt lokalisert i Florø by. Skulen har kort avstand til andre kultur- og idrettsflater i byen. Uteområdet er heller lite, men godt tilrettelagt for dei yngste elevane. Uteområdet kan utvidast både mot aust og vest. Dei generelle læringsareala består av 25 klasserom og 8 grupperom. Florø barneskule har små klasserom, og få grupperom som kan verte nytta til støtteareal. Skulen har skulekjøkken og rom for kunst og handverk, men manglar eigne rom for musikk og naturfag. Skulen har for lite kroppsøvingsskapasitet i eksisterande gymsal.

Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule i Florø er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med barneskule i Florø		Utan barneskule i Florø	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Området har relativt god infrastruktur med veg og kollektivtransport. Som for resten av den lokale bu- og arbeidsmarknadssona rundt Florø er det reiseavstandar til større byar og større flyplassar. Florø lufthamn knyter området til Bergen og Oslo.	0	Det er over 400 elevar på barneskulen i Florø. 23 av elevane i 1. klasse har skuleskyss i dag og 17 i 2.-10. steg, og dette talet er venta auka dersom det vert bygd ny barneskule på Krokane. Nedlegging av skulen vil truleg ikkje ha innverknad på kollektivtransporten i Florø.	0
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar, vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Florø barneskule har om lag 72 årsverk knytt til skule og SFO.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Florø barneskule ligg i kort avstand frå dei andre skulane på Florelandet og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning i tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Største delen av innbyggjarane i skulekretsen har kort avstand til Florø og er ein del av eit lokalt felles bu- og arbeidsområde med ein variasjon av arbeidsmoglegheiter.	0
Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som	Området har dei siste åra hatt ei god utvikling i talet på nybygde bustader.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom	0

høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.			flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur. Skulen kan seljast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til.	
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at mindre skular kan ha noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)	+ 1	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular kan ha noko betre kvalitet og trivsel. (Sjå kap. 7.3) 400 barn i Florø får lenger skuleveg.	-2
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.	Området har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønnheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Florelandet området. Skulen ligg i sentrum og med kort avstand til kultur- og idrettsflater.	0	Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter eventuell skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	Skulen vert nytta av skulemusikken, skyttarlaget og det er idrettsaktivitet på kveldstid. Tilsette kan låne lokale i skulen til bursdagar, konfirmasjonar o.l. Aktivitestar i regi av klassar/ klassekontaktar på kveldstid	0	Bygget har i dag ein lokal funksjon for nokre aktivitetar for barn og vaksne. For mange vil det verte ein lengre (lang) avstand til t.d. Krokane. Aktivitetane kan ev. leggst til andre kultur- og idrettsflater i Florø. Dei fleste kulturtilbod, idrettstilbod og serveringsstadar er lokalisert til Florø by.	-1
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0
Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige	Skulen er til ei viss grad ein faktor for sosialt samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap	+ 1	Nedlegging av skulen kan føre til at fellesskapskjensla i noko grad kan verte svekka.	-1

organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.				
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei.	0
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad.	0

6.5 Brandsøy

6.5.1 Befolkningsutvikling


Kommunedel (31.12)	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2024-2014
Brandsøy skulekrets	952	962	977	977	977	965	972	973	977	998	1019	67
- Nordalsfjorden	182	180	184	178	180	163	152	150	144	144	144	-38
- Haukå – Årebrot	44	48	45	43	41	38	33	29	29	30	30	-14
- Brandsøy	461	481	493	500	499	503	526	527	535	563	578	117
- Grønenga – Sundet	190	186	184	194	194	189	195	197	204	197	207	17
- Bjørnset	75	67	71	62	63	72	66	70	65	64	60	-15

Som det går fram av tabellen har skulekretsen ein auke på 67 personar. Skulekretsen har litt varierende fødselstal men over ein 10-årsperiode er det auke samla sett. Det er stabile tal på personar i arbeidsfør alder og ei svak aldring.

Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024

- Det er 8 færre barn i aldersgruppa 0-5 år
- Det er 12 fleire barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 55 fleire i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 36 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er ingen endring i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2023: 78
6-12 år i 2023: 101



6.5.2 Planlagt areal for bustader og næring


Kommunedelplan Florelandet Brandsøy opnar for bustadbygging og det er areal for næringsutvikling i Brandsøy. Arealdelen til kommuneplanen opnar for bustadbygging, både i Brandsøy og i dei andre mindre bygdene som høyrer til skulekretsen.

6.5.3 Bustadbygging


Summar av Bustadmengde per type, utvikling										
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Andre bygg enn bustadbygg	5	5	5	6	6	5	5	5	5	5
Frittliggande einbustad eller våningshus + fritidsbygg	352	356	355	356	354	357	365	367	371	377
Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasje	11	13	16	11	11	15	15	13	12	12
Hus i kjede	38	38	39	52	52	59	62	62	63	66
Totalt	406	412	415	425	423	436	447	447	451	460

Boligmengde og boligbygging

Gjennomsnitt Bjørnset, Brandsøy, Grønenga - Sundet, Haukå - Årebrot, Nordalsfjorden 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Kilde:SSB/Kompos



Kilde:SSB/Kompos

Den første grafen viser den gjennomsnittlige utbygginga av bustadar frå 2019-2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsen samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. Det er spesielt grunnkretsen Brandsøy som har ei høg utbygging samanlikna med dei andre grunnkretsane i skulekretsen. Utbygginga er i stor grad knytt til einebustader og hus i kjede.

6.5.4 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Skulen ligg fint og sentralt til for bustadane i området. Tomta har eit flott uteområde og ligg i direkte kontakt med naturområde.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av uteanlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet (delar av området er finansiert med spelemidler og bruken kan ikkje endrast før om mange år utan å finansiere denne delen). Uteanlegget har eit stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for bustadane i området. Det er kort avstand til Florø med eit større og breiare kulturelt og sosialt mangfald.

Skulebygget kan eigne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomte og

seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggjast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda og barnehagen blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad. Delar av bygget er nytta til barnehage. Funksjonen som barnehage må vidare utgreiast dersom ein vel å legge ned Brandsøy skule.

Bygget har i dag ein viktig funksjon for eit lokalt kulturelt og sosialt mangfald med mange aktivitetar både for barn og vaksne. Når ein skal vurdere etterbruken av bygget kan funksjonen som grendehus finnast ei løysing for.

Før ein vurderer sal må avtalen med Brandsøy grendalag vurderast på nytt. Dette er ein nyleg inngått avtale og det vert behov for erstatningsareal for grendehusfunksjonen.

Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule i Brandsøy er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med barneskule i Brandsøy		Utan barneskule i Brandsøy	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Området har relativt god infrastruktur med veg og kollektivtransport. Som for resten av den lokale bu- og arbeidsmarknadssona rundt Florø er det reiseavstandar til større byar og større flyplassar. Florø lufthamn knyter området til Bergen og Oslo.	0	Brandsøy skule kan innlemmast i anten Torvmyrane, Krokane eller Florø barneskule. For alle desse alternativa er det aktuelt med skuleskyss. Etablering av skuleskyss vil truleg ha liten påverknad på kollektivtransporten i Florø.	0
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar, vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Brandsøy skule har om lag 16 årsverk knytt til skule og SFO.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Brandsøy ligg i kort avstand frå dei andre skulane på Florelandet og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning av tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Største delen av innbyggjarane i skulekretsen har kort avstand til Florø og er ein del av eit lokalt felles bu- og arbeidsområde med ein variasjon av arbeidsmoglegheiter.	0
Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god	Området har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med fleire og meir varierte bustadtilbod.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg	0

bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.			heller situasjonen der dei bur. Skulen kan seljast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til. Før ein vurderer sal må avtalen med Brandsøy grendalag vurderast på nytt. Dette er ein nyleg inngått avtale og det vert behov for erstatningsareal for grendehusfunksjonen.	
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at mindre skular kan ha noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)	0	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular kan ha noko betre kvalitet og trivsel. (Sjå kap. 7.3) Samstundes kan ein skule i nærmiljøet vektast høgare. Skuledelen kan byggast om og inkludere barna frå Torvmyrane.	-1
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.	Området har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønneheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Florelandet-området.	0	Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter eventuell skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar,	Brandsøykoret, Brandsøy Sanitet, Brandsøy Skyttarlag, Brandsøy Velforening og FAU har jamn aktivitet i lokala i høve det dei engasjerer seg i, i tillegg til årlege tilstellingar som 17. mai-feiring, arrangement med julegrantenning, korfest m.m.	+1	Bygget har i dag ein viktig funksjon for eit lokalt kulturelt og sosialt mangfald med mange aktivitetar både for barn og vaksne. Når ein skal vurdere etterbruken av bygget kan funksjonen som grendehus	-2

restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	Pr. 01.01.2025 er 8 lag/organisasjonar tilslutta Brandsøy Grendahus med A-partar. I tillegg til Brandsøy Grendahus SA sin eigen møteaktivitet. brukar alle desse laga lokala jamt til styre- og årsmøte. Faste aktivitetar kvar veke: - Brandsøykoret har øving fast ein gong i veka. - Brandsøy Skyttarlag har god aktivitet i tilfluktsrommet - Florø Pistolklubb har ofte trening på skytebana etter avtale - FSK Handball trening for born ein kveld i veka. - Ei gruppe godt vaksne har hatt to kveldar i veka til trim. - Florø Skules Musikkorps har musikkøving for dei yngste ein kveld i veka. - Ei gruppe foreldre/føresette har teke initiativ til ein time for veka med "leik og moro" for førskulebarn.		finnast ei løysing for. Det er kort avstand til Florø med eit større og breiare kulturelt og sosialt mangfald. Brandsøy er ein del av Florlandet og dei fleste kulturtilbod, idrettstilbod og serveringsstadar er lokalisert til Florø by. Før ein vurderer sal må avtalen med Brandsøy grendalag vurderast på nytt. Dette er ein nyleg inngått avtale og det vert behov for erstatningsareal for grendehusfunksjonen.	
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0
Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som	Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap skjer i stor grad i skulen med areal som har grendehusfunksjon.	+ 1	Nedlegging av skulen kan føre til at fellesskapskjensla vert svekka. Ved vurdering av etterbruk kan det vurderast løysingar som sikrar grendehusfunksjonen.	-1


ønsker eit nært og støttande miljø.				
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei.	0
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad.	0

6.6 Krokane og Torvmyrane

6.6.1 Befolkningsutvikling

For desse skulekretsane er det delar av grunnkretsar som høyrer til Krokane og Torvmyrane. Befolkningstala er difor presentert samla. Det er gjennomført grensejustering av grunnkretsane Havikbotn og Krokane-Solheim og vi får eit sprang i befolkningstala for 2024. Heile Botnaholten er frå 2024 innanfor grunnkretsen Krokane-Solheim.

31.12.	2 014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
- Havikbotn	1 191	1 161	1 164	1 157	1 115	1 125	1 118	1 126	1 148	1 191	847
- Nybø - Ragnarrud	796	785	797	805	793	807	805	785	765	769	1013
- Krokane - Solheim	1 158	1 220	1 265	1 293	1 291	1 291	1 291	1 280	1 284	1 315	1386
Totalt	3 145	3 166	3 226	3 255	3 199	3 223	3 214	3 191	3 197	3 275	3246



Endring frå 31.12.2014 til 31.12.2024. For 2024 er det endring i kretsgrensene slik at området mellom oransje stipla line og grensa som er markert med svart er lagt til Krokane-Solheim, noko som gir sprang i barnetala på grunnkretsnivå.

- Det er 32 færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som vil påverke talet på barn i grunnskulen
- Det er 45 færre barn i aldersgruppa 6-12 år
- Det er 10 fleire i aldersgruppa 19-66 år
- Det er 195 fleire i aldersgruppa 67-79 år
- Det er 22 fleire i aldersgruppa 80 år og eldre

0-5 år i 2023: 216


6-12 år i 2023: 283

6.6.2 Bustadbygging på Krokane og Torvmyrane

Summar av Bustadmengde per type, utvikling											
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	
Andre bygg enn bustadbygg	3	11	11	11	11	11	11	5	14	16	
Blokk	39	87	87	87	87	87	87	87	87	87	
Frittliggende einebustad eller våningshus + fritidsbygg	780	787	791	796	797	800	803	805	811	807	
Horisontaldelt tomannsbustad eller annet bustadbygg med mindre enn 3 etasje	86	86	103	101	109	112	111	109	113	116	
Hus i kjede	361	362	366	369	373	375	375	377	378	381	
Totalt	1269	1333	1358	1364	1377	1385	1387	1383	1403	1407	

Boligmengde og boligbygging


Gjennomsnitt Havikbotn, Krokane - Solheim, Nybø - Ragnarrud 2019, 2020, 2021, 2022, 2023



Kilde:SSB/Kompos

Boligbygging

Havikbotn, Krokane - Solheim, Nybø - Ragnarrud



Kilde:SSB/Kompos

Den første grafen viser den gjennomsnittlige utbygginga av bustadar frå 2019-2023 i dei ulike grunnkretsane i skulekretsen samt gjennomsnittleg bustadmengde. Den andre grafen viser bustadbygginga fordelt på dei ulike åra. Det er spesielt grunnkretsen Krokane-Solheim som har ei høg utbygging samanlikna med dei andre grunnkretsane i skulekretsen. Utbygginga er i stor grad knytt til hus i kjede og horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn 3 etasjar.

6.6.3 Planlagt areal for bustader og næring

Kommunedelplan Florelandet Brandsøy opnar for bustadbygging og det er areal for næringsutvikling på Krokane.

6.7 Krokane

6.7.1 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Krokane skule ligg sentralt på Krokane. Skulebygget er veldig nedslite og har avgrensa verdi som bygg. Området der skulen ligg, er innanfor eit flott grøntområde i eit elles ganske tett utbygd område. Det grønne preget på området bør uansett bestå, ved ei avvikling av skuledrifta. Dette er eit verdifullt område for heile bydelen og barnehagen.

Området er såpass stort, at det i tillegg til å ta i vare mykje grønt og aktivitetsområde for leik og idrett, også kan vere rom for ein del bustader. I kor stort omfang og på kva måte kan berre avgjerast gjennom ein planprosess. Ei slik planlegging bør starte med ein moglegheitsstudie, gjerne utforma som ein konkurranse, der ein får fram kvalitetar og ulike moglegheiter for utvikling av området. Innbyggjarane i nærområdet må delta i slike prosessar. Etter gjennomførte planprosessar, kan det vere mogleg å skilje ut og selje delar av området. Medan dei grøne aktivitetsområda framleis bør vere i kommunalt eige.

Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule på Krokane er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med barneskule på Krokane		Utan barneskule på Krokane	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Området har relativt god infrastruktur med veg og kollektivtransport. Som for resten av den lokale bu- og arbeidsmarknadssona rundt Florø er det reiseavstandar til større byar og større flyplassar. Florø lufthamn knyter området til Bergen og Oslo.	0	Krokane skule kan innlemmast i Florø barneskole eller delar av skulen kan innlemmast i Torvmyrane skule. Alternativa medfører ikkje behov for vesentleg auke i skuleskyss. Nedlegging av Krokane skule vil truleg ikkje ha innverknad på kollektivtransporten i Florø.	0
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar, vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Krokane skule har om lag 31 årsverk knytt til skule og SFO.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Krokane skule ligg i kort avstand frå dei andre skulane på Florelandet og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning av tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Største delen av innbyggjarane i skulekretsen har kort avstand til Florø og er ein del av eit lokalt felles bu- og arbeidsområde med ein variasjon av arbeidsmoglegheiter.	0
Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.	Området har dei siste åra hatt ei svak utvikling i talet på nybygde bustader.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur. Skulen kan seljast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til.	0
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at mindre skular kan ha	0	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular kan ha noko betre kvalitet og	-1

mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)		trivsel. (Sjå kap. 7.3) Samstundes kan ein skule i nærmiljøet vektast høgare.	
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.	Området har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønneheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Florelandet-området.	0	Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter eventuell skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	Aktivitatar for vaksne: fotballtrening, dametrim, tamilske, tamilske festar, hundeklubben, trimgruppe frå asylmottaket, lefsebaking, konfirmasjonsfeiring, kvinnenettverk, årleg karneval og juletefest. Aktivitatar for barn: open verkstad på sløyden, barnetrim (under skulealder), barnebursdagar for personalet sine born, årleg karneval og juletefest, tamilske festar Aktivitatar for elevar på skulen i regi av FAU, dette er nyoppstarta og er tenkt kvar veke	0	Bygget har i dag ein lokal funksjon for nokre aktivitatar for barn og vaksne. Det er grei gangavstand til både Florø barneskule og Torvmyrane skule og dei same aktivitetane kan leggst der utan at det nemneverdig endrar det kulturelle og sosiale mangfaldet. Krokane er ein del av Florlandet og dei fleste kulturtilbod, idrettstilbod og serveringsstadar er lokalisert til Florø by.	-1
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0
Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område	Skulen er til ei viss grad ein faktor for sosialt samhald, frivillige organisasjonar og aktivitatar som fremjar fellesskap	+1	Nedlegging av skulen kan føre til at fellesskapskjensla i noko grad kan verte svekka.	-1

meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.				
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei.	0
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad.	0

6.8 Torvmyrane

6.8.1 Vurdering av skulekretsen med og utan skule

Skulen ligg fint og sentralt til for bustadfeltet i området. Tomta har eit flott uteområde og ligg i direkte kontakt med naturområde.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av uteanlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet. Uteanlegget har eit stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for bustadane i området. Det er imidlertid kort avstand til kultur- og idrettsområde i Florø.

Skulebygget kan eigne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomte og seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda og barnehagen blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad. Barnehagen nyttar seg av eit frittståande bygg knytt til uteområde for barnehagen. I tillegg nyttar den lokale i vestfløyen til skulen. Funksjonen som barnehage må vidare utgreiast dersom ein vel å legge ned Torvmyrane skule.

Skulebygget vert til ei viss grad nytta til aktivitetar utover skuledrift, men avstanden til kultur- og idrettsflater i Florø er kort.

Dei samfunnsmessige verknadane av å ikkje ha barneskule på Torvmyrane er små, jamfør tabellen under.

Tema	Med barneskule på Torvmyrane		Utan barneskule på Torvmyrane	
Infrastruktur og tilkopling: Godt utbygd veg- og kollektivtransport, samt kommunikasjonssystem, gjer området lett tilgjengeleg og praktisk. Vi set pris på enkel tilgang til andre stader, enten det er for arbeid, fritid eller reise.	Området har relativt god infrastruktur med veg og kollektivtransport. Som for resten av den lokale bu- og arbeidsmarknadssona rundt Florø er det reiseavstandar til større byar og større flyplassar. Florø lufthamn knyter området til Bergen og Oslo.	0	Torvmyrane skule kan innlemmast i anten Krokane, Florø barneskule eller delar av skulen kan innlemmast i Brandsøy skule. Alternativet med Krokane skule medfører ikkje behov for skuleskyss, medan nokon kan vurderast til å ha rett på skuleskyss til Florø barneskule. Til Brandsøy skule vert det behov for skuleskyss. Etablering av skuleskyss vil truleg ha liten påverknad på kollektivtransporten i Florø.	0
Arbeidsmoglegheiter: Eit område med sterke økonomiske moglegheiter, næringsliv og arbeid innan ulike bransjar, vil tiltrekke folk som er ute etter eit stabilt arbeidsliv og vekstmoglegheiter. Mangfaldige bransjar og moglegheiter for karriereutvikling spelar ei stor rolle.	Torvmyrane skule har om lag 36 årsverk knytt til skule og SFO.	0	Den samla effekten av fråfall av årsverk er mest truleg låg. Torvmyrane ligg i kort avstand frå dei andre skulane på Florelandet og det er eit aukande behov for rekruttering i sektoren m.a. knytt til alderssamansetning i tilsette i dag. Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande arbeidsmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Største delen av innbyggjarane i skulekretsen har kort avstand til Florø og er ein del av eit lokalt felles bu- og arbeidsområde med ein variasjon av arbeidsmoglegheiter.	0
Bustadmarknaden: Bustad er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar tilflytting, spesielt når det gjeld tilgjengelegheit, pris, kvalitet og plassering. Ein god bustadpolitikk og eit mangfaldig bustadtilbod kan bidra til at fleire vel å flytte til eit område, medan problem som høge bustadprisar eller mangel på gode alternativ kan vere ein barriere for tilflytting.	Området har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med fleire og meir varierte bustadtilbod.	0	Uavhengig av om det er skule eller ikkje i lokalsamfunnet vil det å sikre ein velfungerande bustadmarknad vere viktig for attraktivitet og tilflytting. Forsking viser at skulenedlegging er ein verknad av at samfunnet uttynnast og ikkje omvendt. Foreldre med skulebarn og ungdom flyttar sjeldan, dei tilpassar seg heller situasjonen der dei bur. Skulen kan seljast og marknaden vil avgjere kva typar bustader bygget kan nyttast til. Før ein vurderer sal må ev. endring av barnehagedelen vurderast.	0
Utdanning og helsevesen: God tilgang til utdanningsinstitusjonar (skular, høgskular, universitet) og helsetenester er viktig for mange. Kvaliteten på både skule- og helsevesen kan gjere eit område meir attraktivt for familiar og enkeltpersonar.	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at mindre skular kan ha noko lågare kvalitet og mindre trivsel. (Sjå kap. 7.3)	0	Det er viktig med tilgang på utdanning og helsevesen. Tilgangen vil vere der og forskning viser at større skular kan ha noko betre kvalitet og trivsel. (Sjå kap. 7.3) Samstundes kan ein skule i nærmiljøet vektast høgare. Ei eventuell	-1

			nedlegging/flytting av barnehagetilbodet vil og i nokon grad verke negativt.	
Tryggleik og låg kriminalitet: Eit område med låg kriminalitet og høg kjensle av tryggleik er alltid meir tiltrekkjande. Folk vil bu og investere i område der dei føler seg trygge, både for seg sjølv og for sine nærmaste.	Området har eit trygt oppvekstmiljø.	0	Kinn har eit trygt oppvekstmiljø.	0
Natur- og fritidstilbod: Område med vakre landskap, parkar, turmoglegheiter og nærleik til sjø, fjell eller andre naturskjønneheiter kan vere svært attraktive. Folk ønskjer tilgang til friluftsliv og rekreasjon i kvardagen.	Med og utan skule har innbyggjarane god tilgang til flott natur og fritidstilbod som i stor grad er lokalisert til Florelandet-området.	0	Uteområdet vert fritt nytta og kan i hovudsak behaldast som eit friområde etter eventuell skulenedlegging.	0
Kulturelt og sosialt mangfald: Eit område med eit rikt kulturliv, kunst- og musikkfestivalar, lokale marknader, kaféar, restaurantar og sosialt samhald vil tiltrekke folk som ønskjer eit aktivt og spennande liv. Kulturelt mangfald kan også skape ein berikande atmosfære som appellerer til menneske frå ulike bakgrunnar.	Skulen vert nytta av trimgrupper i nabolaget, barnefotball, barnehandball, 4H samt ulike klassearrangement arrangert av foreldra. Konfirmasjon, dåp, årsmålsdagar, bryllaup, korps og seminar.	0	Bygget har i dag ein lokal funksjon for nokre aktivitetar for barn og vaksne. Det er grei gangavstand til Krokane skule og dei same aktivitetane kan leggjast der utan at det endrar det kulturelle og sosiale mangfaldet nemneverdig. Torvmyrane er ein del av Florelandet og dei fleste kulturtilbod, idrettstilbod og serveringsstadar er lokalisert til Florø by.	-1
Levekostnader: Levekostnader, som bustadprisar, matprisar og generelle kostnader for å bu i eit område, er viktige faktorar. Ein stad med rimelege prisar for bustader og livsopphald kan vere svært attraktivt, spesielt for unge menneske, familiar eller dei med eit stramt budsjett.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad	0
Samfunn og fellesskap: Eit sterkt lokalsamfunn, der folk kjenner kvarandre og samarbeider om felles interesser eller mål, kan gjere eit område meir attraktivt. Sosial samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap kan tiltrekke menneske som ønskjer eit nært og støttande miljø.	Skulen er til ei viss grad ein faktor for sosialt samhald, frivillige organisasjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap	+1	Nedlegging av skulen kan føre til at fellesskapskjensla i noko grad kan verte svekka.	-1
Stabilitet og utvikling: Område som har stabilitet, både økonomisk og politisk, samtidig som dei har potensial for framtidig utvikling, vil	Ingen innverknad	0	Avgjerd om skulen skal nedleggast er viktig å få på plass, anten det vert ja eller nei.	0


ofte vere attraktive for både bustadkjøparar og investorar.				
Nærleik til store byar eller sentrale knutepunkt: Sjølv om eit område kan vere roleg og naturskjønt, er nærleik til større byar og urbane knutepunkt ofte ein fordel. Det gir innbyggjarar tilgang til fleire jobbmoglegheiter, butikkar og kulturelle aktivitetar, samtidig som dei kan nyte fordelane av eit meir avslappa miljø.	Ingen innverknad	0	Ingen innverknad.	0

7. Bruk av skulane utover skuledrift og SFO

	Bruk av skulen etter skule- og SFO tid
Skram skole	Det er ikkje er faste aktivitetar på modulskulen. Den vert lånt ut nokre helgar i året til t.d. fotballaget og SIL-turn om dei skal ha treningshelger.
Raudeberg skule	Ingen utover det foreldre arrangerer av elevkveldar og bursdagsfeiring for elevar.
Skavøypoll skule	Skavøypoll skulemusikk, Quilteklubben, allidrett, drill, bursdagsselskap for elevar i skulen og barnehagen, Knøttetrim, FAU, styret i skulemusikken og 17. maikomiteen har aktivitetar i gymsalen. Skavøypoll barnehage brukar skulen og gymsalen i feriar, samt dei har faste tider i gymsalen i løpet av veka.
Florø barneskole	▪ Skulemusikken, øving i den gamle symjehallen ▪ Skyttarlaget, skyting i tilfluktsrom ▪ Noko idrettsaktivitet på kveldstid i skulen sin gymsal ▪ Tilsette kan låne lokale i skulen til bursdagar, konfirmasjonar o.l., men ikkje utleige til andre ▪ Aktivitetar i regi av klassar/klassekontaktar på kveldstid
Krokane skule	▪ Fotballtrening for vaksne kvar veke ▪ Dametrim x3 i veka for vaksne i regi av Krokane Sanitet ▪ Tamilskule på kveldstid x 3 i veka for barn og unge ▪ Tamilske festar, der dei nyttar skulekjøkken og gymsal, dette er for barn og unge ▪ Møter i Hundeklubben for vaksne medlemmer ▪ Aktivitetar på kveldstid for elevar på skulen i regi av FAU, dette er nyoppstarta og er tenkt kvar veke ▪ Opent verkstad på sløyden ein gong i veka for elevar ▪ Barnetrim for born under skulepliktig alder ein gong i veka ▪ Trimgruppe frå asylmottaket kvar veke for vaksne ▪ Klassefestar i regi av foreldre/klassekontaktar ▪ Lefsebaking på kjøkkenet til jul for vaksne ▪ Skulen vert leigd ut til konfirmasjonsfeiringar ▪ Personalet har høve til å arrangere barnebursdag i skulen sine lokale ▪ Skulen arrangerer også kvinnenettverk på skulen om lag 2 gonger i halvåret ▪ Foreldra i 7.klasse og 6.klasse arrangerer Karneval og juletreffest for bydelen årleg
Torvmyrane skule og barnehage	Trimgrupper i nabolaget, barnefotball, barnehandball, 4H samt ulike klassearrangement arrangert av foreldra. Konfirmasjon, dåp, årsmålsdagar, bryllaup, korps og seminar.
Brandsøy skule og barnehage	Brandsøykoret, Brandsøy Sanitet, Brandsøy Skyttarlag, Brandsøy Velforening og FAU har jamn aktivitet i lokala i høve det dei engasjerer seg i, i tillegg til årlege tilstellingar som 17. mai-feiring, arrangement med julegrantenning, korfest m.m. Pr.

	01.01.2025 er 8 lag/organisasjonar tilslutta Brandsøy Grendahus med A-partar. I tillegg til Brandsøy Grendahus SA sin eigen møteaktivitet. brukar alle desse laga lokala jamt til styre- og årsmøte. Faste aktivitetar kvar veke: - Brandsøykoret har øving fast ein gong i veka. - Brandsøy Skyttarlag har god aktivitet i tilfluktsrommet - Florø Pistolklubb har ofte trening på skytebana etter avtale - FSK Handball trening for born ein kveld i veka. - Ei gruppe godt vaksne har hatt to kveldar i veka til trim. - Florø Skules Musikkorps har musikkøving for dei yngste ein kveld i veka. - Ei gruppe foreldre/føresette har teke initiativ til ein time for veka med "leik og moro" for førskulebarn.
Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skulemusikk, foreldremøte, FAU-møte, bursdagsfeiringar, konfirmasjonsselskap, dåpsselskap, 17. mai-arrangement, Eikefjorddagane, sosiale samankomstar på kveldstid. Planlagt for fasilitering for lag og foreiningar som ønskjer å bruke skulen sine lokale.
Vågsøy ungdomsskule	Kulturskule. Måløy idrettslag har aktivitetar i fleirbrukshallen. Måløy songlag. Den er og i bruk av Måløykollektivet og vaksenopplæringa. Barneselskap arrangert av foreldra
Florø ungdomsskule	M.a. korøving, bursdagsfeiring, konfirmasjonar og liknande arrangement.

8. Kommunen som produsent av grunnskuletenester til barn og unge



Opplæringslova med tilhøyrande forskrifter gir rammer for god opplæring i eit godt miljø. Overordna prinsipp for læring, utvikling og danning er:

- Sosial læring og utvikling
- Kompetanse i faga
- Grunnleggjande ferdigheiter
- Å lære å lære

Ei berekraftig utvikling er knytt til både økonomi, miljø og sosiale forhold. Den må og vere til barns beste. Viktige vurderingstema knytt til omstilling er:

- Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø
- Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring
- Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar
- Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn
- Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal
- Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig

Kap. 5 viser at det er små samfunnsmessige negative verknader ved nedlegging av skule. Mellom anna er varierte arbeidsplassar, ein god og variert bustadmarknad, god infrastruktur og kollektivtilbod og nærleik til større byar eller sentrale knutepunkt viktige faktorar for attraktivitet og vekst.

Opplæringslova § 2-6 Kva grunnskule eleven skal gå på, seier at elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skuleplass skal kommunen leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule.

I forarbeida til den nye opplæringslova frå 01.08.2024 vert det framheva at i ordet nærmiljø ikkje berre ligg avstand men og tilknytning. Regelen inneber at barn som bur i det same området, skal få gå saman på skulen, og at denne skulen skal vere ein skule i det som er det naturlege nærmiljøet.

Verken opplæringslova eller anna regelverk har innhaldsmessige reglar for endring av skulestruktur, det vil seie reglar for når det er lovleg eller ulovleg å legge ned eller opprette en skule. Avgjersler knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjersle må byggje på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar

Dagens skulekrinsgrenser vart vedtekne i ei tid med andre demografiske forhold, infrastruktur, busetnad og teknologi. For at Kinn kommune skal produsere grunnskuletenester med kvalitet i ein berekraftig kommuneøkonomi må det vurderast om det er økonomisk, pedagogisk og sosialt riktig å redusere tal skular/skulekrinsar og om dette er til barns beste. På Florø-landet ser vi at dei fire skulane no driftar med mange ledige elevplassar i bygga. For helse- og velferd går trenden andre vegen, med behov for å bygge ut fleire omsorgsplassar og bustader tilpassa ein større del av innbyggjarane som er eldre. Trenden er lik for dei fleste andre kommunar og vil ha avgjerande innverknad på kommunen si evne til å levere gode og tilfredsstillande tenester.

Det har over mange år vore eit stort vedlikehaldsetterslep på skulebygga i kommunen. Det vil såleis vere hensiktsmessig om ei n kan samle fleire elevar i færre skulebygg. Å samle fleire elevar i færre skulebygg vil effektiviserer drifta og ta ned drifts- og vedlikehaldsutgiftene. Færre skulebygg vil også verke inn på lågare investeringskostnader fram i tid. Å legge til rette for ei moderat sentralisering vil gje fleire elevar noko lengre skuleveg, men svært mange av elevane vil framleis kunne gå og sykle til skulen. Langt dei fleste elevane ved dei fire skulane i Florø og i Måløy går på dei same fritidstilboda etter skuletid. Mange har difor vener og kjenningar på dei andre skulane.

Folketalsutvikling med og utan barneskule

Vi har sett på folketalsutviklinga i to lokale grunnkretsar der ein har lagt ned skular tidlegare. Dette kan gje ein peikepinn på kva konsekvensar nedlegging av skule har hatt i lokalsamfunn i vår eigen kommune. Kvalheim, der skulen vart lagd ned i 2003, har ein mindre tilbakegang i folketal, og barn i aldersgruppa 6-12 år har vore ganske stabil dei siste 10 åra. Grunnkretsane på Raudeberg, som har grunnskule, har hatt ein vesentleg nedgang både i folketal og tal på elevar i grunnskulen. Sidan 2000 har det vorte 45 færre i aldersgruppa 0-5 år på Raudeberg. Aldersgruppa 6-12 år har i same periode minka med 43 barn. Folketalsutviklinga på Raudeberg, med ein nedgang på 190 sidan 2000, må grunngjevast med andre forhold enn om det er skule i bygda eller ikkje.

Kvalheim

Kvalheim	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 år	2		2		3		5	2	1	3	1	1	1	1	2	2		2	1		1	1	1	2	1
01-2 år	5	6	4	4	1	4	5	5	7	5	5	3	2	3	6	7	5	3	3	3	1	1	2	2	3
03-5 år	3	2	9	8	5	2		5	6	10	7	8	6	5	8	8	10	10	10	7	5	4	3	2	2
06-12 år	18	19	19	17	13	15	13	11	9	8	10	8	7	8	14	16	18	18	22	21	22	21	21	20	18
13-15 år	6	4	4	7	9	9	9	8	8	4	3	3	6	7	5	2	1	4	4	7	9	12	11	9	8
16-18 år	9	11	10	7	5	3	7	9	9	10	9	8	6	4	4	6	7	5	3		3	4	7	9	12
19-29 år	20	17	25	30	25	23	21	17	18	22	19	26	25	23	22	21	16	17	22	22	14	11	12	14	11
30-39 år	24	23	20	16	11	12	18	20	17	17	13	13	12	15	20	21	17	14	14	13	12	15	13	15	14
40-44 år	12	10	13	11	15	16	13	10	9	8	6	5	7	5	4	5	12	13	13	12	14	9	7	7	11
45-66 år	42	42	41	44	43	42	42	42	47	51	54	53	47	48	47	47	45	45	42	42	41	44	43	42	42
67-79 år	22	20	19	19	18	17	18	17	15	16	16	15	14	11	12	13	13	15	17	18	23	24	26	27	26
80-84 år	5	6	4	5	5	7	4	4	5	6	5	6	7	6	6	4	2	1	2	2	2	2	3	2	1
85-89 år		1	4	4	4	3	4	3	3	2	3	2	2	3	3	3	4	3	2	2	2	2	1	1	2
90+ år							1	2	2	2	1	1						1	2	1	1	1	2	1	
Totalt	168	161	174	172	157	153	160	155	156	164	152	152	142	139	153	155	150	151	157	150	150	151	152	153	151

Kvalheim skule vart lagt ned i 2003. Barnetala har variert, men det er i dag er like mange barn i grunnskulealder som det var ved nedlegging av skulen. Dei siste 5 åra har det vore betydeleg færre barn i aldersgruppa 0-5 år, noko som kan tilseie at talet på barn i grunnskule kan verte mindre dersom det ikkje flyttar barnefamiljar til grunnkretsen. Grunnkretsen Kvalheim høyrer no til skulekretsen på Raudeberg.

Holvik

Holvik	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 år	7	6	4	10	7	3	5	3	6	3	5	4	6	1	5	2	3	5	2	3	5	6	5	5	2
01-2 år	13	13	11	10	14	14	9	7	9	14	11	8	9	10	7	7	11	6	5	6	5	8	11	14	11

03-5 år	14	17	18	20	18	16	16	18	16	15	13	18	18	18	14	17	12	13	9	9	7	11	11	14	16
06-12 år	40	46	38	38	42	37	43	37	36	41	38	34	36	37	42	41	38	33	34	32	31	26	28	28	24
13-15 år	7	10	17	22	22	21	16	18	16	17	20	18	21	18	17	14	13	15	15	11	12	14	16	19	19
16-18 år	17	10	12	7	10	16	22	22	23	16	20	21	19	21	18	19	18	16	12	11	13	15	12	10	14
19-29 år	57	52	47	51	49	48	46	38	45	51	40	48	48	53	55	44	42	39	43	43	49	53	53	57	51
30-39 år	51	58	51	55	54	48	48	44	40	42	42	38	37	38	34	33	37	34	37	38	34	33	33	35	37
40-44 år	29	23	29	29	31	30	30	20	23	22	27	30	35	31	32	27	23	21	16	15	17	18	20	23	24
45-66 år	67	72	66	69	75	81	81	89	95	102	103	107	103	109	119	122	125	125	121	115	110	108	110	102	102
67-79 år	39	40	42	41	41	40	40	34	32	31	35	34	34	32	30	28	28	30	31	34	39	42	42	42	38
80-84 år	5	6	7	7	8	6	7	11	11	13	11	13	9	13	13	18	15	14	11	9	6	5	4	10	10
85-89 år	2	2	2	3	2	4	3	3	3	3	3	4	8	7	8	7	7	6	9	8	11	8	8	5	6
90+ år					1	1	1	2	1	1	2	2	1	1	1	1	2	5	5	6	4	6	3	5	5
Totalt	348	355	344	362	374	365	367	346	356	371	370	379	384	389	395	380	374	362	350	340	343	353	356	369	359

Holvik skule vart lagt ned i 2018. Barnetala har variert og no er aldersgruppa 0-5 år om lag like stor som før nedlegging av skulen. I perioden 2018-2020 var denne aldersgruppa vesentleg lågare, noko som mellom anna har samanheng med låge fødselstal i åra forut.

8.1 Barnet sitt beste

Barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12 (Sameinte nasjonar, 1989), Grunnloven § 104 (Grunnloven, 2021) og forvaltningslova § 17 (Forvaltningsloven, 2021) gir alle barn rett til å bli høyrte i saker som gjeld dei og at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn.

Utdanningsdirektoratet utarbeidde i 2017 ein eigen rettleiar for bruk av barnekonvensjonen i saksbehandling (UDIR, 2017). Rettleiaren gir retningslinjer for kva som er grunnlag for vurderingar og korleis slike vurderingar vert gjort på individ- og gruppenivå.

Omsynet til barns beste er ein rett, eit grunnleggjande omsyn og ein sakshandsamingsregel. Det betyr at omsynet til barns beste alltid skal vurderast, og det vil vere ein saksbehandlingsfeil dersom ei slik vurdering ikkje er gjort. Omsynet til barns beste er ikkje den einaste faktoren som skal vurderast. I vurderinga av kva som er barns beste, vil barnets eiga oppfatning vere sentral, men det er likevel ikkje alltid at barnet eller foreldra si meining er til det beste for barnet.

Sjølv om det er juridiske heimlar som forankrar barns beste, er det i planarbeid ikkje ein fasit, men fagleg skjønn som avgjer kva som vil vere den beste løysinga for ulike grupper. **Barns beste-vurdering i eit planarbeid vil derfor ikkje bli gjennomført på individnivå, men på systemnivå.** Barnekonvensjonen krev at saksbehandlinga skal vere effektiv, barnevenleg og lett tilgjengeleg. I ein overordna plan for ein kommune, til dømes kommuneplanens arealdel og skule- og barnehagebehovsplanar, vil det ikkje kunne gjerast enkeltvurdering for kvart einskild barn.

For å kunne synleggjere barn sitt beste i plansaker skal det gjerast ei vurdering, vekting og dokumentasjon. Det er viktig å leggje opp til ein prosess der

- Prosess for at arbeidet er varsla og kjent for alle involverte
- Informasjon om planarbeidet er tilgjengeleg
- Det er sett av tid til barn sin medverknad

Skulestruktursaker har direkte konsekvensar for barn og unge. Det er difor viktig at konsekvensane er kartlagt og at barns beste er vurdert. Ei vurdering av barnets rettar kartlegg kva konsekvensar eit tiltak vil kunne ha for barn sine ulike rettigheter.

Rettigheter i barnekonvensjonen som kan verte råka er: Artikkel 28 punkt 1 ledd e: *Partene anerkjenner barnets rett til utdanning, og med sikte på å oppnå denne rett gradvis og på grunnlag av like muligheter skal de særleg:*

e) treffe tiltak for å oppmuntre til regelmessig skolegang og for å redusere antallet av dem som ikke fullfører skolegangen

Artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid: *Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.*

Skuleveg og barnets beste vurderingar i høve «artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid»:

Ei skulenedlegging kan føre til at fleire elevar vert avhengige av skuleskyss, og at dei som alt har slik skuleskyss, får lengre skyss. I rapporten "[Meir skyss – mindre helse](#)" vert det stilt spørsmål om ein ved skulenedleggingar tek frå stadig fleire barn og unge " *den naturlige mosjon som gang og sykling... til og frå skulen representerer*". S.1. Og om sentralisering av skuletilbod kan forsvarast ut frå eit folkehelseperspektiv. Rapporten viser til at elevar kan få fysiske plager som t.d. kvalme av skuleskyssen, for nokre elevar vil desse plagene gje ubehag og ei tid etter at skulereisa er slutt, dvs. i skuletida.

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. Skyss arbeider for å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) innanfor følgjande rammer:

- Omlag 45 minutt for 1.-4.årstrinn
- Omlag 60 minutt for 5.-7.årstrinn
- Omlag 75 minutt for 8.-10.trinn

Barns beste-vurderingskriterier	Vurderingsområder
Barns fysiske og psykiske miljø Anlegget gir likeverdige rammer lek utvikling og læring Anlegg er funksjonelt og gir rom for variasjon i organisering Barnehagen/skolen har kompetent og forsvarlig bemanning i henhold til norm og lovkrav Tilbudet bidrar til inkluderende fellesskap, læring og utvikling og livsmestring	Bygningsmessig kvalitet • Universell utforming • Bygningsmessig kvalitet (materiale, luft, lyd, lys, etc) • Sikkerhet i og rundt bygningen Pedagogisk funksjonalitet • Mulighet for progresjon i utvikling for alle barn • Mulighet for variasjon • Tilgang til uteområder og natur Pedagogiske ressurser • Tilgang til kompetent personale • Profesjonelt fagmiljø • Variasjon i tilbud • Psykososialt miljø
Forhold i barns sosiale-, helse- og bomiljø anlegget er bidrar til å bygge gode sosiale relasjoner, ivareta kulturelle forhold og er helsefremmende.	• Geografisk tilgang • Tilknytning til nærmiljøet • Overgang mellom barnehage og skole • Tilgang til kultur/ idrett /fritid
Barns sikkerhet og ytre miljø: Anlegget er tilgjengelig og er tilknyttet et nærmiljø eller en kontekst som er et positivt bidrag i den pedagogiske virksomheten.	• Infrastruktur rundt anleggene • Trafikksikkerhet • Miljøkartlegging • Mobilitet

Tabellen til venstre (frå vedlagt rapport [Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar](#))

syner kriteria og vurderingsområde i høve barns-beste-vurderingar knytt til endring av skulestruktur.

Arbeid med trafikktryggleik

Elevar som har meir enn 4 km. skuleveg har krav på skuleskyss, men også for kortare strekningar om det er fare forbunde med å gå/sykle. Trafikktryggleik er eit tema som det vert jobba med, m.a. kartlegging som barnetråkk, tema i arealplanlegging og kommunen sitt investeringsprogram. Kommunen kan også ta opp trafikktryggleiksspørsmål med andre vegeigarar som Statens Vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen samarbeider om kryssutbetring langs RV5 og trafikktryggleik har fokus når Markegata skal rustast opp. Fylkeskommunen jobbar også med oppgradering av Firdavegen i Florø. Dei har planar for gang/sykkelveg i Brandsøy og fullfører snart prosjektet i Eikefjord. Viktige investeringar i kommunen sin økonomiplan er utbetring langs Idrettsvegen i Måløy, ny veg i Øvre Skram og Bjørndalsvegen frå RV5 til Botnaholten i Florø. I Måløy har ein over lenger tid jobba med oppgradering av stinett i byggefelt. Kommunen utarbeider jamleg trafikktryggleiksplanar som også Vestland fylkeskommune delfinansierer. Trafikksituasjonen og infrastrukturen i Måløy og Florø er ikkje av ein slik karakter at det legg avgrensingar på endring av skulestruktur, men i samband med konkrete vedtak kan ein gjennomføre konkrete tiltak. Dette gjer at ein i større grad kan legge vekt på ulemper for elevane knytt til avstand til skule i høve gange, sykkel eller buss om ein vel strukturendringar.

Oversikt over skuleskyss konsekvensar dersom elevar vert flytta til annan skule

Skulevegkonsekvensar ved overføring av elevar frå skule/til skule	Merknader
Frå Raudeberg til Skram skole (eller Skavøypoll)	Lengst reisetid vil elevane frå Halsør få, med opptil 40 minutt. Elevane frå Raudeberg vil måtte starte å ta buss. Det vil bli gjort ei vurdering om avbøtande tiltak med supplerande buss slik at ein slepp køyring rundt Refvik. Elevane får reisetid med buss innanfor Skyss sine retningslinjer og i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.)
Frå Skram til Skavøypoll	Kryssing av brua gjer at alle elevane må ha buss. Bussreisa vil ta omlag 10 minutt frå Måløy til skulen. Elevane frå Oppdal, Vågsvåg og Holvik vil få tilsvarende auke i reisetida. Ingen av elevane vil overstige anbefalt norm for skuleskyss og reisetid er vurdert å vere akseptabel.
Frå Skavøypoll til Skram	Kryssing av brua gjer at alle elevane må ha buss. Bussreisa vil ta omlag 10 minutt + elevane si gangtid til haldeplass. Elevane frå Almenning og langs Ulvesundvegen vil få tilsvarende auke i reisetida. Ingen av elevane vil overstige anbefalt norm for skuleskyss.
Frå Brandsøy til Torvmyrane	Elevane frå Brandsøy som bur vest for Brandsøysundet får 4 km gangavstand, elevane aust for sundet vil ha krav på skuleskyss. Elevar frå Nordalsfjord, Bjørnset og Klavelandet får 5 minutt ekstra skuleskyss. Elevane får reisetid med buss innanfor Skyss sine retningslinjer og i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.)
Frå Brandsøy til Krokane	Elevane vest for Brandsøy vil få opptil 4,5 km. gangavstand til Krokane, og fleire vil ha krav på skulebuss, m.a. aust for Brandsøysundet. Elevane frå Nordalsfjord, Bjørnset og Klavelandet får 7 minutt ekstra skuleskyss. Elevane får reisetid med buss innanfor Skyss sine retningslinjer og i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.).

Frå Krokane til Florø barneskole	Elevane får i <i>gjennomsnitt</i> 1,6 km. lengre skuleveg (avstand mellom skulane). Elevane frå Havvikbotn bur langt vekke frå Florø barneskole og får ein skuleveg på 2,6 km. Elevane får reisetid med buss innanfor Skyss sine retningslinjer og i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.)
Frå Brandsøy til Florø barneskole	Elevane vil få behov for skulebuss. Elevane frå Nordalsfjord, Bjørnset og Klavelandet får 7 minutt ekstra skuleskyss. Elevane får reisetid med buss innanfor Skyss sine retningslinjer.
Frå Florø barneskole til Krokane	Dei fleste elevane ved skulen får 1,6 km. lenger skuleveg. Elevane ved Florø barneskole har i dag gjennomsnittleg 1,6 km. til skule, og får 3,2 km. skuleveg i gjennomsnitt. Oppimot 150 elevar vil måtte ta skulebuss. Elevane får gangtid i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.)
Frå Torvmyrane til Krokane, og Krokane mot Torvmyrane	Mellom Krokane og Torvmyrane er det høgdeforskjell på kring 100 m og skulevegen går på grusveg med lys, langs kommunal veg m.m. Avstand mellom skulane er 0,8 km. Elevane får gangtid i samsvar med regelverket for skyss (skulebuss over 4 km.)

Tabellen viser at mange elevar framleis vil kunne gå og sykle til skulen om ein gjer endringar i Florø, men endringar fører til at fleire må ta skulebuss. Særleg mange gjeld dette i Florø dersom elevar vert flytta frå Florø barneskole (område med og utan skule) til Krokane. Mogleg endring i skulestrukturen i Måløy gjer at fleire også må ta skulebuss. Elevane sin rett til leik og fritid vil i liten grad verte råka, då dei kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare.

Oppsummering av barnets beste vurdering knytt til skyss

Nye skyssmåtar/skysstider er vurdert som akseptable slik dei er vist i tabellen over. Verken reisetider eller tafikktryggleiksspørsmål set avgrensingar for moglege vurderingar. Det er likevel slik at ein seinare gjennomfører ei siling og rangering av ulemper mellom områda i høve gangavstand og reisetider. Med endringar i skulestruktur vil det også vere mogleg for borna å nytte fritidsaktivitetar som tidlegare.

Skulebyte og barns beste vurdering

Ei skulestrukturendring vil kunne medføre ei stor omstilling for elevane dette gjeld. For nokre elevar kan det å byte skulemiljø vere krevjande. Å skifte frå eit nært og kjent skulemiljø til noko ukjent og større kan vere utfordrande. For andre elevar vil dette gje høve til å skape nye vennskap og relasjonar.

Barnet sitt høve til å oppretthalde relasjonar: Elevane som ev. får endringar i kva skule dei høyrer til vil ha høve til å oppretthalde relasjonar til nære venner sidan alle elevane vil gå over til ny skule.

Sårbarheitssituasjon: For dei elevane som er få i aldersgruppa kan det opplevast som meir krevjande om dei skal inn i veletablert klassegrupper med mange fleire elevar enn det dei er vande med. Dette vil stille krav til overgangsprosessane som det må leggast til rette for. Å handtere og meistre overgangar mellom skular er likevel ei naturleg del av elevane si utvikling og mogning. Kinn kommune har prosedyrar for overgangar mellom barnehagar, mellom barnehage og skule, og overgangar mellom skular. Det er såleis ei brei erfaring i og mellom tenestene for å ivareta elevane i overgangssituasjonar.

Ved endringar i skulestrukturen vil elevane oppleve «overgang til ny skule» på ein annan måte. Dette vil gjelde både elevane som skal til ein ny skule, og elevane som allereie går på skulen og som får nye elevar i klassen.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar: Erfaringar vi har i Kinn, er at det er viktig at skulane og føresette i god tid startar eit samarbeid om å legge til rette for gode prosessar slik at elevane kan bli kjende og trygge i det nye skulemiljøet. Slikt arbeid blir ekstra viktig dersom det vert aktuelt med endringar i skulestruktur.

Vekting av barns beste opp mot andre relevante omsyn.

Den konkrete vektinga av barnets beste i høve at elevar ved skulenedlegging vil måtte byte skule, samt at mange elevar får ei lengre reisetid til skulen vil i denne saka vegast opp mot andre tema. Vi viser til andre kapittel i dette dokument.

8.2 Rekruttering og sterke profesjonsfellesskap i skulane

I temaplan for oppvekst vert det lagt vekt på utfordringar knytt til å rekruttere nok fagfolk i åra som kjem. Mange er også uroa for rekrutteringa til grunnskulen. Der ser vi dei siste åra ein nedgang i tal søkjarar til lærarutdanninga.

I dei områda som allereie no ser utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i grunnskulen ser ein at dette er særleg vanskeleg på 1.-4. trinn. Dette gjeld særleg for skular utanfor tettstader eller kommunesenter, skular som er langt unna kollektivtilbod og skular som etterspør spesiell kompetanse.

Mange lærarstudentar vel lærarutdanning for 5.-10. trinn og i mindre grad 1.-7. trinn. Dette kan forklare noko av utfordringane ein ser knytt til rekruttering på 1.-4. trinn. Store skular har vesentleg mindre utfordringar med rekruttering enn mindre skular kjem det fram i rapporten [SØF-rapport nr. 04/23 Rekruttering av lærere ved norske skoler.](#)

Forklaringa på dette kan vere at lærarane ønskjer større fagmiljø og moglegheit til å undervise i dei faga dei har kompetanse i.

I dei seinare åra er det blitt lagt sterk vekt på kor viktig det tverrfaglege samarbeidet mellom skulen og dei ulike hjelpetenestene er for at barn og unge skal få den hjelpa dei treng når dei treng den. I ny opplæringslov som var gjeldande frå august 2024 er PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) si rolle i å hjelpe skulen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tilpassa opplæring samt intensiv opplæring frå 1.-4. trinn tydeleggjort. Med ein tilpassa skulestruktur kan PPT sine ressursar i dette viktige arbeidet konsentrerast.

I tillegg ser ein ei tydeleg dreining mot meir spesialisering, både knytt til fag og alderstrinn, som markerer ei retning for grunnskulen og kan vere relevant å vurdere når ein ser på skulestrukturen for framtida. Det vil difor òg vere aktuelt å sjå nærare på korleis innhaldet i ulike nasjonale føringar kan vere relevant når ein skal vurdere kva skulestruktur ein skal planleggje for i Kinn kommune.

Dei siste åra har det kome nasjonale føringar som stiller strengare kompetansekrav til lærarar. Strategiar som *Lærarløftet* og *Kompetanse for kvalitet* har ført til omfattande etter- og vidareutdanning, og frå 2015 vart det krav om at alle fast tilsette lærarar må ha relevant kompetanse i faga dei underviser i.

For å undervise i norsk, engelsk, samisk og matematikk må lærarar no ha minst 60 studiepoeng på ungdomssteget og 30 studiepoeng på barnesteget. Andre fag på ungdomssteget krev 30 relevante studiepoeng, medan det ikkje er slike krav på barnesteget. Lærarar utdanna før 2014 har dispensasjon frå desse krava fram til 2025. Endringane fører til ei dreining frå allmennlæraren til faglæraren, noko som påverkar tilsetjingsprosessar og skuleorganisering. På små skular kan det bli vanskelegare å fordele fag, medan større skular får meir fleksibilitet. Spesielt på ungdomssteget kan fleire fagseksjonar vere hensiktsmessig, men dette kan samtidig redusere fleksibiliteten i ein 1-10-skule.

Stortingsmeldinga *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO* peikar på at fleire yrkesgrupper i skulen, som spesialpedagogar, miljøterapeutar og helsearbeidarar, kan styrke læringsmiljøet og elevoppfølginga. Forsking viser at slike

yrkesgrupper kan vere verdifulle dersom skulane har ein klar strategi for korleis kompetansen deira skal nyttast. Større skular kan gi betre moglegheiter for å inkludere fleire yrkesgrupper i større stillingar, noko som kan føre til meir tilgjengeleg støtte for elevar som treng det. Samstundes er ikkje stillingar som miljøterapeutar og spesialpedagogar lovregulerte, noko som kan føre til ulik praksis mellom skulane.

Helsesjukepleiarar er den einaste yrkesgruppa utanom lærarar som er lovregulert, med ein norm på éin helsesjukepleiar per 550 elevar. Likevel kan skulestorleik og ressursfordeling spele ei viktig rolle i kor tilgjengelege desse yrkesgruppene er for elevane i kvardagen.

Auka kompetansekrav til undervisning i grunnskulen kan gjere det vanskelegare for mindre skular å dekke alle fagområde, særleg innan mindre fag. Større skular vil i prinsippet kunne ha større fleksibilitet og spesialisering i lærarkollegiet. På 1–10-skular fører dei skjerpa kompetansekrava og den spesialiserte lærarutdanninga, som er retta mot bestemte alderstrinn, til at noko av fleksibiliteten i bruken av lærarressursar forsvinn.

Det er viktig å understreke at timeplanlegging er ei kompleks oppgåve, der fleire faktorar spelar inn, både på større og mindre skular. For andre yrkesgrupper i skulen, som ikkje er lovregulerte, kan større skular ha meir ressursar til å tilsetje desse i større stillingar. Dette kan bidra til å styrke «laget rundt læraren» og sikre betre oppfølging av elevane.

Storleiken på ein skule påverkar både lærarsamarbeid, fagleg fordjuping og skuleutvikling. Ved større skular kan lærarar ha betre moglegheiter til å spesialisere seg, samarbeide tettare i faglege fellesskap og fordjupe seg i undervisningsmetodar. Samstundes kan svært store skular føre til utfordringar med å skape gode samarbeidsstrukturar og heilskaplege fagmiljø.

Rekruttering og attraktivitet

Lærarutdanninga har vorte spesialisert og lærarane som no går ut i arbeidslivet har for det meste mastergrad. Utdanninga har og fått eit større fokus på tverrfagleg samarbeid- og teamarbeid. Dersom Kinn kommune skal vere i stand til å tilby attraktive arbeidsstader, må ikkje berre anlegga vere moderne - men kommunen må og kunne tilby fagmiljø som kan spesialisere seg, som er tufta på samarbeid og teamutvikling. For at Kinn skal lukkast i den regionale kampen om lærarkompetansen er det avgjerande at vi kan tilby fagmiljø som er fagspesifikke og tverrfaglege. Kinn kommune vurderer difor at større barneskular har betre føresetnader for å vere attraktive på arbeidsmarknaden enn det små og ofte få-delte skular har rammer til. På større skular med fleire klassar på kvart årssteg, vil det vere større høve for samarbeid og fordjuping enn i skular med berre ein klasse pr. årssteg.

8.3 Kvalitet og storleik på skular og klassar

Det er utfordrande å finne forking som klårt uttalar seg om samanhengen mellom skulestorleik og kvalitet. I Noreg har debatten i stor grad gått mellom dei to pedagogikkprofessorane Thomas Nordahl (Høgskulen i Innlandet) og Karl Jan Solstad (Nordlandsforskning). Nordahl blir ofte assosiert med ei tilnærming som framhevar fordelane ved større skular, medan Solstads forking oftast blir nytta av talspersonar for små skular og desentralisert skulestruktur. Når desse to professorane refererer til kvarandre si forking, skjer det oftast med eit kritisk blikk.

Ein studie frå 2007, utført av professor Thomas Nordahl, blir ofte brukt som støtte for påstanden om at store skular gir betre læringsmiljø enn små. Han konkluderte med at elevane ved ein ungdomsskule, som kom frå fire små barneskular i ein kommune i Hedmark, presterte dårlegare enn elevane som kom frå større skular, når det gjaldt faktorar som sjølvdisiplin, sjølvheving, sosial kompetanse, trivsel, motivasjon og åtferdsutfordringar. Studien har seinare blitt kritisert for å ha for lite datagrunnlag til å kunne generaliserast; det er mogleg at resultata skuldast forhold ved dei spesifikke skulane, ikkje ved små skular generelt, og at arbeidet ikkje var tilstrekkeleg forankra i relevant forking (Solstad og Kvalsund, 2010).

I ein artikkel frå Senter for Praxisrettet Utdanningsforskning (Nordahl, 2022) presenterer Nordahl ein ¹kunnskapsoppsummering om samanhengen mellom skulestorleik, læring og trivsel i grunnskulen. Oppsummeringa bygger på funn i meta-analysar og kunnskapsoversikter frå både nasjonal og internasjonal forskning. Den overordna konklusjonen i denne gjennomgangen av litteraturen er at det er liten samheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel på skulen. Dette betyr at variasjonar mellom skular i liten grad kan forklarast utifrå skulestorleiken åleine når det er kontrollert for andre bakgrunnsvariablar og den pedagogiske variasjonens betydning for elevane si læring. Nokre samanhengar finn ein likevel:

Fleire av studiane som var med i undersøkinga frå 2022, peikar på ein svak tendens til kurvlinjeære samanhengar, det vil seie at det er ei svak positiv samheng mellom skulens storleik og elevane si læringsutbytte opp til eit visst punkt, og at det deretter blir ein svak negativ samheng når skulane blir større (Nordahl, 2022). Dei ulike studiane peikar her i litt ulike retningar, men det kan sjå ut til at eit slikt punkt for ideell skulestorleik ligg på mellom 500 – 700 elevar for barneskular. Samstundes er det viktig å understreke at dei skulefaglege prestasjonane statistisk sett berre vil synke marginalt om skulane er større eller mindre enn dette.

Gjennomgangen av forskning om samanhengen mellom elevane sin trivsel, mobbing og skulestorleik viser at storleiken på skulen har tilnærma ingen betydning for elevane sin trivsel og omfanget av mobbing. Den kurvlinjeære samanhengen som det er tendensar til i studiar om koplinga mellom skulefaglege prestasjonar og skulestorleik, finst ikkje i studiar som fokuserer på sambandet mellom skulestorleik og elevane sin trivsel og omfanget av mobbing. Storleiken på skulen forklarar ikkje åleine om elevane trivst eller ikkje trivst på skulen, sjølv om det er ein svak tendens til at elevar på småskuletrinnet trivst noko dårlegare på skular med færre enn 150 elevar. Skulestorleik åleine ser heller ikkje ut til å ha nokon effekt på omfanget av mobbing, og inneber at mobbing i liten grad kan knytast til strukturelle forhold i skulen (Nordahl, 2022).

8.3.1 Skulesamanslåing og læringsresultat


Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger hevdar at det er lite forskning som spesifikt handlar om samanslåing av skular, og norsk forskning på området er nærmast fråverande. Senteret tilrår derfor fleire studiar av fenomenet. Det finst likevel noko forskning, hovudsakleg internasjonal, som kan vere relevant for strukturendringar. Vi vil her kort presentere nokre funn. I ein studie frå Danmark frå 2016 såg forskarar på kva skulesamanslåingar har å seie for fagleg læring og elevresultat (Beuchert et al, 2016). Med utgangspunkt i skulesamanslåingar i Danmark frå 2010 og 2011 målte dei effekt av samanslåing på læring. Dei studerte testresultat eitt år før samanslåinga og inntil fire år etter samanslåinga. Funna indikerer nokre moglege negative effektar på prestasjonar på kort sikt, og at dette er mest utprega for elevar som går på skulen som blir nedlagt. Det kan sjå ut til at konsekvensane er størst for dei som har gått på små skular og på ein skule som har stengt. Den negative effekten ser ut til å svekkast over tid, noko som tyder på at det kan ha samheng med sjølv «forstyrringa» av samanslåinga.

I ein annan studie frå 2010 har forskarar sett på konsekvensar for elevresultat ved skulesamanslåing i Kina (Liu et al, 2010). Dei finn ein variasjon, men det kan sjå ut til at dei yngste elevane opplever eit dropp, medan eldre elevar tener på det. Dette samsvarar også med funn gjorde av Norges handelshøyskole (Thoresen 2016), presentert på forskning.no: *"Resultatene viser tydelig at skolenedleggelses og flytting av elever til større skoler ikke slår negativt ut for elevenes læringsresultater. Elevene presterer ikke dårligere når de må begynne på en annen skole, sier Thoresen"* (²[Skolenedleggelses førte ikke til dårligere resultater \(forskning.no\)](https://forskning.no/skolenedleggelses-forte-ikke-til-darligere-resultater-forskning-no))

¹ [Nordahl-Skulestorrelse-og-sammenheng-med-elevenes-trivsel-og-laering](#)

² [Skolenedleggelses førte ikke til dårligere resultater \(forskning.no\)](https://forskning.no/skolenedleggelses-forte-ikke-til-darligere-resultater-forskning-no)

8.4 Ressursbruk og kvalitet



Figur 4. Frå Kommuneindeksen 2024 av Agenda Kaupang, Grunnskule

Kostnadar og kvalitet tel likt i indeks for kvalitet. Alle kommunar tel likt. Indeksen for kvar indikator er avstanden frå kommunegjennomsnittet, målt i standardavvik. Samanlikna med Kostragruppe 7 er ressursbruken høgare og kvaliteten lågare.

I omstillingsprosessen vert det arbeidd med å harmonisere ressursbruken opp mot kostragruppa. Vurdering av strukturgrep er ein del av denne prosessen.

8.5 Ressursbruk mot andre kommunar

Netto driftsutgifter


379,2 mill.

Netto driftsutgifter per
innbygger

19 461

Beregnet
utgiftsbehov


112,3 %



Netto driftsutgifter var **379,2M** kroner i **2023**. **Netto** driftsutgifter per innbygger behovskorrigert var **19 461** kroner i **2023**. Kostragruppe 7 og alle samanlikningskommunane driv grunnskule rimelegare enn Kinn og kommunen har eit stort handlingsrom. Kommunen har et innsparingspotensial på 27 mill. kroner samanlikna med KOSTRA-gruppa i 2023. Det er berre skulelokale (222) og skuleskyss (223) Kinn driv rimelegare samanlikna med KOSTRA-gruppa.

Kommunen brukar 14,9 årsverk per 100 elever for skuleåret 2023-24. Det er 1,3 årsverk meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest mest av samanlikningskommunane. Kommunen har mange årsverk per elev både til ordinær undervisning og spesialundervisning/assistentar.

8.5.1 Omstillingsprogram



For å balansere driftsøkonomien dei neste fire åra er det i utgangspunktet tatt høgde for at kommunen skal realisere innsparingstiltak for til saman 159,585 millionar kroner innan 2028. Dersom kommunen ikkje klarer å realisere tiltak for 150-160 millionar kroner, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon.

Sitat frå f.sak 005/25:
"Kommunedirektøren er sterkt uroa for undervisningstilbodet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar. Fleire av skulebygga har ei forfatning der vi ikkje kan innestå for kor lenge vi kan drive dei utan omfattande pålegg om utbetring/oppgradering. Det er ikkje mogleg å rehabilitere alle skulebygga, så her må vi prioritere. Driftssituasjonen er

kritisk, og justering av grunnskuleramma til eit nivå likt med samanlikningskommunane er særst utfordrande i seg sjølv. Med nedgang i elevtalet vil vi ikkje klare å organisere undervisninga på kvar skule innanfor dagens skulestruktur. Om vi ikkje gjer endringar, vert konsekvensen at grunnskulen ikkje vert drifta innanfor lærarnorma, og vi vil drive ulovleg. Vi bør derfor gjennomføre endringar på ein planlagt og trygg måte. Kommunen er mogleg i ferd med å ta økonomisk risiko som er i strid med kommunelova § 14-1. Vi har ein økonomiplan er i ferd med eller nær ved gå utanfor kommunen si handlingevne. Dersom kommunen ikkje klarer å realisere salderingstiltak for 150-160 millionar kroner, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon. Den økonomiske evna til å handle vil potensielt bli utfordra, med tilhøyrande risiko for at det vil gå betydeleg utover tenestetilbodet til innbyggjarane".

Alle tenester er gjennomgått med utgangspunkt å redusere kostnader. Desse tala vil endre seg i takt med det reelle folketallet kvart år og prognosar for vidare befolkningsutvikling. I kommuneplanen har vi valt å vise omstillingsrammene for nokre område. Tala er vist i 2023/2024-prisar (i mill. kr) og er lagt inn som økonomiplantiltak i samfunnsdelen for å synleggjere det store omstillingsbehovet til den kommunale drifta.

Samfunnsdelen har målsettingar og tiltak for å møte det store omstillingsbehovet. Dei økonomiske rammene til sektorane er basert på rammeoverføringar frå staten som igjen er basert på inntektssystemet sine kriterier og gjennomsnittskostnader i Kostragruppe 7. For å sikre ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift av oppvekstsektoren er det m.a. utgreidd strukturgrep med færre skular. I Helse og velferd er rammene auka m.a. for å kunne drifte ein ny institusjon i Florø som svar på demografiutfordringa med fleire eldre. Rammeauken er i tråd med ressursbehovet knytt til m.a. innfasing av heildøgns plassar i 10-årsperioden. Sentraladministrasjonen vert redusert i tråd med ny leiings- og styringsstruktur.

8.6 Ambisjonsnivå for dei ulike skulane

Det er utarbeidd ei rettleiande arealnorm for grunnskular i Kinn. Norma peikar på kva for funksjonar og storleiken på ulike rom og funksjonar som skal slå inn ved skuletype og skulestorleik. Norma skal leggast til grunn når det er vedteke eit utbyggingsprosjekt ved aktuelle skule. Norma er med på å sikre at kvart skuleprosjekt vert utvikla med like funksjonar og like kvalitetar. For tiltaksutviklinga i denne og tidlegare rapportar er det dette tiltaksnivået ein tek mål av seg å vidareføre i kalkylane. Det betyr at areal pr elev og vaksne skal vere omtrentleg likt i kommunale prosjekt.

8.6.1 Kva kjenneteiknar gode skular

³"En skole for vår tid" er sluttrapporten frå *Ekspertgruppa for skolebidrag*. Skulebidragsindikatorane for grunnskule synte store skilnader mellom skular og kommunar. Skulane i Kinn skårar ulikt på skulebidragsindikatorane, og dette kan fortelje om skilnader i undervisningskvalitet mellom skular og mellom årssteg internt på skular.

Ekspertgruppa har vurdert korleis skuleeigarar og skular betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid for å løfte kvaliteten på opplæringa. I rapporten beskriv ekspertgruppa kva som kjenneteiknar skular og kommunar som lukkast best med å løfte kvaliteten på opplæringa for elevane. Kjenneteikn ved skular og kommunar som oppnår høg kvalitet i opplæringa for elevane, kan oppsummerast som følgjer:

1. Skuleeigar viser genuin interesse for skulane sine aktivitetar, søker å forstå dei betre og styrkjer kompetansen innan skulefaglege spørsmål gjennom tett dialog med skuleleiarane.
2. Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar er alle klare på at deira oppgåve er å ivareta skulen sitt omfattande mandat og samfunnsoppdrag, som inneber å ruste elevane for livet.
3. Det er semje mellom skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar om at den mest essensielle kunnskapen og kompetansen for å oppfylle denne oppgåva er til stades innanfor skulesystemet.
4. Skuleeigarar og skuleleiarar har tillit til eigen og skulens kompetanse og arbeider aktivt for å forsterke denne. Dei beskyttar skulen mot unødvendige forstyrringar og støy, og fokuserer på kjerneaktivitetane.
5. Skuleleiarar er synlege og opprettheld tette relasjonar til skulane. Dei legg til rette for samarbeid som inneber regelmessig vurdering og utvikling, slik at skulen kontinuerleg aukar kunnskapen om sitt eige arbeid.

³ [En skole for vår tid - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

6. Skuleleiingar gir lærarane mynde og ansvar for å drive skuleutviklinga. Dei følgjer nøye med på lærarane sitt arbeid i profesjonsfellesskapet.
7. Medverknad er ein integrert del av systemet, og det omfattar alle, frå skuleeigar til elevar.
8. Læring er ein systematisk prosess, der lærarane lærer av elevane, skuleleiinga lærer av lærarane, og skuleeigarar lærer av skuleleiinga. Dette skapar ein kontinuerleg syklus med kunnskapsoverføring og utvikling.

8.6.2 Areal- og funksjonsprogram for skulebygg

Skulen er ein av dei viktigaste arenaene i samfunnet, der elevar utviklar kunnskap, ferdigheiter og sosiale relasjonar. Difor er utforminga av skulebygg avgjerande for eit godt læringsmiljø. Eit moderne skulebygg må vere fleksibelt, trygt og inspirerende, med omsyn til elevane sine behov og framtida sine krav.

Tilstanden til skulebygga i Kinn har vore gjenstand for fleire analysar. Bygga er bygd i ulike tidsaldrar med ulike perspektiv og grunnlag for utforming, dimensjonering og funksjonsvurderingar. Nye Skram skole har ei heilt anna arealnorm og funksjonalitet enn andre skular i Kinn.

Det er utarbeidd framlegg til arealnorm for grunnskulane i Kinn kommune, delvis tufta på erfaringane frå arealbruken ved Eikefjord barne- og ungdomsskule, Vågsøy ungdomsskule, Brandsøy oppvekstsenter og nye Skram skole. Nybygga set premissar for framtidige utbyggingsprosjekt i høve areal og funksjonar. Arealnorma skal fyrst leggjast til grunn når det er vedteke eit utbyggingsprosjekt, og det er ikkje slik at skular som ikkje oppfyller norma i dag automatisk får tilført midlar. Når ein likevel skal jobbe med skulestruktur og langsiktige tilpassing av areala er det likevel relevant å vurdere tiltak opp mot funksjonane slik dei no blir utforma etter dagens læringsform og arealnorm. Eldre bygg kan ikkje oppnå same funksjonsgrad og standard, men kan likevel vurderast opp mot slike normer, og omsyntakast i planlegging.

8.6.3 Detaljering av areal og funksjonsprogram

Gode skulelokale bør støtte ulike læreformer. Romstrukturen i ein skule bør leggje til rette for ulike undervisningsformer. Skulelokala bør kunne nyttast til gruppearbeid, prosjektarbeid, individuelt arbeid og tradisjonell undervisning, slik at elevane kan variere arbeidsmetodane sine. Teknologi og digitale verktøy bør vere lett tilgjengelege og uteområde må leggje til rette for både fysisk aktivitet og læring. Universell utforming sikrar at alle elevar kan bruke lokala på ein god måte. Ein godt utforma skule støttar læring, samarbeid og tryggleik for både elevar og lærarar.

Nedanfor har vi vist kva prinsipp våre nye bygg er tufta på:

Læringsareal: Romma skal vera store nok til at skulen kan ha grupper med ein storleik som er både pedagogisk formålstenleg og effektiv når det gjeld ressursutnytting. For liten gymsal, for få stasjonar i mat og helse, kunst- og handverksrom/elevgarderobar med for låg kapasitet, fellestolett med innsynsmoglegheit og for store/små klasserom/grupperom er døme på faktorar som trekkjer ned.

Framlegg til arealnorm Kinn		
SKULETYPE:		Pr.elev
GENERELT LÆRINGSAREAL:		
GENERELLE LÆRINGSAREAL		4,00
ELEVgarderobar/toalett		0,83
SFO-BASE		0,20
SUM GENERELT LÆRINGAREAL:		5,03
SPEIELT LÆRINGAREAL:		
SKULEkjøken		0,17
BIBLIOTEK		0,25
NATURFAG		0,13
MUSIKK		0,25
KUNST OG HÅNDVERK		0,42
SUM SPEIELT LÆRINGAREAL		1,22
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON		
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)		0,17
LÆRERARBEIDSPASSER M/STØTTEFUNKSJONER		0,46
MØTEROM		0,09
PERSONALROM		0,14
PERSONALgarderobar/toalett		0,09
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONAREAL		0,95
ANDRE FUNKSJONER:		
KANTINE		0,30
HELSE/PPT/LOGOPED		0,05
DRIFT OG LAGER		0,21
SUM ANDRE FUNKSJONER		0,56
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal		7,75
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)	1,45	11,24
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)		
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal		8,92
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor):	1,45	12,93
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggtykkelser, gangareal m.m.		

Spesialrom: Spesialrom inneber for barneskular mat og helse, kunst og handverk (tekstilrom og sløydrom med tilhøyrande maskin- og lagerrom), musikk med tilhøyrande øvingsrom, bibliotek og gymsal med tilhøyrande garderobar. Manglande areal til naturfag/teknologi trekkjer for barneskular ned totalvurderinga, men diskvalifiserer ikkje. For ungdomsskular blir rom til naturfag rekna som nødvendig.

Elevgarderobar: Når det gjeld elevgarderobar, er dette i nyare skular stort sett eigne rom. Eldre skular løyser som oftast hovudsakleg denne funksjonen i korridor. Dette diskvalifiserer ikkje, men trekkjer ned i totalvurderinga.

Fellesareal inneber i utgangspunktet at det finst fleire rom innandørs som er eigna til å samla alle eller store delar av elevane ved skulen og tilsette. Viss skulen har ein nærliggjande gymsal som felles samlingsrom, vil dette berre delvis dekkja funksjonen.

Tilrettelagt skuletilbod: For elevar med spesielt tilrettelagt skuletilbod er det lagt til grunn at ein på lik linje med ordinære undervisning skal ha varierte rom som er eigna til undervisning i relevante læreplanmål, i tillegg til mellom anna kvardagslivstrening og andre tilpassa aktivitetar.

Uteareal: Uteareala blir vurderte med tanke på om det er tilstrekkeleg stort med eit variert aktivitetstilbod. Utomhus blir det òg vurdert om tilkomsten er trygg og trafikksikker. For spesialavdelingar blir dette vektlagt endå sterkare, då desse elevane som oftast har sterkare behov for tilrettelegging med tanke på visuell stimulering, støy og kommunikasjon mellom inne- og utearealet.

Gruppeareal: Tilgang til gruppeareal inneber at kvart klasserom har eit eige grupperom eller gruppeareal med formålstenleg storleik i nærleiken. Dette er vurdert som nødvendig for i større grad å kunne tilpasse undervisninga til ulike elevgrupper. Arealet bør vere så nært at det er mogleg å ha visuell kontakt frå klasserommet, anten gjennom glasflater eller open dør. For spesialavdelingane er grupperom definert inn i punktet som omhandlar spesialrom.

Utforming: Vurderinga av arealet til personalet følgjer i hovudsak same punkt som arealet til elevane, tilpassa til funksjonane til personalet.

Lærararbeidsplassar: Med utgangspunkt i Arbeidstilsynets «Rettleiing til dokumentasjonskrav – Arealkrav til kontorarbeidsplassar» (u.d) er det i vurderinga av eksisterande skular lagt til grunn 6 m² pr. årsverk til kontorarbeidsplass for lærarar. Vurderinga baserer seg på om det er tilstrekkeleg areal til lærararbeidsplassar pr. årsverk med dagens elevtal.

Administrasjon, elevteneste og støttefunksjonar: Skular har behov for arbeidsplassar til adm./leiing og elevteneste/helsesjukepleiar. Møteromkapasitet vil avhenge av storleiken på skulen.

Planløyising og tryggleik

Tilgang til naudsynte fellesfunksjonar: Det skal vere enkel og effektiv tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette, der det er ein naturleg flyt i den daglege arbeidskvardagen. Faktorar som kan trekke ned er mellom anna at skuleanlegget er delt i fleire bygg med utvendig transportavstand for elevar og tilsette, uhensiktsmessig transportareal gjennom klasserommet til elevane/trinnareal, lang avstand mellom inne- og uteområde og liknande.

Ein inkluderande skule tek omsyn til alle elevar, uansett funksjonsevne. Universell utforming sikrar at rullestolbrukarar, syns- og høyrselshemma, og andre med spesielle behov har like moglegheiter til å delta i undervisninga. Variasjon i læringssoner gjer det mogleg å tilpasse skulekvardagen til individuelle behov.

I rapporten er arealnorma og funksjonsprogram nytta til å synleggjere ombygging, rehabilitering og tilbygg som ledd i vurdering kva utfordringar vi står ovanfor. I det vidare arbeidet viser ein oversikt over eit utgangspunkt for arealnorm, funksjonskrav og kva dette har å seie for skulane i Kinn.

Universell utforming er også eit krav og gjeld tilgjenge i bygg, lys og andre tilpassingar.

8.6.4 Vurdering av areal- og funksjonar ved skulane

Norconsult har gått gjennom OSE sine rapportar og underlag – og er utfyllande i høve dette grunnlaget. Norconsult si tilstandskartlegging har samt overordna vurderingar av VVS-installasjonar, el-kraft, ekom og automatisering og andre installasjonar.

Florø barneskule

Florø barneskule har elevar på 1.-7. årssteg og er kommunens største grunnskule, målt i tal elevar og tilsette. Skulen blei bygd i 1934, påbygt i 1956 og pussa opp i 1997. Skuleanlegget består av eit eldre hovudbygg over fire etasjar med eit nyare tilbygg for personal- og administrasjonsfunksjonar. Florø barneskule har små klasserom, og lite grupperom som kan verte nytta til støtteareal. Skulen har skulekjøkken og rom for kunst og handverk, men manglar eigne rom for musikk og naturfag. Skulen har for lite kroppsøvingsskapasitet i eksisterande gymsal. Norconsult har vurdert at Florø barneskule slik den framstår i dag er mindre egna med utgangspunkt i manglande funksjonar, som små klasserom, få og spreidde grupperom, ingen felles samlingsareal, knapp gymsalsfunksjon og nærleiken mellom ulike funksjonar i anlegget. Skulen driv i dag SFO på 5 stader i anlegget. Dette er assistentintensivt og personalkrevjande. Det er kartlagt oppgradering og rehabilitering av byggetekniske forhold.

Torvmyrane skule

Torvmyrane skule har elevar på 1.- 7. årssteg. Skuleanlegget vart bygd i 1998 og består av tre fløyer, kor av den eine vert nytta til barnehage. I dei andre to fløyene har skulen personalareal, spesialisert læringsareal og generelle læringsareal. Torvmyrane skule har sambruk av delar av fellesareala, og ein klår klasseromstruktur med grupperom tett knytt opp til klasseromma. Skulen har små klasserom, men greitt med grupperom tilgjengeleg. Skulen har skulekjøkken og rom for kunst og handverk, men manglar eigne rom for musikk og naturfag. Skulen har god kroppsøvingsskapasitet. Tilhøva for personalet er gode, men tronge.

Brandsøy skule

Brandsøy skule er ein fådelt skule og er den minste skulen på Florelandet. Skulen er ein tradisjonell klasseromskule med 5 klasser og har gode og romslege areal til elevane og personalet. Romma er funksjonelle og er tilpassa varierte grupper og arbeidsformer. Generelt og

spesialisert læringsareal ligg i 1. etasje medan personal- og administrasjonsfunksjonane er lagt i 2. etasje. Brandsøy skule har gode klasserom og greitt med grupperom. Skulen har spesialrom til mat og helse og kunst og handverk, men manglar spesialrom til naturfag, musikk og bibliotek. Tilhøva for personalet er tilfredsstillande.

Raudeberg skule

Raudeberg skule har gode klasserom, men litt få grupperom. Skulen har spesialrom til mat og helse, bibliotek og kunst og handverk, men manglar spesialrom til naturfag og musikk. Tilhøva for personalet er tilfredsstillande.

Skavøypoll skule

Skavøypoll skule er ein klasseromskule med grei standard på klasserom, grupperom og spesialrom. Uteområdet er stort og godt tilrettelagt for ulike aktivitetar og alderssteg. Skulen har spesialrom til mat og helse, bibliotek og kunst og handverk, men manglar spesialrom til naturfag og musikk. Tilhøva for personalet er tilfredsstillande.

Nye Skram skole

Nye Skram skole får tilgang til 15 klasserom når SFO har full sambruk med 1. årssteg.

Skulen vert moderne og framtidsretta og får gode støttefunksjonar i og rundt klasseromma. Skulen har også arbeidsplassar etter behovet. Spesialiserte funksjonar, som gymsal, er justert for å kunne ta imot fleire elevar.

Krokane skule.

Krokane skule er bygd som ein 1,5 parallell 1.-7. skule. Skulen disponerer 12 klasserom, skulen er ikkje ein full 2-parallell skule med 2 klasser på kvart årssteg. Krokane skule har behov for omfattande oppgradering og manglar også vesentlege funksjonar som fellesareal, grupperom og lærararbeidsplassar. Skulen er bygd som ein tradisjonell klasseromskule, der klasseromma ligg langsmed ein korridor.

8.6.5 Vurdering av kvar skule

	Florø B	Krokane	Torvmyrane	Brandsøy	Nye Skram	Skavøypoll	Raudeberg
Læringsareal	Små klasserom	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Tilfredsstillande
Grupperom	Lite tilgjengeleg	Lite tilgjengeleg	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Liten kapasitet
Spesialrom	Manglar naturfag og musikk	Manglar naturfag	Manglar naturfag og musikk	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Manglar naturfag og musikk	Manglar naturfag og musikk
Garderobe	Manglar	Manglar	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Tilfredsstillande
Fellesareal	Lite tilgjengeleg	Lite tilgjengeleg	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Tilfredsstillande
Tilrettelagt areal	Lite tilgjengeleg	Lite tilgjengeleg	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Ikkje særskilte areal
Lærar-arbeidsplassar og adm.	Tilfredsstillande	Ikkje tilstrekkeleg	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Tilfredsstillande
Uteareal	Nyttar tilgrensande friareal. Bør oppgraderast	Bør oppgraderast	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande	Tilfredsstillande		Tilfredsstillande
Andre forhold	Manglar idrett/gymsal	Ikkje tilstrekkeleg elevtoalett					
Totalvurdering							

Funksjonsvurderinga som Norconsult har utarbeidd peikar på at Florø barneskole og Krokane skule er mindre egna, medan Brandsøy og Torvmyrane skule har god funksjonalitet.


Forstudie for utvikling av Florø barneskole og Krokane barneskule – ombygging og tilbygg

I tidlegare analysar er det peika på bygningsmessige utfordringar for Florø barneskole og Krokane skule.

Norconsult har utarbeidd ein forstudie/moglegheitsstudie ved Florø barneskole tilpassa eit elevtal på 600 elevar og Krokane skule tilpassa 1,5 parallell som er kapasiteten i dag. [Rapporten er vedlagt.](#)

8.6.6 Ambisjonsnivå

Figurane under syner før og etter tiltak for Florø barneskole og Krokane skule. Begge skulane er blant dei bygga med store behov for vøling og rehabilitering – og eventuelle tiltak vil medføre auka funksjonalitet/eignaheit og betre teknisk tilstand.



Det er særleg «gamlebygget» ved Florø barneskole som vert ombygd (innomhus) og rehabilitert – og vil saman med tilbygg vere det mest omfattande tiltaket ved skulen. Når tiltak ved desse to skulane er ferdigstilt, vil teknisk tilstandsgrad og eignaheitsgrad betre seg monaleg.

Tiltaksnivå	Florø barneskole («gamlebygget»)	Skavøypoll skule	Krokane skule
Funksjonelle utfordringar	Små klasserom, få grupperom, lite garderobekapasitet, mange elevar pr etasje, lukka skuleanlegg, manglar eit tydeleg inngangsparti, ingen felles samlingsrom, for liten gymsalskapasitet. Administrasjon og lærararbeidsplassar er lokalisert i 3 etg. Manglar nokre spesialrom. Skulen driv SFO i 5 rom.	Rehabilitering av innvendige elev- og tilsettefunksjonar.	Tiltak er tufta på vidareføring av ein kapasitet som tilseier 1,5 parallell skule. Behov for fleire grupperom, auka kapasitet til lærararbeidsplassar, møterom, manglar felles samlingsrom. Modernisering av elevtoalett.

Teknisk tilstand (vedlikeholdsetterslep) (OSE rapportar som er supplert av Norconsult.)	Fasadeutbetring, etterisolering, vindauge, oppgradering av overflater, taktekking / reparasjon, bergvarmepumpe inkl. leidningsnett, distribusjon/radiator, oppgradering sanitær, oppgradering elektro	Tak, overflater, yttervegger, elektro, vindauge m.m.	Fasadeutbetring, etterisolering, vindauge. Generell oppgradering av overflater, taktekking / reparasjon, noko oppgradering fast inventar og sanitæranlegg, varmepumpe luft til luft, oppgradering luftbehandling, oppgradering elkraft.
Kalkyle kostnad i 2024	Samla kostnad : Kr. 188 mill. Rehabilitering kr. 27 mill. Tilbygg kr. 69 mill. Tilbygg gymsal/idrettsbygg kr. 66. mill. Vedlikeholdsetterslep kr. 25,5 mill.	Samla kalkyle på 36 mill. kr, der 18 mill. kr er oppgradering av teknisk tilstand.	Samla kostnad kr. 102,9 mill. Rehabilitering + (1,1 riving paviljong) kr. 44 mill. Tilbygg kr. 45 mill. Vedlikeholdsetterslep kr. 12,8 mill.

8.6.7 Behov for tiltak knytt til ambisjonsnivå

	Florø B	Krokane	Torvmyrane	Brandsøy
Læringsareal	Ikkje hensiktsmessig å endre	Sjå under	Ingen tiltak	Tilfredsstillande
Grupperom	Gjere om dagens klasserom for å få på plass grupperom	Gjere om dagens klasserom for å få på plass grupperom	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Spesialrom	Omsynta i samband med ombygging/rehabilitering	Omsynta i samband med ombygging/rehabilitering	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Garderobe	Gjere om korridor	Gjere om korridor	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Fellesareal	Omsynta ombygging/rehabilitering.	Omsynta ombygging/rehabilitering, mogeleg tilbygg	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Tilrettelagt areal (m.a areal til sårbare barn)	Omsynta ombygging/rehabilitering.	Lite tilgjengeleg	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Lærararbeidsplassar og administrasjon	Ingen tiltak	Ikkje tilstrekkeleg	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Uteareal	Omsynta ombygging/rehabilitering	Omsynta ombygging/rehabilitering	Ingen tiltak	Ingen tiltak
Andre forhold	Manglar idrett/gymsal – omsynta i samband med investeringar	Ikkje tilstrekkeleg elevtoalett. Omsynta	Auka kapasitet dersom skulen vert to parallell	Ingen tiltak

8.7 Alternativvurderingar

8.7.1 Generelt om strukturalternativ

Det er bede om ei konsekvensvurdering for område i kommunen, med og utan skule. Dette som ledd i supplerings av skulefaglege vurderingar. Når ein skal vurdere dette, må ein også vurdere implisitte problemstillingar. Skal Brandsøyområdet vere utan skule, må ein samstundes vurdere kvar elevane skal gå på skule. Mottakande skule må ha plass til elevane, det løyser ut moglege ombyggingar, og ikkje minst endrar ein skuleskyss med buss-, gang- og sykkeltid for elevane.

Vi har også nytta denne analysen til å krysskople og velje ut realistiske alternativ:

- Kapasitet – Kva skule har kapasitet til å ta imot elevar
- Avstand – Om ein skal flytte elevar mellom skulane, kva er avstand
- Investering – Kva bygningsmessige tiltak må gjennomførast

Analysen gjev oss grunnlag for å drøfte realistiske alternativ.

Tabellane under viser kva skulekrets barna høyrde til i mars 2025. I den andre tabellen er det og vist korleis barna var busette 01.10.2024. Som det går fram av tabellen er heile tida endringar i talet på barn i dei ulike skulekretsane. I den siste tabellen er det vist korleis elevtalet kan verte for skuleåret 2030-2031 dersom vi berre legg inn ein føresetnad: dei barna som pr. i dag er fødte vil gå på skule i den same skulekretsen som dei er fødte i. I same tabell er det vist prognosetala frå vedlagte rapport frå Norconsult (Sjå link i kap. 9). Prognosane i rapporten legg til grunn ei innflytting av barn til Kinn.

	15 år	14 år	13 år	12 år	11 år	10 år	9 år	8 år	7 år	6 år	5 år	4 år	3 år	2 år	1 år	0 år
Situasjonen pr. mars 2025	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Raudeberg skule	13	19	15	11	17	15	12	10	9	6	4	7	8	7	8	10
Skavøypoll skule	21	28	22	20	19	15	20	18	14	21	15	14	13	13	20	12
Skram skule	35	33	52	32	32	32	37	33	38	28	23	28	33	25	21	16
Sum	69	80	89	63	68	62	69	61	61	55	42	49	54	45	49	38
Torvmyrane skule	18	17	23	25	19	22	20	20	20	16	24	15	18	14	16	20
Krokane skule	31	26	27	27	17	27	14	24	11	18	13	26	17	14	22	16
Florø barneskole	89	95	88	58	55	60	70	63	66	62	50	51	66	50	54	63
Brandsøy skule	9	10	10	19	13	11	20	11	22	6	16	12	11	11	15	13
Sum	147	148	148	129	104	120	124	118	119	102	103	104	112	89	107	112

2025	Kapasitet	7. klasse	6. klasse	5. klasse	4. klasse	3. klasse	2. klasse	1. klasse	Sum	GSI 01.10.24	Endring 2024-2025
Raudeberg skule	190	11	17	15	12	10	9	6	80	78	2
Skavøypoll skule	210	20	19	15	20	18	14	21	127	130	-3
Skram skule	250	32	32	32	37	33	38	28	232	239	-7
Delsum	650	63	68	62	69	61	61	55	439	447	-8
Torvmyrane skule	300	25	19	22	20	20	20	16	142	177	-35
Krokane skule	325	27	17	27	14	24	11	18	138	148	-10
Florø barneskole	550	58	55	60	70	63	66	62	434	417	17
Brandsøy skule	185	19	13	11	20	11	22	6	102	101	1
Delsum	1360	129	104	120	124	118	119	102	816	843	-27
Sum	2010	192	172	182	193	179	180	157	1255	1290	-35

2030/2031	Kapasitet	7. klasse	6. klasse	5. klasse	4. klasse	3. klasse	2. klasse	1. klasse	Sum	Skilnad 2025-2030	Prognose vedlagt Norconsult-rapport
Raudeberg skule	190	6	4	7	8	7	8	10	50	-30	65
Skavøypoll skule	210	21	15	14	13	13	20	12	108	-19	115
Skram skule	250	28	23	28	33	25	21	16	174	-58	199
Måløy	650	55	42	49	54	45	49	38	332	-107	379
Torvmyrane skule	300	16	24	15	18	14	16	20	123	-19	142
Krokane skule	325	18	13	26	17	14	22	16	126	-12	530
Florø barneskole	550	62	50	51	66	50	54	63	396	-38	
Brandsøy skule	185	6	16	12	11	11	15	13	84	-18	68
Florø	1360	102	103	104	112	89	107	112	729	-87	740
Sum	2010	157	145	153	166	134	156	150	1061	-194	1119

8.7.2 Føresetnader

Når vi skal vurdere økonomiske konsekvensar har vi nytta føresetnadene i tabellen nedanfor.

Føresetnader	
Skyss – enkelbillett – pr. dag pr. elev (skuledagar 180 dagar)	50
Rente (5 års marknadsrente)	4,50 %
Avdrag	0,033
Adm	700 000
Investeringskostnad pr. kvm (nybygg)	55.000,-
Investeringskostnad pr. kvm (rehabilitering)	30.000,-
Grunnressurs	1 100 000
Vedlikehald pr. kvm – KOSTRA landsgjennomsnitt	1290
Areal pr. elev – ref. arealnrm kap 6.12. for skulebygg	11,5 kvm pr. elev
Tomtesal - estimat pr. kvm frigitt areal	1 500
Kostnad riving av skulebygg pr. kv.m.	2 500

Til grunn for utrekningane ligg følgjande:

Lønskostnader: Kostnader til løn, inkludert sosiale utgifter. Kommunale tal.

Bygningsdrift: Inkluderer årlege kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) med utgangspunkt i tal m² sett mot KOSTRA tall.

Skyss: Inkluderer årlege kostnader til skyss for elevar i dei ulike alternativa (skule). Kostnad per elev per dag etter fylkeskommunal sats på 50 kr.

Investeringskostnad: Inkluderer kostnad til oppussing, lett ombygging, ombygging eller nybygg/tilbygg. Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Oppussing/rehabilitering: Oppgradering og vedlikehald av overflater, golv, vegg og små utbetringar for delar av anlegg med synleg slitasje og/eller der ein ikkje har gjort vedlikehald siste åra. Areal som krev nokre mindre strukturelle grep og optimalisering av areal, t.d. flytting av nokre veggjar, men der ein ikkje, eller i mindre grad, reknar med endringar som medfører krav etter TEK-17.
- Nybygg/tilbygg: Areal som lyt byggast nytt / byggjast til for å ha nok kapasitet, stette lovkrav og fornye anlegga etter kommunal ambisjon om framtidsretta barneskulebygg.

Kapitalkostnader: Inkluderer årlege kostnader til avdrag og renter for lån til investeringane. Kostnader investeringar bygger på omfang av tiltak med siste kvadratmeterprisar etter Norsk Prisbok (Versjon 1/24) (55.000,- pr. kvm) (sjå neste kapittel). Rentesats 4,5%, 30 år nedbetaling.

Følgjande er ikkje tatt med i dei økonomiske berekningane:

Tomtekjøp: Tomtekjøp ved alternativ lokasjon/utviding av tomteareal er ikkje medteke i kostnader, og krev eventuelt eiga sak.

Inventar: Prosjektet legg til grunn stor grad av gjenbruk og ombruk. Kostnader til inventar er ikkje medtekne, anna enn det som ligg i kontoplanen.

Midlertidige lokale: Kostnader til eventuelle midlertidige lokale ved oppgradering av anlegg ligg ikkje inne i prisane. Ein legg til grunn utnytting av ledig kommunal kapasitet. Elles lyt alternativ kostnadsreknast i det einskilde tilfelle. Kommunen eig modulbygg som kan flyttast.

Tilskot per grunnskule: I regjeringa sitt budsjett frå 2022 vart det innført eit årleg tilskot på NOK 500.000 per grunnskule, gjeve som frie midlar til kommunane. Satsen vart for 2023 auka til NOK 519.000 per grunnskule. Ein reduksjon i tal skular, vil redusere denne frie inntekta til Kinn kommune tilsvarande. Det er politisk usemje om denne tilskotsordninga på nasjonalt nivå, og det er derfor ikkje lagt inn som del av dei økonomiske berekningane for kvart alternativ. Per april 2024, vil det likevel vere slik at eksempelvis 1 færre skule medfører reduksjon i årleg tilskot på om lag NOK 0,5 mill.

Redusert demografitilpassing : Elevtalet i Kinn går nedover. Dette gjev lågare inntekter. Når grunnskulesektoren har teke ut effekt samanlikna med kommunane i samanlikningsgruppa vår (KOSTRA-gruppe 7) er det å finne realistiske tiltak for korleis tilpasse grunnskulesektoren. Når ein kjem ned på minimumsløysing for mange skular er det mindre å hente. Ressursar til mange små skular kjem på eit lågt nivå om vi overfører inntektstap i sin heilheit på skulane. Strukturtiltak er dermed naudsynt for å handtere demografitilpassingar. Samlar vi fleire elevar på færre skular oppnår vi denne demografitilpassinga vesentleg betre.

Det er i denne rapporten ikkje tek omsyn til logistikk og mellombelse løysingar under byggeperioden. I prinsippet kan vi sjå på dette som ein faktor som er lik for alle områdevurderingane.

8.7.3 Etterbruk av skuleområde

Alt	Område utan skule	Område med skule	Etterbruk, mogeleg riving og sal av areal
1	Utan Brandsøy skule	Florø B, Torvmyrane og Krokane	Grendelaget har avtale om samdrift av bygget. Skulle skuledrifta leggst ned kan ikkje skulen sanere bygget einsidig. Barnehagedrifta må og finne ei løysing. Dette er lagt inn som premiss i denne områdevurdering
2	Utan Florø B.	Krokane, Brandsøy, Torvmyrane	Florø barneskule har føresegnar om bevaring, men bygget er ikkje verna. Det må difor ein omfattande prosess til for å kunne få høve til rive og avhende deler av skuletomta, men det likevel gjort ei generell vurdering av sal/riving. Alternative formål kan vere park og friareal heilt eller delvis. Det er teke omsyn til opparbeiding av park m.m.
3	Utan Krokane skule	Florø B, Torvmyrane, Brandsøy	Mogeleg riving av Krokane skule og omgjerung til anna arealbruk krev ny regulering. Til liks med Florø barneskule er det lagt opp til riving av bygg, og opparbeiding. Alternative formål kan vere park og friareal heilt eller delvis. Det er teke omsyn til opparbeiding av park mv.
4	Utan Torvmyrane skule	Florø B, Krokane, Brandsøy	På grunn av barnehagedrifta synes det komplisert å rive og avhende skuledelen, men også her er det lagt inn eit mogleg sal/riving.
5	Fordeling av elevar mellom skulane	Alle skulane i drift, større skule på Krokane. Redusert barnetal Florø B.	Alternativet inneber at det skal vere drift på alle areala.
6	2 skular i Florø	Ny stor skule i Florø og Torvmyrane	Det må lagast ei sak om lokalisering av ny barneskule. Sidan vi går frå 4 til 2 skular er det teke omsyn til riving av to anlegg, og kostnader for etterbruk.
7	Utan Skavøypoll skule	Skram, Raudeberg	I samband med mogleg riving og etterbruk må barnehageformålet vurderast. Det ligg til rette for å bruke deler av areal til bustad, og utviding av leik/park elles.

8	Utan Raudeberg skule	Skram, Skavøypoll	Det ligg til rette for å bruke deler av areal til bustad, og utviding av leik/park elles.
9	1 skule i Måløy	Skram	Sjå punkta over.
0	Som i dag Florø	4 skular i Florø, Krokane, Torvmyrane, Brandsøy	Sjå over.
0	Som i dag Måløy	3 skular i Måløy, Skavøypoll, Måløy, Raudeberg	Sjå over.

8.7.4 Investeringsbehov for skulebygga og driftseffektar

Krokane skule og Florø barneskule er vurdert til å vere mindre eigna ut frå vurdering om korleis skular bør utformast (Norconsult) og nødvendige funksjonar skulane bør ha. Desse skulane treng også store bygningsmessige rehabiliteringstiltak. I økonomiplanen har vi ikkje funne rom for å investere både i Krokane og Florø barneskule. Florø barneskule er valt ut frå rehabiliteringspotensiale, kortast skuleveg for flest, har størst elevkapasitet og nye store uteareal vert gjort tilgjengelege.

Skavøypoll skule treng også rehabilitering, men er vurdert å vere eigna ut frå funksjonsgjennomgangen. Her vil vi gradvis rehabilitere skulen. Det er inngått kontrakt om bygging av Skram skule. Raudeberg skule og Torvmyrane skule har tilfredsstillande bygningsmessig standard og med få unntak har dei tilfredsstillande funksjonsnivå. For desse skulane er det mindre rehabiliteringsmessig etterslep, slik det går fram av tabellen.

Kompleksiteten i arbeidet med å vurdere skulebygga i denne utgreinga er at alle område i Florø (eks. Eikefjord) og Måløy (eks sentrum/Skram) skal vurderast med og utan skule. Dette gjer at vi må bygge ein «kompleks modell» for utbygging. Vi må då ta omsyn til skulekapasiteten i den skulen som skal ta imot fleire elevar. Føresetnadane er oppsett nedanfor.

Tabell : Oversikt over områdevurderingar med/utan skule – konsekvensar for kapasitet og investering.

Alt	Område utan skule	Område med skule	Konsekvensar for investering, kapasitet og oppfylling av funksjonskrav
1	Utan Brandsøy skule	Florø B, Torvmyrane og Krokane	▪ Elevane frå Brandsøy vert overført til Torvmyrane. ▪ Oppretthalde byggdrift i Brandsøy grunna avtale med grendelag. ▪ Oppretthalde barnehage i Brandsøy ▪ Må utvide Torvmyrane med fleire klasserom eller legge ned barnehage på Torvmyrane og overføre barnehagebarna til Brandsøy. ▪ Rehabilitering av Krokane skule og Florø barneskule
2	Utan Florø B.	Krokane, Brandsøy, Torvmyrane	▪ Elevane frå Florø barneskule vert overført til Krokane skule ▪ Utviding av kapasitet på Krokane til ein 4-parallellskule. Rehabilitering og tilpassing til dagens areal- og funksjonsprogram for Krokane skule. ▪ Små rehabiliteringsoppgåver på Torvmyrane. ▪ Dersom Florø barneskule vert lagt ned kan vi rive bygget og selje deler av tomta. Florø barneskule har føresegnar om bevaring, men bygget er ikkje verna.
3	Utan Krokane skule	Florø B, Torvmyrane, Brandsøy	▪ Elevane frå Krokane skule vert overført til Florø barneskule og Torvmyrane

			▪ Rehabilitering og tilpassing til dagens areal- og funksjonsprogram for Florø barneskole ▪ Små rehabiliteringsoppgåver Torvmyrane.
4	Utan Torvmyrane skule	Florø B, Krokane, Brandsøy	▪ Elevane frå Torvmyrane skule vert overført til Krokane ▪ Utviding av kapasitet på Krokane ▪ Behalde barnehagedelen eller flytte den til Brandsøy ▪ Rehabilitering og tilpassing av dagens areal- og funksjonsprogram for Florø barneskole og Krokane skule
5	Fordeling av elevar mellom skulane	Alle skulane i drift, større skule på Krokane. Redusert barnetal Florø B.	▪ Utviding av kapasitet på Krokane og redusere Florø B ▪ Rehabilitering og tilpassing dagens areal- og funksjonsprogram for Florø B og Krokane
6	2 skular i Florø	Ny stor skule i Florø og Torvmyrane	▪ Elevane frå Krokane vert overført til Florø barneskole. ▪ Elevane frå Brandsøy vert overført til Torvmyrane skule ▪ Vurdere lokalisering av ny skule i Florø ▪ Sanering av Krokane og Florø B. ▪ Barnehage og grendehus i Brandsøy må avklarast.
7	Utan Skavøypoll skule	Skram, Raudeberg	▪ Gjennomføre påbegynt Skram skole, supplere med ny etg. før skulen blir teken i bruk. ▪ Små rehabiliteringsoppgåver på Raudeberg
8	Utan Raudeberg skule	Skram, Skavøypoll	▪ Gjennomføre påbegynt Skram skole, vurdere å justere ventilasjon m.m. for auka elevtal frå Raudeberg innanfor eksisterande ramme.
9	1 skule i Måløy)	Skram	▪ Gjennomføre påbegynt Skram skole, supplere med ny etg. før skulen blir teken i bruk.
0	Som i dag Florø skule	4 skular i Florø, Krokane, Torvmyrane, Brandsøy	▪ Same struktur som i dag, men gjennomføre rehabilitering og tilpassing til dagens areal- og funksjonsprogram for Krokane og Florø B.
0	Som i dag Måløy	3 skular i Måløy, Skavøypoll, Måløy, Raudeberg	▪ Gjennomføre påbegynt Skram skole som planlagt ▪ Rehabilitering og modernisering av Skavøypoll. ▪ Gjennomføre mindre rehabilitering på Raudeberg.

I områdevurderingane er det også teke omsyn til at for område som eventuelt skal vere utan skule er det lagt til grunn ein vidare prosess etter eit mogeleg vedtak. Deler av områda kan omregulerast til alternativ bruk og omsetjast. Det er også teke omsyn til at ein skal kunne legge til rette for ny bruk av områda til leik, fritid og park. Rivingskostnader av bygg, mogeleg tomtesal, planlegging ny arealbruk og opparbeiding er omsynsteke. Park, leik og fritid løyser ut eksterne tilskot, men desse er ikkje teke med no.

Det er viktig å merke seg at investeringane i bygga er basert på dagens areal- og funksjonsprogram. Særleg Florø barneskule og Krokane skule har så store manglar at dei er vurdert til å vere mindre egna slik dei framstår no. Investeringane som er lagt inn har som mål å gje funksjonelle og gode læringsarenaer. Om ein i samband med konkrete investeringar skulle velje ein ei lågare kvalitet vil dette ha den verknad at det gjeld alle investeringane (samanlikning av eple og eple).

Med utgangspunkt i areal- og funksjonsprogrammet tidlegare i dokumentet er det likevel mogleg å lage ei skisse på kva investering som må til. Denne viser at differansen mot å rehabilitere er såpass stor at vi må vurdere dette som eit meir realistisk alternativ. Vi ser ikkje føre oss at ei tilpassing og rehabilitering av Krokane skule og Florø barneskule løyser ut hovudombygging.

8.7.5 Føresetnader for økonomiske vurdering av drift, investering og kapasitet for områder med/utan skule

Dei økonomiske konsekvensane av område med og utan skule er vist i tabellen nedanfor. Føresetnadene er gitt i tidlegare i kapitlet.

Tabellen nedanfor viser at investering i Florø barneskule gjev lågaste kostnader. I Florø gjev fordeling av elevar mellom skulane høgaste kostnader. I Måløy gjev alternativet med nedlegging av Raudeberg skule lågaste kostnader.

Alternativa som er vurdert er skildra i kapittel 7.7.4.

Modellen tek omsyn til

- Forskjellar i investeringar mellom alternativa. Desse er avhengig av kapasitet og tilpassing til areal- og funksjonsprogrammet. Ein oppnår mindre investeringar med å fase ut bygg av låg standard og låg tilpassing til dagens behov for areal- og funksjonar.
- Rente- og avdragskostnadene fylgjer investeringane.
- Drift av skulebygg er avhengig av størrelse på bygg. Då arealet varier mellom områdevurderingane er det som omtalt teke utgangspunkt i KOSTRA-vurderingar.
- Det er teke omsyn til den administrative delen av ein skule som representerer ei innsparing dersom den blir lagt ned. Når ein skule får endra elevtal aukar også dei administrative oppgåvene.
- Kvar skule vert tildelt ein basisressurs, uavhengig av elevtal. Dette representerer også ei innsparing om ein skule vert lagt ned.
- Det er tek omsyn til kostnader til riving, etterbruk, mogleg tomtesal og planlegging dersom ein vel å fase ut eit skuleanlegg.
- Det er teke omsyn grupper/klassar basert på elevtal i 2030/2031 for å illustrere forskjellar i områdevurderingane med/utan skule. Tilsvarende har ein gjort om det er forskjellar på årsverk mellom alternativ (lærarnorm). Lærarnorma gjer at ein ikkje kan ta ut effektar av klasseendringar fullt ut.

Figur: Årlege utgifter (mill. kr.) ved områdevurderingar med/utan skule – vurdert mot økonomiplan

Alternativ	0 alt Florø	0 alt Måløy	1 Utan Brandsøy	2 Utan Florø Barnes.	3 Utan Krokane	4 Utan Torvmyrane	5 fordeling av elevar mellom skular - Florø	6 (2 skular i Florø)	7 Utan Skavøypoll	8 Utan Raudeberg	9 (1 skule i Måløy)
Antall skular	4	3	3	3	3	3	4	2	2	2	1
Grupper (klassar)	44	26	42	40	39	42	46	35	22	21	21
Lærernorm (min)	55	30	55	52	50	54	56	52	28	26	23
Areal (1.000 kvm)	12,80	8,80	13,50	11,65	10,20	14,00	15,70	11,26	7,95	7,00	6,15
Skulekapsitet (elevar)	1 210	650	975	1 060	1 010	1 075	1 160	875	590	510	400
Investering (mill. kr.)	310	372	310	389	192	400	293	549	385	337	392
Rente- og avdrag	19,31	23,21	19,31	24,29	11,98	24,94	18,28	34,23	24,02	21,03	24,43
Skyss (mill. kr.)	0,00	0,00	0,45	1,37	0,00	0,00	0,00	0,00	1,08	0,27	1,35
Byggdrift	16,51	11,35	17,42	15,03	13,16	18,06	20,25	14,53	10,26	9,03	7,93
Basis for kvar skule - innsparing			-1,10	-1,10	-1,10	-1,10	0,00	-2,20	-1,10	-1,10	-2,20
Basis adm. ressurs innsparing			-0,70	-0,70	-0,70	-0,70	0,00	-1,40	-0,70	-0,70	-1,40
Skulestruktur - innsparing organisering			-1,60	-5,00	-7,00	-2,20	2,20	-9,00	-4,40	-6,40	-8,20
Riving	0,00	0,00	0,00	12,00	7,50	4,25	0,00	21,25	5,00	4,50	9,50
Tomtesalg	0,00	0,00	0,00	-5,25	-12,00	-4,50	0,00	-5,25	-6,00	-3,00	-9,00
Planlegging etterbruk	0,00	0,00	0,00	0,50	0,50	0,00	0,00	0,50	0,00	0,50	1,00
Etterbruk	0,00	0,00	0,00	5,00	5,00	0,00	0,00	5,00	0,00	5,00	10,00
Kostnad mill. kr. pr. år	35,82	34,56	33,78	38,89	23,34	41,20	38,54	45,16	33,56	28,53	30,11
Differanse i forhold til øk.plan	12,44	3,28	10,39	11,75	-8,88	17,03	17,10	16,51	-1,93	-9,71	-9,07

- *Innsparing skulestruktur organisering er ein funksjon av stordriftsfordelar knytt til færre skular gjennom færre grupper, betre samordning av tidleg innsats, betre organisering av spesialundervisning, men justert mot lærarnorm (basert på elevtal 2030)*

Mange av alternativa har investeringsbehov som vi ikkje har økonomisk berekraft til å realisere.

Utfordringa er at økonomiplanføresetnadane ikkje held om vi skal halde fram med skulane vi har i dag. Analysen viser også at dei dyraste alternativa er å fordele elevar mellom krinsar på ein annan måte enn i dag, eller å bygge nytt. Dei store skulane som treng oppgradering er Krokane skule og Florø barneskule. Begge skulane kan oppgraderast til tilfredsstillande pedagogiske og bygningsmessige kvalitetar.

Av områdevurderingane vil det krevje økonomiplanføresetjingar utover dagens rammer om vi skal fordele elvar på ein slik måte at vi både får fleire elevgrupper/klassar, større areal å vedlikehalde og større oppgraderingar enn i billigare alternativ. Så lenge vi har skular som kan oppgraderast er dette betre enn å bygge ny stor skule.

Når det gjeld Måløy er det sett opp alternativet med ein skule slik ein på tilsvarande måte har vist konsekvensar av skulestorleik og investering ved berre to skular i Florø. Alternativa krev ny handsaming. Alternativa vert lagt fram fordi vi har utfordringar med å skissere konkrete og realistiske tiltak i samsvar med økonomiplanrammene.


I tabellen nedanfor har vi sett opp vilkår for sist vedteken økonomiplan. Det skal gjennomførast tilpassingar for 38,9 mill. kr. i 2028. Med unntak av tiltaka som vart greidd ut i samband med prosessen med Agenda Kaupang i 2024 manglar vi tiltak for 24 mill. kr.

Tabell: Vurdering av økonomiplaniltak opp mot områdealternativa

	2025	2026	2027	2028
Korrigert saldering vedtak 151/24), omstilling av sektoren	-4 076	-6 946	-7 945	-7 946
Omstilling av sektoren - utgreidd AK 2024	-3 000	-4 000	-5 000	-7 000
Demografi - redusert rammeoverføring	0	-6616	-14671	-24020
Sum øk.plan tiltak - krev tiltak	-7 076	-17 562	-27 616	-38 966
Utgreidd, og vedteke av kommunestyre, AK tiltak hausten 2024	-7 076	-10 946	-12 945	-14 946
Områdevurdering - Alt 3 område med Krokane skule lagt til Florø B				-8800
Områdevurdering - Alt 8 med Raudeberg lagt til Skram			-9710	-9710
Akkumulert	-7 076	-10 946	-22 655	-33 456

Tabellen illustrer at områdealternativ 3 og 8 nesten fullt ut vil løyse utfordringa. Dei andre alternative er dyrare når ein ser samanhengen mellom investeringar, klassar/grupper, lærarnorm og byggdrift. Vi kan stå ovanfor ein situasjon der vi ikkje har tiltak for innsparingar vedteke i økonomiplanen om vi ikkje gjer strukturendringar. Det er manglande tiltak, konkretisering og vurdering av demografieffekt på grunnskuleramma som er den viktigast faktor som gjer at økonomiplanen har overskride kommunen sin handleevne over tid (komm §14-1). Med dagens skulestruktur er det ikkje mogleg å fordele lågare tilskott over rammetilskottet utan at det vil komme i konflikt med lærarnorm, normale avsetningar til tilpassa undervisning og ein naturleg andel av elevar med spesialundervisning. Vi brukar dessutan så lite på vedlikehald at vi ikkje er i stand til å ivareta bygga.

Figur: Økonomiplanen sine forutsetningar – alternativ som oppfyller innsparingar i planen



8.8 Områdevurdering i Florø – med og utan skule - strukturalternativ

8.8.1 Oversikt


Vi har plass til om lag 1350 elevar i Florø og vil kanskje berre trenge 730 i 2030. Nesten 5 av 10 elevplassar kan for skuleåret 2030/2031 stå ledige.

	Kapasitet (tal elevar)	Elevtal 2030/2031	Investering
Florø barneskule	550	396	188
Krokane skule	*325	126	102
Torvmyrane skule	275	123	3
Brandsøy skule	185	84	0
SUM	1335	729	

* Krokane skule har større kapasitet med gamle areal- og funksjonskrav enn med nye.

Vi har lagt til grunn investeringar som skissert i utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dersom elevar frå Brandsøy eller Krokane skal nytte Torvmyrane skule som fellesskule må Torvmyrane skule byggast om. Dersom Krokane skule vert oppretthalden må skulen oppgraderast og byggast om. Krokane skule har plass til enten Brandsøy eller Torvmyrane etter eldre areal- og funksjonsprogram. Men med fleire elevar må skulen oppgraderer anlegget til nytt areal- og funksjonsprogram for fleire elevar. Florø barneskule har plass til fleire elevar, men også her vil nytt areal- og funksjonsprogram auke investeringa. Skal skulen halde fram som skule må ein gjennomføre investeringar i løpet av dei nærmaste åra. Både Florø B og Krokane er i mindre grad eigna i høve teknisk tilstand og funksjonelt bygg som pedagogisk arena.

8.8.2 Avstandar og trygg skuleveg



	Avstand. Gjennomsnittleg auke i tal meter til skulen
Florø	1600
Krokane	600
Torvmyrane	1200
Brandsøy	700

- Mellom barneskulane Krokane og Florø B. er avstanden 1,6 km. Elevane som må bytte skule, ein eller annan veg får då lengre avstand å gå eller sykle. Det er gang- /sykkelveg på heile strekninga. Elevar frå Hesteneset må krysse RV5.

- Mellom barneskulane Torvmyrane og Florø B. er avstanden 2,2 km i gjennomsnitt. Elevane som må bytte skule, ein eller annan veg får då lengre avstand å gå eller sykle. Det er gang- /sykkelveg, eller fortau, på heile strekninga.
- Mellom barneskulane Brandsøy skule og Florø B. er avstanden 5,7 km. Alle elevar må i buss om ein vel samanslåing av skulane.
- Mellom barneskulane Brandsøy skule og Torvmyrane skule er avstanden 4,0 km. Alle elevar må i buss om ein vel samanslåing her.
- Mellom barneskulane Brandsøy skule og Krokane skule er avstanden 5,2 km. Fleirtalet av elevane må i buss.
- Mellom barneskulane Krokane skule og Torvmyrane skule er avstanden 800 m. Høgdeforskjellen er omlag 100 m. Vegen er grusa og har lys.

Konklusjon med omsyn til reisetid og trygg skuleveg:

Flest mogleg skal ha akseptable reisetider for barn og foreldre og flest mogleg skal kunne gå til sin skule. Med bakgrunn i dette bør Florø barneskule ikkje leggst ned. Om lag 400 elevar vil få lengre gangveg om elevane frå Florø barneskule skal til Krokane skule. Barna på Krokane skule har akseptabel gangavstand til Florø barneskule og skule får akseptabel og trygg gangavstand til Krokane skule. Nei skule dei vert samanslått med. Fleire grunnkretsar på vestsida a akseptabel og trygg gangavstand. Kommunedirektøren si vurder ved Krokane skule i høve skuleveg.

Skule som blir lagt ned og tilført andre skular	Avstand i meter	Florø	Krokane	Torvmyrane	Brandsøy
Florø	1600	1600	3200	3800	5400
Krokane	600	2300	700	1900	5200
Torvmyrane	1200	3400	1900	1200	4700
Brandsøy	700	5200	5200	4700	700

Tabell viser summen av gjennomsnittleg avstand for elevane i dag og avstand til ny skule.

Grøn: Lågaste avstandar om skular blir lagt ned. Mellom Krokane og Torvmyrane er det kort avstand.

Gul : Det er mogleg for elevane frå Florø B å gå til Krokane, men omlag 400 elevar får 1,6 km lengre avstand til skulen.

Raud: Lengre avstand enn 4000 meter og rettigheit til skyss.

8.8.3 Konsekvensar av kapasitet – med og utan skule

For skuleåret 2024/2025 er det ein samla overkapasitet for dei 4 skulane på 511 elevar. Dersom ein framskriv elevtalet ut frå føresetnaden om at det er dei barna som er fødte i 2024 som går på skulane i 2030/2031 er det for dette skuleåret ein overkapasitet på 628 elevar. Dette tilseier at det må gjerast grep knytt til struktur. Det framtidige strukturgrepet må vere fleksibelt for å kunne handtere både vekst og ein eventuell vidare nedgang i elevtalet. Dei ulike skulane har om lag 20 elevar eller mindre i kvar klasse på dei ulike trinna. Dette gjeld òg Florø barneskule. Uavhengig av kva skular vi legg ned vil vi ha tilsvarende klassestorleikar.

Skuleåret 2024/2025			Samanslåing med skulen som består			
Skulen består	Elevtal	Kapasitet	Florø	Krokane	Torvmyrane	Brandsøy
Florø	423*	550	423	571	600	524
Krokane	148	325	571	148	325	249
Torvmyrane	177	300	517	325	177	278
Brandsøy	101	185	600	249	278	101
	732	1360				

*6 elevar frå Stavang er inkludert

Skuleåret 2030/2031			Samanslåing med skulen som består			
Skulen består	Elevtal	Kapasitet	Florø	Krokane	Torvmyrane	Brandsøy

Grøn : Kapasitet i bygget

Raud : Ikkje kapasitet utan vesentleg utviding

Torvmyrane har eit mindre ombyggingsbehov for å handtere ein full to-parallell skule enn Krokane som først må vesentleg oppgraderast.

Florø	394	550	394	526	517	477
Krokane	132	325	526	132	255	215
Torvmyrane	123	300	517	255	123	206
Brandsøy	83	185	477	215	206	83
	732	1360				

Elevar på ulike trinn i dei ulike strukturalternativa

Tabellen under baserer seg på tal barn i dei ulike årstrinn skuleåret 2024/2025. I tillegg kjem elevar frå Stavang som ikkje er lagt til. Framskriving til 2030/2031 er basert på ein variabel: Dei barna som er født i skulekretsen blir verande der.

2030/2031	Kapasitet	7. klasse	6. klasse	5. klasse	4. klasse	3. klasse	2. klasse	1. klasse	Sum
Raudeberg skule	190	6	4	7	8	7	8	10	50
Skavøypoll skule	210	21	15	14	13	13	20	12	108
Skram skule	250	28	23	28	33	25	21	16	174
Skram+Raudeberg	250	34	27	35	41	32	29	26	224
Skram+Skavøypoll	250	49	38	42	46	38	41	28	282
Skavøypoll + Raudeberg	210	27	19	21	21	20	28	22	158
Raudeberg + Skavøypoll	190	27	19	21	21	20	28	22	158
Skram+Raudeberg+Skavøypoll	250	55	42	49	54	45	49	38	332
Torvmyrane skule	300	16	24	15	18	14	16	20	123
Krokane skule	325	18	13	26	17	14	22	16	126
Florø barneskole	550	62	50	51	66	50	54	63	396
Brandsøy skule	185	6	16	12	11	11	15	13	84
Torvmyrane+Brandsøy	300	22	40	27	29	25	31	33	207
Krokane + Florø barneskole	Ny	78	74	66	84	64	70	83	519
Florø barneskole+Krokane	550	80	63	77	83	64	76	79	522
Krokane +Torvmyrane	325	34	37	41	35	28	38	36	249

Konklusjon med omsyn til kapasitet

Florø barneskole kan ta imot elevar frå ein av dei tre andre barneskulane. Krokane kan ta imot elevane anten frå Torvmyrane eller Brandsøy skule. Torvmyrane skule kan ta imot elevar frå Brandsøy skule med ei mindre ombygging. Krokane skule har kapasitet til å ta imot delar av elevane på Florø barneskole, men skulen må rehabiliterast. Brandsøy og Torvmyrane skule kan ta imot elevar frå delar av dei andre skulane.

Nedlegging av ein eller fleire av skulane bør gjennomførast for å ha ein betre samanheng mellom elevtalsgrunnlag, kapasitet og demografitilpassing.

8.8.4 Konsekvensar knytt til uteområde

Det ligg ikkje føre eigen statleg utandørs arealnrm, men det er gjeve anbefalingar om storleik. Det er no sett i gang ein prosess med å sjå på arealbruk utandørs.

	Kapasitet	Uteareal (ca)	MUA (Minste uteareal/elev (m2))
--	-----------	---------------	---------------------------------

Florø	550	7900 + 6300	26 + friareal og park
Krokane	325	12200	38
Torvmyrane	300	7800	26
Brandsøy	185	9250	50

I NMBU-rapporten 2019 «*Uteområder i skoler og barnehager- hvordan sikre kvalitet i utformingen*» er det gitt råd om 30 kvm. pr. elev for større skuleanlegg. Rapporten har som eit mål å gje innhald i uteområde og gjere det mogleg å seie noko om korleis planlegging av uteområda kan gjennomførast. I detaljreguleringsplan for Hans Blomgt. er det opna for å ta bruk friområde kring skulen som gjer at ein kan stette rådet. Kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy har krav til byggehøgde som kan gjere det meir utfordrande med nye anlegg og utbygging her. Torvmyrane har tilgrensande friareal, som vi må vurdere føringar i arealplan for. I samband med politisk handsaming av områdeplan må vi koma attende med meir omfattande vurderingar.


8.9 Områdevurdering i Måløy – med og utan skule - strukturalternativ

8.9.1 Oversikt

	Kapasitet (tal elevar)	Elevtal 2030/2031	Investering
Skram skule	250	174	330
Raudeberg skule	190	50	6
Skavøypoll skule	210	108	37
Skram (400)	400	334	380
SUM	650	334	

Vi har plass til omlag 650 elevar i Måløy og vil kanskje berre trenge om lag 330 i 2030. Nesten 5 av 10 elevplassar kan for skuleåret 2030/2031 stå ledige.

8.9.2 Avstandar og trygg skuleveg



		Skavøypoll	Skram	Raudeberg
Skavøypoll	1100	1100	5400	11800
Skram	750	750 (10 min)	750 (10 min)	750 (25 min)
Raudeberg	750	11800	6900	750 (15 min)

Uavhengig av kva alternativ ein vel så er det korte tilleggsreisetider for skuleveg med buss.

8.9.3 Konsekvensar av kapasitet – med og utan skule

For skuleåret 2024/2025 er det ein samla overkapasitet for dei 3 skulane på 200 elevar. Dersom ein framskriv elevtalet ut frå føresetnaden om at det er dei barna som er fødte i 2024 som går på skulane i 2030/2031 er det for dette skuleåret ein overkapasitet på 316 elevar. Dette tilseier at det må gjerast grep knytt til struktur. Det framtidige strukturgrepet må vere fleksibelt for å kunne handtere både vekst og ein eventuell vidare nedgang i elevtalet.

Skuleåret 2024/2025			Samanslåing med skulen som består		
Skulen består	Elevtal	Kapasitet	Skram	Raudeberg	Skavøypoll
Skram	241	250	241	324	367
Raudeberg	83	190	324	83	209
Skavøypoll	126	210	367	209	126
	450	650			

Skuleåret 2030/2031			Samanslåing med skulen som består		
Skulen består	Elevtal	Kapasitet	Skram	Raudeberg	Skavøypoll
Skram	174	250	175	225	284
Raudeberg	50	190	225	50	159
Skavøypoll	108	210	284	159	109
	332	650			

Grøn : Kapasitet i bygget

Raud : Ikkje kapasitet utan vesentleg utviding

Gul: Krev ny politisk handsaming

Konklusjon med omsyn til kapasitet

Nedlegging av ein eller fleire av skulane bør gjennomførast for å ha ein betre samanheng mellom elevtalsgrunnlag og kapasitet. Skram skole kan etter nokre år ta imot elevane frå Raudeberg skule. Tilsvarende vil både Raudeberg og Skavøypoll kunne slåast saman til ein skule lokalisert anten til Skavøypoll eller Raudeberg. Sidan kommunedirektøren er beden om å vurdere alle område med/utan skule er det teke med også eit alternativ for mogleg utbygging av Skram med etg. som kan planleggast og fullførast i forlenging av eksisterande prosjekt.

Elevar på ulike trinn i dei ulike strukturalternativa

Tabellen under baserer seg på tal barn i dei ulike årstrinn skuleåret 2024/2025. I tillegg kjem elevar frå Stavang som ikkje er lagt til. Framskriving til 2030/2031 er basert på ein variabel: Dei barna som er fødte i skulekretsen blir verande der.

2030/2031	Kapasitet	7. klasse	6. klasse	5. klasse	4. klasse	3. klasse	2. klasse	1. klasse	Sum
Raudeberg skule	190	6	4	7	8	7	8	10	50
Skavøypoll skule	210	21	15	14	13	13	20	12	108
Skram skule	250	28	23	28	33	25	21	16	174
Skram+Raudeberg	250	34	27	35	41	32	29	26	224
Skram+Skavøypoll	250	49	38	42	46	38	41	28	282
Skavøypoll + Raudeberg	210	27	19	21	21	20	28	22	158
Raudeberg + Skavøypoll	190	27	19	21	21	20	28	22	158
Skram+Raudeberg+Skavøypoll	250	55	42	49	54	45	49	38	332

Torvmyrane skule	300	16	24	15	18	14	16	20	123
Krokane skule	325	18	13	26	17	14	22	16	126
Florø barneskole	550	62	50	51	66	50	54	63	396
Brandsøy skule	185	6	16	12	11	11	15	13	84
Torvmyrane+Brandsøy	300	22	40	27	29	25	31	33	207
Krokane + Florø barneskole	Ny	78	74	66	84	64	70	83	519
Florø barneskole+Krokane	550	80	63	77	83	64	76	79	522
Krokane +Torvmyrane	325	34	37	41	35	28	38	36	249

8.9.4 Konsekvensar knytt til uteområde

Det ligg ikkje føre eigen statleg utandørs arealnrm, men det er gjeve anbefalingar om storleik. Det er no sett i gang ein prosess med å sjå på arealbruk utandørs.

	Kapasitet	Uteareal (ca)	Uteareal/elev ved full kapasitet (m2)	Estimert behov uteareal ved full kapasitet (50 m ² /e)
Skram	250	5700	23	12500
Raudeberg	190	6000	32	9500
Skavøypoll	210	13700	65	10500

I NMBU-rapporten 2019 «Uteområder i skoler og barnehager- hvordan sikre kvalitet i utformingen» er det gitt råd om 30 kvm. pr. elev for større skuleanlegg. Reguleringsplan for Skram skole opnar for større skule og det er kjøpt tilgrensande områder som ein på eit seinare tidspunkt kan vurdere å opparbeide. Dei andre skulane har tilfredsstillande areal. ([Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger](#))

Tidlegare rettleiar har hatt ei anbefaling om 50 kvm. uteareal ved planlegging av nye skular. Etablerte byskular vil har store utfordringar med å møte slike tilrådingar og det har difor vore uttalt at 18 kvm pr. elev i by eller tettbygd strok kan vere ei føremålstenleg tilråding i område med knappe tomtestorleikar.

Uansett er det avgjerande at kvaliteten og variasjonen i skulane sine uteareal er gode.

8.10 Oppsummering av verknader av alternativ

Det har vore lagt ned eit stort arbeid i å kartlegge geografiske spesifikke kjenneteikn knytt til områda som i dag har skule, og korleis ei mogleg skulenedlegging vil, og kan påverke utvikling av eit område. Skulen har ein viss plass som samlingsarena, men med så små forhold som vi har i Florø og Måløy vil ein likevel kunne få attende slike relasjonar i ein ny krins. Som det er peika på i analysen er barn og vaksne si fritid, kultur m.m. i større grad frikopla frå nærskulen. Her er idrettslag, hallar og andre arena vel så samlande som den spesifikke skulen, og desse tilboda er heller ikkje alltid områdespesifikke. Det er vanskeleg å sjå at tilhøve som arbeidsplass, bustad og anna service skulle bli vesentleg påverka negativt av ein mogleg endra skulestruktur. Elevane i Kinn får heller ikkje vesentleg utvida reisetid utover retningslinjene om det no blir valt å fase ut eitt eller fleire av skulebygga. Flest elevar blir råka om Florø barneskule skulle bli den skulen i Florø som blir lagt ned. Vi har heller ikkje haldepunkt for at elevar vil få meir utrygg skuleveg, men det må likevel gjerast ei meir detaljert kartlegging for ev. valde alternativ. Alle vegar, stiar og gangvegar i Måløy og Florø blir i dag nytta av barn, unge og vaksne i høve fritidsaktivetar, skule m.m. Avstandane våre er små og potensialet i alle område er store og rommar mange individuelle moglegheiter til å realisere gode liv, sjølv om det vert fatta vedtak om å fase ut eit skulebygg. Vi er heller ikkje kjend med at skulestorleik har avgjerande innverknad på miljø og læring. Referansar vi har henta tyder ikkje på at det er skulestorleik som er den mest avgjerande faktoren for trivsel, læring og miljø. Både Skram skule og Florø barneskule har hatt eit elevtal for få år sidan som liknar det mogleg samanslåtte skular kan få. Det er i samband med rapporten gjort nye litteratursøk. Like avgjerande framover no vil vere at vi er ein rekrutteringssituasjon der vi må ha profesjonelle fagfellesskap som er tilpassa unge, nyutdanna lærarar. Analysen viser at vi kan dekke inn investeringskostnader med færre bygg, tilpasse oss lågare inntekter med elevtal og få oppdaterte læringsareal. Her ligg det ein stor velferdsgevinst gjennom større moglegheiter for tilpassa undervisning i areal som er oppgradert.

Kostnadane med å halde overkapasitet i skulebygg og ikkje kunne vedlikehald dei er, og vil vere, ei stor utfordring i ein stram økonomi.

Når vi vektar faktorane mot kvarandre ser vi at alternativ 3 i Florø, der Krokane skule vert nedlagt og elevane flytta til Florø barneskule, og alternativ 8 i Måløy der Raudeberg skule vert nedlagt og elevane flytta til nye Skram skule, gjev best tilpassing av ressursane, med færrest mogleg samfunnsmessige og velferdsmessige tap. Kommunestyret vil ta stilling til dei ulike alternativa etter høyring av dokumentet.

Alternative tilpassingar gjer at økonomiplanen sine føresetnader ikkje kan oppnåast, noko som betyr at vi har ein økonomiplan som ikkje er i samsvar med kommunelova §14-1 om økonomiske bereevne. Økonomiplanen har vedteke nedtrekk i rammene til grunnskule som ikkje kan gjennomførast utan at drifta vert i strid med opplæringslova.

- Vesentlege større utgifter enn i økonomiplan - Ikkje tilpassing til lågare inntekter til grunnskulen - Investeringskostnader vi ikkje har bereevne til/som gir for lite uttelling - Negativ effekt for profesjonsfellesskap
- Fleire elevar må ta buss/ auka gang- og sykkelavstand opp mot 4 km - Auke i utgifter i forhold til økonomiplanen - Investeringsauke som vi kan forsvare fordi det gir gode driftsverknader - Moderat effekt for profesjonsfellesskap
- Liten eller ingen auke i gang- og sykkelavstand - God effekt i forhold til tilpassing til lågare inntekter til grunnskulen - Mindre utgifter enn i økonomiplanen - Investeringar som ligg inne i økonomiplanen eller som gir god effekt for drift - God effekt for profesjonsfellesskap - God verknad for læringsmiljø for elevane - Få punkt med negativ verknad for samfunnsutviklinga

	Kapasitet	Skuleveg og skyss	- Mindre/ + Større utgifter enn øklplan.	Tilpassing til fallande inntekter til grunnskule- sektoren	Investerings- verknader Mill. kr.	Profesjonelle fellesskap for tilsette	Gode lærings miljø for elevane	Verknader for samfunns- utviklinga i områda	Sum verknad
1 Florø B, Torvmyrane og Krokane	975		10,39		310				Negativ øk. og lite fagleg gevinst
2 Krokane, Brandsøy, Torvmyr.	1 060		11,75		389				Negativ øk. og lite fagleg gevinst
3 Florø B, Torvmyrane, Brandsøy	1 010		-8,88		192				Fagleg gevinst og god økonomiske eff.
4 Florø B, Krokane, Brandsøy	1 075		17,03		400				Negativ øk og lite fagleg gevinst
5 Fordeling av elevar mellom skulane	1 160		17,10		293				Negativ øk og lite fagleg gevinst
6 2 skular i Florø (ny skule i Florø)	925		16,51		540				Negativ øk og lite fagleg gevinst
7 Skram og Raudeberg	590		-1,93		385				Tilfredsstillande effekt
8) Skram og Skavøypoll	510		-9,71		373				Fagleg gevinst og god økonomiske eff.

9) Skram (1 skule i Måløy)	400		-9,07		392				Fagleg gevinst og god økonomiske eff.
0) Florø som i dag	1 210		12,44		310				Negativ øk og lite fagleg gevinst
0) Måløy som i dag	650		3,28		372				Negativ øk og lite fagleg gevinst

9. Prosess

Hovudtema	Tidsplan
Utkast til grunnlag for områdeplanlegging med og utan skular i alternativ M1	Ok-utvalet i 25.februar, Formannskap 4. mars
Involvering av FAU og tilsette ved skulane	Møte med FAU, 5. mars
Vedtak om høyring av utgreiinga	Formannskap 3. april
Høyring i 5 veker frå 4. april til 9.mai Involvering av lokalsamfunn, FAU og tilsette ved skulane	4. april til 9.mai
Vedtak som vedlegg til samfunnsdelen	Hovudutval 3. juni, formannskap 10. juni, kommunestyre 12. juni

10. Vedlegg Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår.

[Korleis produsere grunnskuletenester med lik kvalitet med mindre ressursar](#)

[VEDLEGG Tilleggsanalysar RAPPORT: Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår](#)

[Kartfortelling](#)

[Kommuneplanen sin arealdel, under arbeid](#)

[Kostra-analyse](#)

Forstudie rapport frå Norconsult: [Florø barneskole og Krokane skule – Hovudgrep](#)